



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Forvaltningsutvalet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda Rådhus
Dato: 12.06.2018
Tid: 13:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentlig ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 44/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 45/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 46/18	Kartlegging av veglys på kommunale vegar
PS 47/18	Skiltplan for Botnavegen
PS 48/18	Skiltplan for prosjekt Skulebakken
PS 49/18	Fellingsløyve hjort 2018, til vald utan bestandsplan
PS 50/18	Bestandsplan for hjort 2018-2020. Kilsfjord storvald
PS 51/18	Bestandsplan for hjort 2018-2020 - Folkestad jaktforvaltning
PS 52/18	Bestandsplan for hjort 2018-2020. Dalsbygd hjortevald
PS 53/18	Revidering av bestandsplan for Ytre Dalsfjord Utmarkslag og Nøre Bjørkedal
PS 54/18	Merkeprosjektet - Merking av hjort Volda kommune
PS 55/18	Bom og bompengavgift på Ulvestadvegen
PS 56/18	Søknad om dispensasjon frå 100-metersbeltet, gbr. 42/3, Volda kommune
PS 57/18	Søknad om dispensasjon frå kommunedelplan, gbr. 35/14 i Aldalen
PS 58/18	Orienteringssaker
OS 15/18	Vannscooter – hvilke muligheter har kommunene til å regulere/diskriminere

PS 44/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 45/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Edvin Løfoll

Arkivsak nr.: 2018/353

Arkivkode: Q02

Utvalsaksnr **Utval**
46/18 Forvaltningsutvalet

Møtedato
12.06.2018

KARTLEGGING AV VEGLYS PÅ KOMMUNALE VEGAR

Administrasjonen si tilråding:

Det bør gjennomførast ei prioritering av strekningane sett opp mot trafikktryggleik og mengde av ferdsel både i høve biltrafikk og gåande/syklende.

Då det er svært knappe ressursar til dette i dag, må det løyvast pengar til å leige eksterne til slik kartlegging/vurdering.

Vedleggsliste:

Nr 1: «oversiktsliste nye veglys i Volda»

Samandrag av saka:

Kommunestyret gav Forvaltningsutvalet i oppdrag å kartlegge manglande veglys langs kommunale vegar i samarbeid med grendautvala. Utgangspunktet var å betre trafikktryggleiken. Kommunalteknisk har fått innspel frå stort sett alle grendautvala, samt nokre private innspel som kom etter at saka vart omtala i lokale medie. Vidare har Teknisk i tillegg lagt ved nokre manglande strekningar som ein meiner er viktig å prioritere. Alt er samla i eit rekneark (vedlagt) der ein har kostnadsrekna men ikkje prioritert strekningane.

Saksopplysningar/fakta:

Kommunalteknisk har vore i kontakt med BKK Enotek og henta «budsjettprisar» for ulike typar veglys oppsett (tremast – stålmast – eksisterande rør osv...).

Dette er det vist til i vedlegget. Det er verd å merke seg at det er tydelege signal frå sentralt hald om at veglys i framtida skal målast i høve energiforbruk. Dette er det lagt opp til med dei fleste nye strekningane som er medtekne her.

Lista som er vedlagt er ikkje prioritert. Det har ikkje vore kapasitet hjå teknisk å gjere dette no, men det bør truleg gjerast då summen på lista er relativt høg.

Det som er innmeldt frå private er medteke og merka under «raud tekst». Det same er kommunalteknisk sine val i høve lista.

Vurdering og konklusjon:

Kommunalteknisk meiner at det bør gjennomførast ei prioritering av strekningane sett opp mot trafikktryggleik og mengde av ferdsel både i høve biltrafikk og gåande/syklande. Då det er svært knappe ressursar til dette i dag, bør det løyvast pengar til å leige eksterne til slik kartlegging/vurdering.

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune.

Helse og miljøkonsekvensar:

Fleire av strekningane vert vurdert å medføre auke i trafikktryggleik, andre er truleg å oppfatte som eit positivt tiltak og betrar den generelle tryggleiksopplevinga ved å ferdast ute.

Økonomiske konsekvensar:

Sjå vedlagde rekneark som syner om lag kr 13.000.000,- (eks.mva.)

Beredskapsmessige konsekvensar:

Relativt små, men i nokon grad positive

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

Oversiktsliste nye veglys i Volda - 2019

Stad:	Type 1:	Type 2:	Type 3:	Type 4:	Type 5:	S.skap:	Samla kostnad:
Kornberg - Nautvika (lengde 500m)			10			1	210 000
Ytrestøyl - Morkabrauta (lengde 2,1km)			47			1	876 000
Mork - Furene (lengde 150m)			4				72 000
Krys i Furene (mot E39)					2		132 000
Parkeringsplass v/Mork barnehage					4		264 000
Mork - v/snuplass - Reset					1		66 000
Austefjord - Hamrevege			4				72 000
Austefjord - Timbreneset (lengde ca 320m)			7			1	156 000
Austefjord - Solsida (lengde 1km)			22			1	426 000
Austefjord - Skarevege til Åslida (lengde 1,4km)			31			1	588 000
Austefjord - Gjersdalsvege frå E39 til Sundalsvege (1,3km)			29			1	552 000
Austefjord - Kolfossvege (lengde 400m)			8			1	174 000
Austefjord - Månaneset (lengde 250m)			5			1	120 000
Sundalsvege ????							
Hjartåbygdvege (lagt rør og nedsett fundament - ca 950m)				19		1	315 000
Hjartåbygdvege frå tidl.FV og ned til Hjorthaug - ca 900m)			18			1	354 000
Hjartåbygda - Reitane (lengde 450m)			9			1	192 000
Hjartåbygdvege frå avkj.E39 - til Ervik vatnet (lengde 800m)			16			1	318 000
Punktbelysning - Bratteberg					4		264 000
Folkestad - Stigen til idrettsplassen (lengde 520m)			11			1	228 000
Folkestad - Åsebøen til Vollane (lengde 550m)			11			1	228 000
Steinsvika - Åmelfotdalen			2				36 000
Vikebygda - Høgtunvege (lengde 100m)			2				36 000
Vikebygda - Driveklepp (lengde 1000m)			22			1	426 000
FV 45 ???							
Høydalen - ytre Høydal			8			1	174 000
Høydalen - Dalevege			27			1	516 000
Kalvatn - Månaneset			5			1	120 000
Kalvatn - Månaneset-Kolfossvege			25				450 000
Lauvstad - Vollane			12			1	246 000
Lauvstad - Kaivege			5			1	120 000
Lauvstad - Nakkevege			18			1	354 000
Lauvstad - Koppevege			18			1	354 000
Lauvstad - Åsevege			13			1	264 000
Lauvstad - Torvika			13			1	264 000
Lauvstad - Dalsfjordvege langs hamna			5			1	120 000
Dalsbygda - Rossetvika			10			1	210 000
Dalsbygda - Dalsbygdvege			27			1	516 000
Dalsbygda - Myraskogane			4				72 000
Dalsbygda - Veste Dalsbygdvege			9				162 000
Dalsfjordvege - FV40???							
Dalsfjord skule			5			1	120 000
Dalsfjord - Myragjerdet - turveg			10			1	210 000
Innmeldt frå private:							
Lerkevege					3	1	228 000
Lidavege (FV47 - busslomme - trafikk sikring)			2			1	66 000
Bøgardsvege					1	1	96 000
Innmeldt frå administrasjonen:							
Myravege				5	4	1	369 000
Gamletunvege	4					1	78 000
Gamlevege				4		1	90 000
Bjørnevege					15	1	1 020 000
Gangveg langs Elvadalen frå E39 og til ny parsell (21-22 stk)						1	700 000
Kostnader totalt:							13 024 000

Type veglys:	
Type 1: Komplette veglys LED, inkl 6-8m stål mast mont. på eks. fundament og kabel ferdig trekt	12000
Type 2: Nytt LED veglys i eks. tre-stolpe og leidningsanlegg (luft) til næraste veglys ca 50-70m	14000
Type 3: Komplette vegslys LED, inkl 6-8m tre stolpe og leidn.anl. (luft) til næraste lys ca 50-70m	18000
Type 4: Komplette veglys LED, inkl 6-8m stål mast og leidningsanlegg trekt i eks. rør 45 – 60m	15000
Type 5: Komplette veglys LED, inkl 6-8m stål mast og leidningsanlegg (grøft) til næraste veglys ca 50-70m	66000
Styreskap	30000



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Pål Are Vadstein

Arkivsak nr.: 2014/1745

Arkivkode: Q14

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

47/18

Forvaltningsutvalet

12.06.2018

SKILTPLAN FOR BOTNAVEGEN

Administrasjonen si tilråding:

Administrasjonen tilrår at vedlagt skiltplan for Botnavegen, datert 20.06.2016, revidert 04.06.2018, vert vedteke godkjend som gjeldande skiltplan for Botnavegen.

Saksopplysningar/fakta:

I samband med prosjekt «Utbetring Botnavegen», vert det her lagt fram forslag til ny gjeldande skiltplan for Botnavegen, frå avkøyrsløp til Vikebygdvegen i nord og ned til snuplass ved Botnasanden i sør. Vegstrekinga er på omlag 2 km.

I skiltplanen inngår det totalt fire skiltkategoriar:

- ✓ Vikeplikt- og forkøyrsskilt
- ✓ Fareskilt
- ✓ Forbodsskilt
- ✓ Opplysningsskilt

Vegen er dimensjonert for 50 km/t. I vurdering av skiltplanen har vi teke omsyn til lokale tilhøve på vegstrekket. Sjølv om utbetra veg både er breiare, meir oversiktleg og betre opplyst, så må ein framleis vere medvit at vegen er ein mykje nytta turveg. I tillegg til at aktivitet frå golfbane og ridebane i området vil medføre kryssande trafikk.

I samsvar med reguleringsføresegner set vi fartgrense 40 km/t på strekket kryss Botnavegen-Vikebygdvegen i vest, til kryss markavegen-Botnavegen lenger aust. Her har vi ein kort sving vest for Rotevasselva, og vegen skjær gjennom eit klynge- og tunmiljø. Sjølv om vi har både gangveg og god lyssetjing langs vegen her, så må ein pårekne aktivitet frå bygningar som medfører relativt ofte trong for kryssing av vegen. Å setje noko lægre fartsgrense enn 50 km/t på dette strekket vil vere naturleg.

Derifrå og ned til Storelva er det meir spreidd busetnad og vegen har her ein oversiktleg kurvatur. Også her er mjuke trafikkantar separert frå motorisert trafikk med kantstein og ein høvesvis brei gangveg. Det er god lyssetjing av vegen. På dette vegstrekket har vi også to

skilta møteplassar. Dette tilseier at ein på dette strekket kan auke noko fartsgrensa, men grunna det store tal mjuke trafikkantar som fortsatt er venta på/langs vegen, så må ein avgrense auken og gjere motoriserte trafikkantar medvit på ei absolutt maks grense her. 50 km/t vil etter vår meining vere høveleg å skilte dette strekket som.

Frå Storelva og vidare forbi tunet på gbr. 28/2-8, er det derimot grunn til å setje relativt låg fartsgrense. Også her skjær vegen etter kvart gjennom eit tun, i ein noko uoversiktleg kurvatur. I tillegg til at vi forventar ofte kryssing av vegen frå personar som spelar golf, då banen ligg på begge sider av vegen. Dessutan vert ikkje vegen frå Storelva til Botnasanden like brei som vegen frå Storelva til FV45. Det vert ikkje gangveg her, og heller ikkje så tett mellom veglysa. Vi etablerer fartsdempar ved bustadhuset på gbr. 28/2-8 og set fartsgrensa til 40 km/t.

Lenger sør for dette tunet flatar kurvaturen ut, vegen vert meir oversiktleg og ein er etter kvart utanfor golfområdet. Busetnaden er framleis spreidd. Vi vurderer det som at strekket herifrå og vestover til Botnasanden er eigna for fartsgrense 50 km/t. I overkant av 400 m før enden av den kommunale vegen, set vi opp skilt som opplyser om blindveg, og vidare stengt for biltrafikk. Snuplass ved Botnasanden skiltast som snuplass og parkering forbode.

Vi meiner at denne skiltplanen er forsvarleg utifrå den nye standarden på Botnavegen. Fartsgrense 50 km/t må vere maksgrense på vegstrekket. Samstundes er det viktig å senke fartsgrensa til 40 km/t der vegen skjær gjennom tunmiljø og golfbane. Å setje heile vegstrekket frå fylkesvegen til Botnasanden til fartsgrense 40 km/t er drøfta i dette arbeidet. Konklusjonen er likevel at 40 km/t samanhengande over 2 km vegtrasé forbi hovudsakleg spreidd busetnad, ikkje harmonerer i dette tilfellet. Dessutan kan ein ved å setje lik fart på heile strekket, miste effekten der vi faktisk no har teikna inn 40 km/t fartsgrense. Det er viktig at trafikkantar senkar farten forbi desse stadane.

Vurdering og konklusjon:

Dette er ikkje ein veldig omfattande skiltplan, men det er like fullt gjort grundige vurderingar i arbeidet med den. Skiltplanen slik den framstår i dette saksframlegget er revidert 2 gongar. Dvs. at dette er det tredje forslaget som er laga sidan oppstart prosjektering. Vi meiner no at denne skal vere klar til godkjenning.

Vedleggsliste:

Teikn.nr.:	Tittel	Målestokk	Teikn.dato	Format	Revisjon A	Revisjon B
L-101	Skiltplan, nr1 - nr10 og 21-22	1:1000	20.06.2016	A1	05.05.18	04.06.18
L-102	Skiltplan, nr14 - nr20 og 23-26	1:1000	20.06.2016	A1	05.05.18	04.06.18
L-103	Skiltoversikt		20.06.2016	A4	05.05.18	04.06.18
L-104	Skiltplan, nr 27 - nr29	1:500	04.06.2018	A3		

Rune Totland
teknisk sjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak: Administrasjonen.





Skiltoversikt						
Posisjonsnummer	skiltteikning	Skilt nr.	Størrelse	Folieklasse	Antall	Merknad
③		202	LS	2	1	Eksisterende skilt
④ ⑥ ⑮ ⑯ ⑱ ⑲ ⑳		362	LS	1	4	
⑦ ⑧		362			2	Eksisterende skilt
⑤ ⑰ ㉒ ㉓ ㉔ ㉕		362	LS	1	6	
⑨ ⑩		524	LS	1	2	
⑭		527_3	500 x 600	1	1	
⑰ ㉑		109	LS	1	2	
㉒		372_0	LS	1	1	
㉓ ㉔	SNUPLASS og PARKERING FORBODE	Underskilt	70mm teksthøgde	1	2	

➤ Dokumentasjon

➤ **Arbeidsteikning**

➤ Anbudsteikning

➤ Søknadsteikning

➤ Planframlegg

➤ Skisse

b	Fjerning av skilt og tillegg av skilt	TL	04.06.2018
Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato

Prosjektnamn:

Botnavegen

Oppdragsgivar:

 **Volda kommune**


mulvik

Per Mulvik AS
Holmen 7
6100 Volda

Heimeside: www.mulvik.no
Org.nr: 941 987 516
Sentral: 70 07 49 90

Direkte: 70 07 49 95
Mob: 41 69 76 25
E-post: tore@mulvik.no

Tittel:

Skiltoversikt

Ansv: **RIB**

Teikna av: TL

Dato: **20.06.2016**

Konfr.av: **AN**


Dato: **21.06.2016**

Prosjektnr.:
2340

Teikn.nr.:
L103

Målestokk:

Rev
b



Dokumentasjon			
Arbeidsteikning			
Anbudsteikning			
Søknadsteikning			
Planframlegg			
Skisse			
Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev dato
Prosjektnamn: Botnavegen			
Oppdragsgiver:  Volda kommune			
			
Per Mulvik AS Holmen 7 6100 Volda		Heimeside: www.mulvik.no Org.nr: 941 987 516 Sentral: 70 07 49 90	
		Direkte: 70 07 49 95 Mob: 41 69 76 25 E-post: firmapost@mulvik.no	
Tittel: Skiltplan Nummer 27 - nummer 29		Ansv: RIB Teikna av: TL Dato: 04.06.2018 Kontr.av: Dato:	
Prosjektnr.: 2340	Teikn.nr.: L104	Målestokk: 1:500	Rev b



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Pål Are Vadstein

Arkivsak nr.: 2012/1980

Arkivkode: 2010021

Utvalsaksnr **Utval**
48/18 Forvaltningsutvalet

Møtedato
12.06.2018

SKILTPLAN FOR PROSJEKT SKULEBAKKEN

Administrasjonen si tilråding:

Administrasjonen tilrår at vedlagt skiltplan for prosjekt Skulebakken, datert 05.06.2018, vert vedteke godkjend som gjeldande skiltplan.

Saksopplysningar/fakta:

I samband med prosjekt Skulebakken, vart det bygd ny vegtrasé ved Ulvestad og Haugen på Lauvstad. Ny veg for motorisert ferdsel vart etablert i oversiktleg kurvatur frå barnehagen, vidare bak/vest for skulen og opp til krysset der ein kan ta av mot Ulvestadsetra. På eksisterande veg vart gjort små justeringar i vestenden, og vegen vart omklassifisert til gang- og sykkelveg.

I skiltplanen inngår det totalt tre skiltkategoriar:

- ✓ Fareskilt
- ✓ Forbodsskilt
- ✓ Opplysningsskilt

Noko særskild fartsgrense er ikkje forankra i reguleringsplan for vegen og/eller tilhøyrande plandokument. Utarbeiding av skiltplan er såleis ikkje bunden av slike føringar. Med ny køyreveg og eigen gang- og sykkelveg, har ein i alle høve fått ein ny trafikksituasjon i området ved skulen og barnehagen.

Det er ført meir trafikk inn på Ulvestadvegen der den passerer barnehagen, men dette har til gjengjeld medført mindre trafikk på vegen aust for barnehagen. Med ny veg er det etablert trafikk bak skulen inn til skulens uteområde. Samstundes har elevar fått tryggare skuleveg med eigen gang- og sykkelveg.

I området er det eit oversiktleg trafikkbilete, med spreidd busetnad, få avkøyrslar og generelt relativt lite trafikk. Etablering av veglys var inkludert i prosjektet, og ny veg er såleis godt lyssett. Grunna bratte skråningar er det montert bilrekkverk på delar av traséen mot skuleområdet.

Då vegprosjektet har medført meir trafikk langs barnehageområdet nordside, der det både er inngang og utvendig leikeareal, vurderer vi det som formålstenleg å skilte dette strekket på Ulvestadvegen med 30-sone. Utearealet til barnehagen er skild frå vegen med nytt gjerde. Veganlegget kjem likevel så nært dette miljøet at ein bør gje forbod mot å halde fart over 30 km/t. Det er også eit T-kryss i området, Ulvestadvegen-Haugevegen. Ved fartsgrense 30 km/t er det normalt naudsynt med fartsdempande tiltak, men grunna relativt liten mengde trafikk på denne vegen, er det ut ifrå ei kost-nytte-vurdering vurdert at ein ikkje set i verk slike tiltak no. Om erfaringa etter kvart tilseier trong for dette, så må ein ta ei ny vurdering på det seinare.

Frå krysset Ulvestadvegen-Haugevegen, og vidare mot sør og vest er vegen bygd i fin kurvatur og stigning til kryss lenger oppe i Haugevegen. Her passerer ein skulen på baksida, bort frå det opparbeidde leikearealet. Likevel kan ein tenkje seg at bakkane bak skulen er populær til aking o.l. vinterstid. Der vegen skjær desse bakkane er der ingen avkøyrslar inn på samlevegen, og her er eit ope trafikkbilete. Det er lagt til rette for at mjuke trafikkantar skal trafikkere på eigen veg. Fartsgrense 50 km/t vil etter vår meining vere høveleg å skilte dette strekket som.

Den kommunale vegen parallelt med FV652, er ein tilkomst til skulens inngangsparti i aust og sør. Her møter den også gang- og sykkelvegen, og tilkomstvegen endar her. Difor vil vi setje opp eit skilt som opplyser om blindveg, og vidare stengt for biltrafikk. Eit slikt skilt plasserer vi vel 100 m før enden av vegen i vest, der den går over til å vere skilta gang- og sykkelveg.

Rett vest for barnehageområdet er det ein liten parkeringsplass. Offisielt er dette ein felles parkeringsplass for skule og barnehage, og dette arealet vert skilta som parkeringsplass. Internt vegsystem til skulebygninga vil ha tilkomst via dette parkeringsarealet.

Resten av skilta i planen er gjeld stadnamn og vegnamn. Vi skiltar med pil til Ulvestadsetra, og markerer vegnamna Ulvestadvegen og Haugevegen. Teknisk sektor legg til grunn at den nye køyrevegen skal ha namnet Haugevegen. Dette er heilt naturleg sidan vegen heiter Haugevegen lenger oppe mot vest også. Skulebakken er fyrst og fremst eit prosjektnamn, men har for så vidt også vorte eit klengenamn på vegen der den ligg i bakkane vest for skuleområdet. Offisielt heiter vegen i sin heilskap for Haugevegen.

Vurdering og konklusjon:

Dette er ikkje ein veldig omfattande skiltplan, men det er like fullt gjort grundige vurderingar i arbeidet med den. Teknisk sektor meiner no at skiltplanen skal vere klar for godkjenning.

Vedleggsliste:

- «Skiltplan for prosjekt Skulebakken, situasjonsplan», datert 05.06.2018.
-

Rune Totland
teknisk sjef


Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak: Administrasjonen.



Skiltplan for:
Prosjekt Skulebakken

Haugevegen





Posisjonsnummer	Skiltnummer	Skilt navn	Symbol
1	142	Barn	
2	366	Fartsgrensesone, 30-sone	
3	368	Slutt på fartsgrensesone	
4	522	Gang- og sykkelveg	
5	552	Parkering	
6	527.3	Blindveg (stengt for biltrafikk)	
7		Skilt for vegnavn: HAUGEVEGEN	
8		Stadnamnskilt med pil: ULVESTADSETRA	
9	362	Fartsgrenseskilt, fartsgrense 50 km/t	
10		Skilt for vegnavn: Ulvestadvegen	



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Peder Magnussen

Arkivsak nr.: 2017/1034

Arkivkode: K40

Utvalsaksnr **Utval**
49/18 Forvaltningsutvalet

Møtedato
12.06.2018

FELLINGSLØYVE HJORT 2018, TIL VALD UTAN BESTANDSPLAN

Administrasjonen si tilråding:

Hjortevald som ikkje har fleirårig bestandsplan skal ha tildeling av fellingsløyve etter § 18 om målretta avskyting heimla i Forskrift om forvaltning av hjortevilt (av jan. 2016).

Forvaltningsutvalet godkjenner tildelinga for hjortevalda for 2018 som er opplista i saksutgreiinga: **007 Liaskar/Egset, 009 Lid, 010 Åmelfot/Mårstøyl, 011 Rotevatn Vassbotn Fremmerlid, 013 Driveklepp, 014 Rotset, 015 Steinsvik Vassbakke, 016 Åmelfotseter/Åmelfotdal, 017 Nordal/Klepp/Strand, 018 Halkjelsvik, 019 Åmelfot indre, 020 Bratteberg og 022 Mek/Krumsvik.**

Tildeling etter § 18 skal vere etter kategori kalv (1/2 år), vakse hodyr (1 ½ år og eldre), spissbukk og vaksne hanndyr (1 ½ år og eldre) for det enkelte vald med ei fellingsløyve på 40 % kalv, 30 % kolle, 20 % spissbukk og 10 % vaksen bukk.

Vedleggsliste:

Målsetjing for hjorteforvaltning i Volda kommune.

Søknader om ekstra tildeling frå valda Liaskar/Egset, Åmelfot Mårstøyl, Åmelfotseter/Åmelfotdal, Åmelfot indre og Rotevatn Vassbotn og Fremmerlid.

Saksopplysningar/fakta:

Det er 13 vald i Volda kommune som ikkje har bestandsplan. Frå Rotset til Liaskar er det 7 vald, Steinsvika/Åmelfot har 4 vald og Mek/Krumsvik står som småvald utan bestandsplan. Vald utan bestandsplan har totalt 53 165 da teljande areal og utgjer 22 %. Dei skal ha tildelt fellingsløyve etter § 18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt. Tildeling til kvart vald vert gjort som enkeltvedtak.

Volda kommune arbeider for ei betre organisering av hjortevalda i kommunen, at valda utarbeider fleirårig bestandsplan som er meir i samsvar med hjorten sitt årsleveområde. Med bestandsplanar vil rettshavarane drøfte meir langsiktig mål i hjorteforvaltninga, hauste betre i samsvar med beiteressursane og ei stamme med god fordeling på alder og kjønn. I Volda hadde ein i 1999 heile 54 hjortevald, i dag er dette redusert til 21 vald.

Likevel har ein altfor mange vald som ikkje i det heile støttar ei fagleg og god forvaltning. Endring av minstearealet betyr at fleire vald held kravet i hjorteviltforskrifta om at bestandsplanområdet må vere på minimum 20 gonger minstearealet, for Volda betyr dette 8 000 da.

Lid 009 er eit storvald som skulle hatt ny bestandsplan i 2018. Grunna feil tildeling på tidlegare planar kor valdet ikkje har heldt arealkravet i hjorteviltforskrifta om at valdets størrelse må vere 20 gonger minsteareal, får dei ei årleg tildeling i 2018. Dei vart oppmoda til å sjå på moglegheitene for danne storvald med nabovalda i 2019.

Valda Liaskar/Egset, Åmelfot Mårstøyl, Åmelfotseter/Åmelfotdal og Åmelfot indre har sendt inn søknader om auka kvoter grunna mykje hjort. Valdet Rotevatn Vassbotn Fremmerlid ynskjer ein lågare tildeling ein minstearealet tilseier.

Fellingsresultatet samla for heile kommunen har vore slik siste åra:

År	Tildelt totalt	Felt kalv	Felt spissb.	Felt kolle	Felt vaksen b.	Felt totalt	Fellings%
2008	542	123	86	182	96	487	90
2009	544	125	82	166	89	462	85
2010	563	132	82	180	84	478	85
2011	581	123	80	186	81	470	81
2012	586	92	91	140	56	379	65
2013	605	122	84	175	79	460	76
2014	596	93	61	157	72	383	64
2015	576	105	84	133	54	376	65
2016	549	123	94	160	81	458	83
2017	548	137	105	170	96	508	93
Snitt	569	118	85	165	79	439	79

Volda kommune har vedteke kommunale mål for hjorteforvaltninga i kommunen i 2016. Hovudmåla er ei bærekraftig stamme med dei beste avlsdyra kor kjønns- og aldersfordelinga er stabilt fordelt.

Tildeling for 2017 etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

1. Vald 007 Liaskar/Egset.

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

5 kalvar, 4 koller, 2 spissbukkar og 1 vaksen bukk; totalt 12 dyr.

Det vert gjeve dispensasjon frå minstearealet etter §7 i forskrifta, grunngjeving er hjortestamma sin storleik i området og kommunen.

2. Vald 009 Lid.

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

7 kalvar, 6 koller, 4 spissbukkar og 2 vaksne bukkar; totalt 19 dyr..

3. Vald 010 Åmelfot/Mårstøyl.

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

6 kalvar, 4 koller, 3 spissbukkar og 1 vaksen bukk; totalt 14 dyr.

Det vert gjeve dispensasjon frå minstearealet etter §7 i forskrifta, grunngjeving er hjortestamma sin storleik i området og kommunen.

4. Vald 011 Rotevatn m.fl.

Tildeling etter § 18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

6 kalvar, 5 koller, 3 spissbukkar og 2 vaksne bukkar; totalt 16 dyr. Det vert gjeve dispensasjon frå minstearealet etter §7 i forskrifta, grunngjeving er hjortestamma sin storleik i området og kommunen.

5. Vald 013 Driveklepp:

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

3 kalvar, 2 koller, 2 spissbukkar og 1 vaksen bukk; totalt 8 dyr.

6. Vald 014 Rotset:

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

6 kalvar, 4 koller, 3 spissbukkar og 2 vaksne bukkar; totalt 15 dyr.

7. Vald 015 Steinsvik:

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

9 kalvar, 7 koller, 4 spissbukkar og 2 vaksne bukkar; totalt 22 dyr.

8. Vald 016 Åmelfotseter/Åmelfotdal:

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

3 kalvar, 2 koller, 1 spissbukkar og 1 vaksen bukk; totalt 7 dyr.

Det vert gjeve dispensasjon frå minstearealet etter §7 i forskrifta, grunngjeving er hjortestamma sin storleik i området og kommunen..

9. Vald 017 Nordal/Klepp/Strand:

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

2 kalvar, 2 koller, 1 spissbukkar og 1 vaksen bukk; totalt 6 dyr.

10. Vald 018 Halkjelsvik:

Tideling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

2 kalvar, 1 kolle, 1 spissbukkar og 1 vaksen bukk; totalt 5 dyr.

11. Vald 019 Åmelfot indre:

Tildeling etter § 18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

2 kalvar, 1 kolle og 1 spissbukkar; totalt 4 dyr. Det vert gjeve dispensasjon frå minstearealet etter §7 i forskrifta, grunngjeving er hjortestamma sin storleik i området og kommunen.

12. Vald 020 Bratteberg:

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

1 kalv og 1 kolle.

13. Vald 022 Mek/Krumsvik

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

5 kalvar, 4 koller, 2 spissbukkar og 1 vaksen bukk; totalt 12 dyr.

Vurdering og konklusjon:

Tilrådinga for desse valda er gjort med grunnlag i Forskrift av minsteareal for hjort i Volda kommune av 13. mars 2018, etter historisk avskyting på hjortevalda og utviklinga på valdet i seinare år.

Grunna rekordavskyting, mange trafikkdrepte dyr og store skader på innmark og ungskog vart minsteareal i kommunen endra i mars 2018 slik at ein kan tildele fleire løyver og dermed

redusere den store hjortebestanden. Minstearealet er nå 400 da for heile kommunen. Etter § 7 i forskrifta kan kommunen fråvike minstearealet med inntil 50 %, dette må i så fall grunngjevast. Dei valda som har ei stor hjortestamme har fått fråvik frå minstearealet. Valdet Rotevatn Vassbotn Fremmerlid ynskjer ein tildeling på nivå på kva dei har hatt tidligare. Valdet vart oppmoda om sjå på mogligheitene for å ha bestandsplan, enten alene eller i lag med nabovald frå 2019.

I 2017 vart valda og jegerane oppmoda til å nytte settogskutt.no for registreringane av sett hjort. Viltansvarleg fekk mange positive tilbakemeldingar på dette, og håpar og forventar at dei fleste nyttar elektronisk registrering, samt legger inn slaktevekter frå 2018.

Ein tilrår at forvaltningsutvalet godkjenner framlegg for tildeling av hjortevald i Volda for 2018 som er opplista i saksutgreiinga, og tildeling etter § 18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Liv Bente Viddal
Seksjonsleiar

Peder Magnussen
Fagansvarleg skogbruk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Landbrukskontoret i Ørsta og Volda for vidare handsaming

Klageinstans:

Fylkesmannen

Målsetjing for hjorteforvaltning i Volda kommune.

m/ rettleiing for bestandsplanane

Målsetjingar for hjorteforvaltninga og rettleiing for bestandsplanane i Volda kommune:

I §3 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt M-478 2016 heiter det:

«Kommunen skal vedta mål for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e). Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.»

1. Gjennomføre ei bestandsretta hjorteforvaltning

Hjortebestanden skal i størst mogleg grad forvaltast innan sitt årsleveområde. Dette er ei stor utfordring, med vår topografi og vår historisk, nederva valdsstruktur.

Ein vil legge vekt på lokal og berekraftig forvaltning av hjortestamma, at hjorteviltressursane er til nytte både nærings- og rekreasjonsmessig.

Viltforvaltninga skal søkje å ha eit uttak som er viltfagleg rett. Stamma skal ha så god kjønns- og aldersfordeling som råd, dyra skal ha god kondisjon/vekt etter alder og kjønn. Beitetrykk skal være berekraftig over tid, beiteskadar på nyttevekstar, innmark, og skog skal ikkje føre til store verditap for grunneigaren.

God bestandsretta hjorteforvaltning skal ha som resultat hjortestamme som over tid har god kjønnsbalanse og aldersfordeling, god kondisjon/gode vektorer etter alder og kjønn.

2. God beitekvalitet i utmark

Ein skal gjennomføre ei hjorteforvaltning som søker oppretthalde beitekvaliteten i vinterbeiteområda og byggje opp att beitekvaliteten i sterkt nedbeita områder ved større uttak . At vinterbeita har god nok kvalitet er avgjerande for hjorten, og det er viktig at viltforvaltninga overvakar denne..

I Volda gjennomførte Bioforsk Tingvoll, (no NIBIO) i 2008 ei gransking av kvaliteten på viktige vinterbeiteområde . Konklusjonen var at beitetrykket på den vegetasjon som er viktig for vinterbeite, m.a. blåbærlyngen, var moderat beita i store deler av kommunen, men dels sterkt nedbeita i Mork-området.

3. Redusere skadar på innmark og skog

Viltforvaltninga i kommunen tek høgde for å unngå stor skadebeiting, både på jord- og skog.

Hjortestamma må tilpassast slik at beitetrykket og skadane av den ikkje vert for stort på uønska areal, men dette er ikkje ein enkel oppgåve med den store stamme som ein har i dag. Både valda og drivar av jord- og skog må søke å ta ut skadedyr så snart desse er lokalisert, ofte er det få/færre dyr som gjer stor skade.

Valda/jaktfelt som over tid har store beiteskadar på innmark og skog, bør få ei større tildeling enn det som areal åleine tilseier .

Tiltak mot skadebeiting må setjast inn før avlingskader/skogskader vert eit vesentleg tap for grunneigaren.

Biologisk mangfald:

Det er sentralt i hjorteviltforvaltninga at stamma er godt tilpassa beitegrunnlaget.

Særleg i snørike vintrar kan hjorten gjere ikkje så lite skade på skog, både barskog og særleg edellauvskog kan verte skada, i verste fall kan dei døy.

Naturmangfaldslova:

Kommunen kan på kort varsel gi løyver på uttak av hjort utanfor jakttida for dyr som gjer skade på skog, nyttevekstar og innmark, eller som er til fare for trafikken og allmenta heimla i naturmangfaldslova.

4. Oppnå ein sunnare hjortestamme

I dette ligg både ei gunstig kjønnsfordeling, aldersfordeling, høgare slaktevektar, med sunne og friske dyr i godt hald. Best måler ein dette gjennom slaktevekt for kalvar og 1 1/2 årringar.

Volda har diverre ikkje godt nok grunnlag når det gjeld registrering av slaktevekter på hjort, det meste skriv seg frå innhenta data frå enkeltvald.

Systematisk innhenting av vektor vert eit viktig arbeid etter desse retningslinene.

Utan at ein har god nok dokumentasjon synes det ut frå dei innhenta data som slaktevektene for alle kategoriar dyr har gått ned i seinare år.

Ei målsetting for hjortestamma i Volda må være at ein gjennomsnittlige slaktevekter skal aukast med 10% i høve til 2012 nivå, der ein har ein del data.

Snittvekt Volda 2012:

Hokalv: 26 kg, hannkalv 28 kg, kolle 1.5 år 47 kg, spissbukk 51 kg.

Snittvekt Volda 2013:

Hokalv: 26 kg Hannkalv: 27 kg Hodyr 1,5 år: 42 kg Hanndyr 1,5 år: 48 kg

Snittvekt 1992 i Møre og Romsdal:

Hokalv: 28 kg Hannkalv: 30 kg Hodyr 1,5 år: 51 kg Hanndyr 1,5 år: 58 kg

Det bør ikkje være nokon god grunn for at Volda skal ligge så mykje under snittet for fylket, sjølv om data er usikre.

Virkemiddel er innføring av strengare vektgrensar for skrapdyr og større redusering av hjortestamma i pressområde.

5. Viltpåkøyrslar.

Viltpåkøyrslar er ein stor kostnad for samfunnet og representere både fare for folk tryggleik, store økonomiske skadar og dyras liding.

Volda kommune har fallviltavtale med Volda og Ørsta Ettersøksring. Viltfondet dekker kostnadene som går med til ettersøk, avliving og fjerning av fallvilt.

Målsetjinga er å halde hjorteviltstamma på eit nivå slik at påkøyrslar kan på eit lågast mogleg nivå, m.a. ved tiltak som å unngå lagring av rundballar langs trafikkert veg, og god sikt langs vegane.

6. Fellingsavgift

Inntil nytt vedtak vert gjort er fellingsavgifta for kalv kr. 180,- og 300,- for vaksne dyr.

- Dokumenterte skrapdyr skal ikkje svare fellingsavgift.

For vald **med** fleirårig bestandsplan, tildeling etter § 18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt, vert det gitt 40% rabatt.

For vald **utan** godkjend bestandsplan, også tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt vert det ikkje gjeve rabatt.

Krav for å oppnå rabatt:

- Valdet/bestandsplanområdet skal utføre vårteljning kvart år.
- Det skal rapporterast frå jakta på www.settogskutt.no eller på Setthjort skjema etter fastsett tidsfrist, 14 dg frå jaktslutt.

7. Interkommunalt samarbeid.

Kommunane på søre Sunnmøre samarbeider i hjorteforvaltninga, m.a. felles teljedatoar for vårteljning av hjort. Ein har samarbeidd om både merke- og vinterbeiteprosjekt tidlegare. Ein vil halde fram dialog om forvaltning, og samarbeide om framtidige prosjekt. Vidare har Volda og Ørsta god dialog med samordning innan hjorteforvaltninga, m.a. er det være aktuelt med hjortevald over kommunegrensa.

8. Rapport og kontroll.

Etter § 32 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt er det rapportplikt av fellingsresultat innan 14 dagar etter jaktslutt.

Alle felte kalvar skal rapporterast straks etter felling, kommunen bør/kan utføre stikkprøvekontrollar av felt kalv.

9. Målsetting til bestandsplanane:

- Minimum 25 % kalv
- Minimum 25 % ungdyr (1 ½ år)
- Minimum 70 % fellingsprosent av årlig tildeling og 80 % for perioden.
- Kjønnsbalansert av fordeling mellom hanndyr og hodyr i uttaket, dvs. forhold mellom bukk og kolle kan justerast på valdnivå i uttaket etter data frå hjorteviltregisteret i bestandsplana. Kommunal målsetnad er 1,5 kolle per bukk.

- Innføring av skrapdyrkvote og krav om kontrollveging innan 48 timar etter felling, valda må ha internkontroll. Ved mykje skottrensking skal det leggst til vekt etter skjøn.
 - Vektgrense: 20 kg for kalv, for skrapdyr av kalv skal dyret rapporteras som kalv til kommunen, men belastas ikkje fellingsavgift og går ikkje på kvota.
 - 45 kg for 1 ½ år, rapporteras som skrapdyr og etter faktisk alder og kjønn, går ikkje på kvota.
 - 55 kg for 2 ½ år og eldre dyr og rapporteras som skrapdyr og etter faktisk alder og kjønn. Dyret går ikkje på kvota.
 - Vrakdyr etter avtale med kommune eller mattilsynet.
- Valda skal halde tilbake ein viss % -del av årleg kvote til fordeling mellom jaktfelt som har skutt full kvote/jaktfelt som har dyr til gode mot slutten av jakta.
- Etter Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal kommunen ved godkjenning av bestandsplan gjere vedtak om overføring av fellingsløyver mellom åra i planperioden. Miljødirektoratet gjer framlegg om 10% av fellingsløyva kan overførast. Ordninga må praktiserast likt for heile kommunen.
- Brot på retningslinjer av bestandsplanar kan seiast opp av kommunen. Etter §16 i nemnde forskrift kan ein bestandsplan seiast opp om der er grove brot på føresetnader for planen. Dette kan være manglande rapportering, vesentleg endringar i bestanden, eller vesentlege avvik frå godkjend plan i form av årleg felling, kjønn og alder. Frist for kommunen å trekke godkjend plan er 1.april.

Fra: Kjetil Eikrem[keikrem@online.no]
Sendt: 04.05.2018 14:35:43
Til: Peder Magnussen
Tittel: Egset/Liaskar - fellingsløyve 2018

Til Viltforvaltninga v/Peder Magnussen

Volda, 4.mai 2018

Søknad om tildeling ekstra fellingsløyve for hjort - Egset/Liaskar i Volda.

På vegne av grunneigarane i valdet Egset/Liaskar søker eg med dette om maks. tildeling av fellingsløyve for 2018.

Me ønskjer reduksjon i bestanden, og dermed noko auka tildeling av hodyr.

Teljingar og observasjonar viser at valdet har stor hjortebestand, og beiting av store hjorteflokkar er ei belastning for husdyrhald og forproduksjon.

For grunneigarane

Kjetil Eikrem

Viltforvalter
Magnussen
Volda / Ørsta Kommune

Åmelfotetaken 26/4-2018.

Seksjon	Lancev	Saksh	Pedmag
03 MAI 2018			
Saksnr.	2018/981		
Løpenr.		ID	
Klass.	k46	Tilgk	A

Søknad om fellings-løyve vald Åmelfotseter -
Åmelfotdal.
Volda Kommune.

Viser til telefonsamtale med Magnussen 26/4-2018
Magnussen fortalte at vi hadde fått tildelt
4 stk fellingsløyve for året 2018.

Fellingsåret 2017 hadde vi 5 dyr, og tidligere
år hadde vi 6 dyr.

Kvoten vart fylt kvart år, uten problem.

År 2017 var det også mykje dyr i valdet vårt,
men p.g.a. at jegarane var langt vekk på
jobb, i lengre tid, vart det litt vanskeleg med
jaktting. Derfor vart det kun felte 4 dyr.

Det er mykje dyr i området vårt no, som går
utover hageplantene våre m/meir.

Vi søker med dette om fleire fellingsløyver
etter tilråding frå Viltforvalter Magnussen,
for 2018. Helst 6-7 dyr, for vårt vald.

tlf: 70053157
Mob: 97517809

Mvh: Bjarne Myklebust
Åmelfotdalen 120
6120 Folkestad.

 ØRSTA KOMMUNE	
Seksjon	Saksnr.
03 MAI 2018	
Saksnr.	
Løpnr.	10
Klass.	Tilx

Fra: edvin-ma[edvin-ma@tussa.com]

Sendt: 23.04.2018 22:54:35

Til: Peder Magnussen

Tittel: Tildeling av hjorteløyve

Hei. vald nr.1519V0010 Åmelfot / Mårstøl vil med dette søke om økt tildelig i forbindelse med hjortejakta 2018.
etter litt diskusjon innad i valdet, er me einige om å søke om 5 ekstra løyver.

I forbindelse med digitalisering av dei einskilde valda, hadde det vore ynskjeleg å vist om
vald nr. 010
vald nr. 016 og
vald nr. 019 kan oppnå tilstrekkelig areal til å søke om bestandplan.
Ved ei slik samanslåing vil me kunne ta med ein vesentlig del av fellesarealet på Dansen, Sarpen og Tryften som ligg under 600 m grensa.

Mvh Edvin Mårstøl
Valdleiar

Vassbotn, Rotevatn og Fremmerlida grunneigarlag
v/ Bjørn Egil Vassbotn
Botnavegen 35
6104 VOLDA

Ørsta Kommune
v/ Peder Magnussen
Dalevegen 6
6153 ØRSTA

ØRSTA KOMMUNE	
Seksjon. <i>Landsk</i>	Saksh. <i>Pedmag</i>
- 5 APR 2018	
Saksnr. <i>2018 / 981</i>	
Løpenr.	ID
Klass. <i>K46</i>	Tilgk. <i>A</i>

27.03.2018

Søknad om auka fellingsløyve på hjort

Dette skrivet er utarbeida i samarbeid med Vikebygda Jaktlag.

Dei siste 4-5 sesongane har jaktlaget registrert ein gradvis auke i hjortestamma, etter dei historiske botnåra, 2010, 2011 og 2012. Desse åra vart det felt **12** av 17, **9** av 17 og **10** av 13 tildelte dyr. I tidlegare år har jaktlaget stort sett greidd å fylle kvota på 17 dyr nesten kvart år. Enkelte år vart det felt 16 p.g.a. selektiv avskyting. Med det meinast det at openbart stadbundne dyr har fått gå att.

F.o.m. 2013 har jaktlaget greidd å fylle kvota på 13 dyr med større og større lettheit, og samstundes kunne drive meir selektiv avskyting. Etter endt jakt og fylt kvote har det framleis vore igjen ei god stamme dyr, og ein kunne etter alt å døme ha skote nokre fleire dyr utan at det hadde hatt negative konsekvensar for den lokale stamma.

Grunneigarlaget og jaktlaget vurderar det derfor som forsvarleg å auke avskytinga noko. I denne omgang ser me føre oss å auke til 15 løyver, so kan ein eventuelt auke til 16, 17 eller meir på litt sikt, avhengig av den vidare utviklinga.

I 2017 var tildelinga på 13 dyr, med fordeling 2 vaksne hanndyr, 3 spissbukkar, 3 hodyr og 5 kalvar. Me ser føre oss å auke dette med eitt hodyr og eitt vakse hanndyr, slik at fordelinga vert slik: **3 vaksne hanndyr, 3 spissbukkar, 4 hodyr og 5 kalvar. Totalt 15 dyr.** Med ei slik tildeling kan ein eventuelt skyte ein ekstra spissbukk/ kalv i staden for vakse hanndyr, og kalv i staden for vakse hodyr. Eventuelt kan ein auke med 2 frie, dersom dette er eit alternativ.

Mvh

Grunneigarlaget Vassbotn, Rotevatn og Fremmerlida, v/ Bjørn Egil Vassbotn

Bjørn Egil Vassbotn

Fra: Erling Aamelfot[e.j.aamelfot@hotmail.com]
Sendt: 04.05.2018 17:52:10
Til: Peder Magnussen
Tittel: SV: økt hjortekvote

Auke kvote med 1 vakse dyr

Sendt fra [E-post](#) for Windows 10

Fra: Peder Magnussen <peder.magnussen@orsta.kommune.no>
Sendt: Friday, May 4, 2018 5:49:29 PM
Til: Erling Aamelfot
Emne: Re: økt hjortekvote

Kor mange dyr?

On Fri, May 4, 2018 at 5:48 PM +0200, "Erling Aamelfot" <e.j.aamelfot@hotmail.com> wrote:

ja

Sendt fra [E-post](#) for Windows 10

Fra: Peder Magnussen <peder.magnussen@orsta.kommune.no>
Sendt: Friday, May 4, 2018 2:31:02 PM
Til: 'e.j.aamelfot@hotmail.com'
Emne: økt hjortekvote

Helsing

Peder Magnussen
Skogbruksansvarleg
Kultur og landbruk

Direkte 70049615
Mobil 45282680
E-post peder.magnussen@orsta.kommune.no
Web www.orsta.kommune.no





SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Peder Magnussen

Arkivsak nr.: 2017/1034

Arkivkode: K40

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

50/18

Forvaltningsutvalet

12.06.2018

BESTANDSPLAN FOR HJORT 2018-2020. KILSFJORD STORVALD

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet godkjenner framlagd bestandsplan for hjort for Kilsfjord storvald for perioden 2018 - 2020. Valdet får tildelt fellingsløyve på 153 frie dyr for denne 3-års perioden. Valdet kan overføre inntil 10 % av årleg kvote, dvs. 5 dyr, mellom åra i planperioden.

Det vert gjort fråvik frå minstearealet i kommunen etter § 7 i forskrifta, for planperioden. Grunngeving er hjortestamma sin storleik i området og kommunen.

Vedleggsliste:

Målsetjing for hjorteforvaltning i Volda kommune.

Søknad om ny bestandsplan for Kilsfjord storvald 2018-2020.

Vedtekter for storvaldet.

Saksopplysningar/fakta:

Kilsfjord storvald har i søknad av 25.april fremma rullering av bestandsplan for åra 2018 – 2020, 3 år.

Valdet søker ei tildeling for perioden på 153 dyr, eller i snitt 51 dyr i året. Med eit teljande areal på 24 900 da vert dette 488 da pr. løyve. Kommunen gjer vedtak om ei rammetildeling for perioden på frie dyr, men valdet skal oppfylle den avskytingsprofil for perioden 2018 – 2020 som valdet sjølv legg opp til og som forvaltningsstyret godkjenner. I avskytingsprofilen er det lagt opp til denne fordelinga: Minimum 30 (27) % kalv, minimum 15 (24) % 1,5 års kolle, maks 20 (19) % eldre kolle, minimum 15 (13) % spissbukk og maks 20 (17) % eldre bukk, resultatet frå 2015 – 2017 i parentes.

Storvaldet/bestandsplanområde deler sjølv årleg ut tal på dyr etter kategori til det enkelte jaktfelt. At storvaldet administrerer jaktfeltene med tildeling og rapportering sparer kommunen for arbeid, noko som vert godtgjort med redusert fellingsavgift. Bestandsplanområda i Volda

har 40 % reduksjon i årleg fellingsavgift til viltfondet.

Tildeling til Kilsfjord Storvald var i perioden 2015 – 2017 på 96 dyr. Av desse vart det i perioden felt 90 dyr, eller knapt 94 %. Frå 2008 er fellingsprosenten i snitt på 75 %.

Det samla fellingsresultatet for heile kommunen har vore slik siste åra:

År	Tildelt totalt	Felt kalv	Felt spissb.	Felt kolle	Felt vaksen b.	Felt totalt	Fellings%
2008	542	123	86	182	96	487	90
2009	544	125	82	166	89	462	85
2010	563	132	82	180	84	478	85
2011	581	123	80	186	81	470	81
2012	586	92	91	140	56	379	65
2013	605	122	84	175	79	460	76
2014	596	93	61	157	72	383	64
2015	576	105	84	133	54	376	65
2016	549	123	94	160	81	458	83
2017	548	137	105	170	96	508	93
Snitt	569	118	85	165	79	439	79

I 2017 utgjorde det telleande arealet 577 da/ felte dyr i Volda.

Volda kommune har vedteke kommunale mål for hjorteforvaltninga i kommunen i 2016. Hovudmåla er ei bærekraftig stamme med dei beste avlsdyra kor kjønns- og aldersfordelinga er stabilt fordelt.

Vurdering og konklusjon:

Kommunen skal vurdere forvaltningsplanen utifrå forskrift M-478\2016 om forvaltning av hjortevilt. I samband med godkjenning av bestandsplan er det § 15, 16 og 18 som gjeld, ev. § 7 om fråvik av minsteareal. Utdrag av paragrafane fylgjer under:

§ 7 Fravik fra minstearealet

Kommunen kan ved tildeling av fellingstillatelser fravike minstearealet for elg, hjort og rådyr med inntil 50 prosent. Fravik kan gjøres på bakgrunn av ulikheter i artens levevilkår i kommunen, bestandens størrelse og utvikling, den skade viltet volder eller andre ekstraordinære forhold.

Fravik fra minstearealet er et enkeltvedtak som gjøres for særskilte vald og for et begrenset tidsrom.

§ 15 Krav til bestandsplan for elg og hjort

Vald eller bestandsplanområder som disponerer et tellende areal på minimum 20 ganger minstearealet kan søke kommunen om godkjenning av en flerårig, maksimalt femårig, bestandsplan for elg og/eller hjort.

Bestandsplanen skal inneholde mål for bestandsutviklingen, i samsvar med kommunens mål.

Bestandsplanen skal også inneholde en plan for den årlige avskytingen i antall dyr, som et minimum fordelt på kategoriene kalv, voksne hunndyr og voksne hanndyr, samt spissbukk for hjort.

Frist for å søke kommunen om godkjenning eller endring av bestandsplan er 1. mai.

Søknaden skal underskrives av bestandsplanområdets representant.

§ 16 Godkjenning og endring av bestandsplan for elg og hjort

Kommunen skal behandle søknad om godkjenning av ny bestandsplan eller endring i eksisterende bestandsplan innen 15. juni.

En godkjenning fastsetter fellingstillatelser for hele bestandsplanperioden, og skal inneholde informasjon om muligheten for overføring av et begrenset antall fellingstillatelser mellom år i perioden.

Kommunen kan trekke godkjenningen tilbake og tildele nye fellingstillatelser dersom arealkravet i § 15 ikke lenger er oppfylt, ved manglende rapportering, ved vesentlig uforutsette endringer i bestanden i området eller ved vesentlige avvik fra godkjent bestandsplan, herunder avvik i forhold til årlig planlagt avskyting i antall, kjønn eller alder. Frist for kommunen til å trekke godkjenningen tilbake er 1. april.

§ 18 Fellingstillatelse for elg og hjort

Kommunen tildeler årlig fellingstillatelser for elg og hjort til godkjente vald med et tellende areal som minimum tilsvarer minstearealet. Fellingstillatelsen gjelder innenfor det godkjente valdet.

For vald eller bestandsplanområder med godkjent bestandsplan skal fellingstillatelsene vise antall dyr uten spesifikasjon på alder og kjønn, og avskytingen skal utføres i samsvar med alder og kjønn i godkjent bestandsplan. For bestandsplanområder tildeles fellingstillatelsene hvert enkelt vald.

Kommunen skal sende fellingstillatelsen til valdansvarlig representant innen 15. juni.

I 2017 vart det felt 508 hjort i Volda, ein oppgang på 10 % frå 2016. 37 dyr eller ca. 7 % av dei skutte dyra i Volda 2017 vart felt av Kilsfjord storvald. Kvoten vert gitt som frie dyr, men med ei klar målsetting/krav til avskytingsprofil, kva kategori dyr etter kjønn og alder som skal fellast i perioden.

Grunna rekordavskyting, mange trafikkdrepte dyr og store skader på innmark og ungskog vart minsteareal i kommunen endra i mars 2018 slik at ein kan tildele fleire løyver og dermed redusere den store hjortebestanden. Minstearealet er nå 400 da for heile kommunen.

Etter § 7 i forskrifta kan kommunen fråvike minstearealet med inntil 50 %, dette må i så fall grunngjevast. Storvaldet skriv i bestandsplanen at dei meiner at uttaket vart for høgt om ein nyttar 400 da/løyve og ynskjer tildeling etter 488 da/løyve, som er ei auke på 37 % i forhold til tidligare tildeling. Det må dermed gjerast fråvik frå minstearealet etter § 7 i forskrifta grunna hjortestamma sin storleik i området og kommunen, noko som er fornuftig. Storvaldet skriv at stamma i området ikkje er til problem verken for bønder eller trafikk, men at dei spekulera i om næringsgrunnlaget er for lite da uttaket av skrapdyr har auka dei siste åra.

Kommunen skal etter § 16 gi informasjon om moglegheita for å overføre eit avgrensa tal fellingsløyve mellom år i perioden. Det er tilrådd at inntil 10 % av fellingsløyva kan overførast mellom år i perioden, og det vert tilrådd at Volda kommune legg seg på denne %-satsen, dvs. at dette valdet kan overføre inntil 5 dyr frå eitt år til eit anna i planperioden.

Storvaldet har skrapdyrordning for å stimulere til uttak av små og svake dyr. Dette er svært positivt. Storvaldet har definert skrapdyr som kalv under 17 kg og fjorsdyr under 36 kg.

I 2017 vart valda og jegerane i Volda oppmoda til å nytte settogskutt.no for registreringane av sett hjort. Viltansvarleg fekk mange positive tilbakemeldingar på dette, og håpar og forventar at storvaldet nyttar elektronisk registrering, samt legger inn slaktevektar frå 2018.

Ein viser til saksutgreiinga og framlagd bestandsplan for Kilsfjord Storvald for 2018 - 2020, og tilrår at forvaltningsutvalet godkjenner planen. Ein føreset at valdet oppnår målsettinga i avskytingsprofilen slik det går fram av bestandsplanen.

Liv Bente Viddal
Seksjonsleiar

Peder Magnussen
Fagansvarleg skogbruk

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Landbrukskontoret i Ørsta og Volda for vidare handsaming

Klageinstans:

Fylkesmannen

Forvaltningsplan Kilsfjord Storvald 2018-2020

I fylgje storvaldavtalen er det styret som set opp et forslag til forvaltningsplan og det er årsmøtet som ved avstemming vedtek om planen skal godkjennast som framlegg til kommunen. Hittil har styret ved jaktfeltleiarane hatt mandat til å godkjenne forvaltningsplanen.

Det er viktig å bemerke at styret- og forvaltningsplanen til storvaldet, ikkje tek stilling til jaktrettane i det enkelte jaktfelt, men gir føringar for korleis jaktretten skal utøvast med tanke på å forvalte den hjortestammen som er i området.

Målsettinga med forvaltningsplanen er å bestemme korleis storvaldet og det enkelte jaktfelt ynskjer å forvalte hjortestammen den komande perioden; Er det ei god stamme, eller er stammen slik at ein bør forsøke å redusere eller auke antall dyr i området?

Det er forskjell i avskyting innanfor storvaldet og dette er nok grunna både i antall hjort i dei enkelte jaktfelta, men også jaktutførelsen/antall jegerar som til ei viss grad spelar inn.

Slik vi ser hjortestammen i området er den ikkje til problem hverken for bønder eller trafikk (eit unntak for Bjørneset som har hatt påkøyrslser) men ei aukande mengde uttak av skrapdyr i valdet (3 stk i 2016 og 5 stk i 2017) kan vitne om sein brunst og fødsel samtidig som vintrane ikkje har vore særlig krevande. Brølinga tek normalt til i månadskiftet september – oktober kvart år, men det kan vel spekulerast i om det er meir dyr enn det er næringsgrunnlag for.

Ser ein på vektstatistikkar, ser ein over dei siste åra er kalvevektar mellom 24 – 30kg avhengig både av kva tid dei er skotne og om det er ho- eller hannkalv.

Ungdyr koller ligg normalt på 45-46kg og spissbukk mellom 47 – 55kg. Vaksne koller har normalt hatt slaktevekt på rundt 60kg og vaksne bukkar ei snittvekt på om lag 80kg.

Skrapdyr er i storvaldet definert til kalv under 17kg og fjorårsdyr under 36kg.

Ein streng vinter og observasjonar så langt i år tyder ikkje på at stammen har auka siste året, truleg heller stagnert eller litt redusert. Vidare telling og sett-og skutt hjort til hausten vil gi bedre svar på dette.

Styret i Kilsfjord Storvald er bedne om å legge fram et forslag til forvaltningsplan i komande treårsperiode etter vår forventning om forvaltning.

Antall mulige fellingsløyve frå kommunen har no gått opp, både sfa minka areal/løyve (til 400mål/felling) men også sfa at tellande areal no går opp til 600moh. Pt går vi likevel utfrå et areal på 24900 mål noko som gir eit maksimalt fellingsløyve på 62 dyr. Vi meiner dette vil være et for stort uttak og vi vel å legge oss lavare enn dette. Vi aukar likevel antall løyver frå 32 til 51 dyr med ei avgrensing for kvart felt som gitt under (ca 500mål/felling) der kvart felt sjølv avgjer om si lokale stamme vil tåle et slikt uttak.

Utfrå desse kriteria foreslår styret i Kilsfjord Storvald fylgjande forvaltningsplan for dei komande tre åra.

Jaktfelt	areal	Løyver pr år
Kile	6200	13
Straume	5800	12
Bjørneset	6500	13
Fylsvik/Søvik/Botnen	6400	13

I alt 51 frie fellingsløyver.

Uttak av dyr bør fordelast med

Minst 30% kalv, minst 30 % ungdyr, max 20 % vaksne koller (> 2 ½ år) og max 20 % vaksne bukkar (> 2 ½ år)

Årsmøtet godkjenner denne forvaltningsplanen for åra 2018- 2020 til framlegg for Volda kommune.

Oddbjørn Følsvik

Styreleiar

Harald Søvik

Styremedlem

Leif Reidar Røv

Styremedlem og kasserar



Tor Erik Bjørneset

Styremedlem



Kilsfjord Storvald består av fire jaktfelt



- Straume
- Kile
- Fylsvik, Søvik, Botnen
- Bjørneset

Området forvaltar et område på 24 900 mål og fellingsstatistikken for siste periode er som følger;



Vektstatistikk for Kilsfjord Storvald frå 2003 - 2017





Målsetjing for hjorteforvaltning i Volda kommune.

m/ rettleiing for bestandsplanane

Målsetjingar for hjorteforvaltninga og rettleiing for bestandsplanane i Volda kommune:

I §3 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt M-478 2016 heiter det:

«Kommunen skal vedta mål for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e). Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.»

1. Gjennomføre ei bestandsretta hjorteforvaltning

Hjortebestanden skal i størst mogleg grad forvaltast innan sitt årsleveområde. Dette er ei stor utfordring, med vår topografi og vår historisk, nederva valdsstruktur.

Ein vil legge vekt på lokal og berekraftig forvaltning av hjortestamma, at hjorteviltressursane er til nytte både nærings- og rekreasjonsmessig.

Viltforvaltninga skal søkje å ha eit uttak som er viltfagleg rett. Stamma skal ha så god kjønns- og aldersfordeling som råd, dyra skal ha god kondisjon/vekt etter alder og kjønn. Beitetrykk skal være berekraftig over tid, beiteskadar på nyttevekstar, innmark, og skog skal ikkje føre til store verditap for grunneigaren.

God bestandsretta hjorteforvaltning skal ha som resultat hjortestamme som over tid har god kjønnsbalanse og aldersfordeling, god kondisjon/gode vektorer etter alder og kjønn.

2. God beitekvalitet i utmark

Ein skal gjennomføre ei hjorteforvaltning som søker oppretthalde beitekvaliteten i vinterbeiteområda og byggje opp att beitekvaliteten i sterkt nedbeita områder ved større uttak . At vinterbeita har god nok kvalitet er avgjerande for hjorten, og det er viktig at viltforvaltninga overvakar denne..

I Volda gjennomførte Bioforsk Tingvoll, (no NIBIO) i 2008 ei gransking av kvaliteten på viktige vinterbeiteområde . Konklusjonen var at beitetrykket på den vegetasjon som er viktig for vinterbeite, m.a. blåbærlyngen, var moderat beita i store deler av kommunen, men dels sterkt nedbeita i Mork-området.

3. Redusere skadar på innmark og skog

Viltforvaltninga i kommunen tek høgde for å unngå stor skadebeiting, både på jord- og skog.

Hjortestamma må tilpassast slik at beitetrykket og skadane av den ikkje vert for stort på uønska areal, men dette er ikkje ein enkel oppgåve med den store stamme som ein har i dag. Både valda og drivar av jord- og skog må søke å ta ut skadedyr så snart desse er lokalisert, ofte er det få/færre dyr som gjer stor skade.

Valda/jaktfelt som over tid har store beiteskadar på innmark og skog, bør få ei større tildeling enn det som areal åleine tilseier .

Tiltak mot skadebeiting må setjast inn før avlingskader/skogskader vert eit vesentleg tap for grunneigaren.

Biologisk mangfald:

Det er sentralt i hjorteviltforvaltninga at stamma er godt tilpassa beitegrunnlaget.

Særleg i snørike vintrar kan hjorten gjere ikkje så lite skade på skog, både barskog og særleg edellauvskog kan verte skada, i verste fall kan dei døy.

Naturmangfaldslova:

Kommunen kan på kort varsel gi løyver på uttak av hjort utanfor jakttida for dyr som gjer skade på skog, nyttevekstar og innmark, eller som er til fare for trafikken og allmenta heimla i naturmangfaldslova.

4. Oppnå ein sunnare hjortestamme

I dette ligg både ei gunstig kjønnsfordeling, aldersfordeling, høgare slaktevektar, med sunne og friske dyr i godt hald. Best måler ein dette gjennom slaktevekt for kalvar og 1 1/2 årringar.

Volda har diverre ikkje godt nok grunnlag når det gjeld registrering av slaktevekter på hjort, det meste skriv seg frå innhenta data frå enkeltvald.

Systematisk innhenting av vekter vert eit viktig arbeid etter desse retningslinene.

Utan at ein har god nok dokumentasjon synes det ut frå dei innhenta data som slaktevektene for alle kategoriar dyr har gått ned i seinare år.

Ei målsetting for hjortestamma i Volda må være at ein gjennomsnittlige slaktevekter skal aukast med 10% i høve til 2012 nivå, der ein har ein del data.

Snittvekt Volda 2012:

Hokalv: 26 kg, hannkalv 28 kg, kolle 1.5 år 47 kg, spissbukk 51 kg.

Snittvekt Volda 2013:

Hokalv: 26 kg Hannkalv: 27 kg Hodyr 1,5 år: 42 kg Hanndyr 1,5 år: 48 kg

Snittvekt 1992 i Møre og Romsdal:

Hokalv: 28 kg Hannkalv: 30 kg Hodyr 1,5 år: 51 kg Hanndyr 1,5 år: 58 kg

Det bør ikkje være nokon god grunn for at Volda skal ligge så mykje under snittet for fylket, sjølv om data er usikre.

Virkemiddel er innføring av strengare vektgrensar for skrapdyr og større redusering av hjortestamma i pressområde.

5. Viltpåkøyrslar.

Viltpåkøyrslar er ein stor kostnad for samfunnet og representere både fare for folk tryggleik, store økonomiske skadar og dyras liding.

Volda kommune har fallviltavtale med Volda og Ørsta Ettersøksring. Viltfondet dekker kostnadene som går med til ettersøk, avliving og fjerning av fallvilt.

Målsetjinga er å halde hjorteviltstamma på eit nivå slik at påkøyrslar kan på eit lågast mogleg nivå, m.a. ved tiltak som å unngå lagring av rundballar langs trafikkert veg, og god sikt langs vegane.

6. Fellingsavgift

Inntil nytt vedtak vert gjort er fellingsavgifta for kalv kr. 180,- og 300,- for vaksne dyr.

- Dokumenterte skrapdyr skal ikkje svare fellingsavgift.

For vald **med** fleirårig bestandsplan, tildeling etter § 18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt, vert det gitt 40% rabatt.

For vald **utan** godkjend bestandsplan, også tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt vert det ikkje gjeve rabatt.

Krav for å oppnå rabatt:

- Valdet/bestandsplanområdet skal utføre vårteljning kvart år.
- Det skal rapporterast frå jakta på www.settogskutt.no eller på Setthjort skjema etter fastsett tidsfrist, 14 dg frå jaktslutt.

7. Interkommunalt samarbeid.

Kommunane på søre Sunnmøre samarbeider i hjorteforvaltninga, m.a. felles teljedatoar for vårteljning av hjort. Ein har samarbeidd om både merke- og vinterbeiteprosjekt tidlegare. Ein vil halde fram dialog om forvaltning, og samarbeide om framtidige prosjekt. Vidare har Volda og Ørsta god dialog med samordning innan hjorteforvaltninga, m.a. er det være aktuelt med hjortevald over kommunegrensa.

8. Rapport og kontroll.

Etter § 32 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt er det rapportplikt av fellingsresultat innan 14 dagar etter jaktslutt.

Alle felte kalvar skal rapporterast straks etter felling, kommunen bør/kan utføre stikkprøvekontrollar av felt kalv.

9. Målsetting til bestandsplanane:

- Minimum 25 % kalv
- Minimum 25 % ungdyr (1 ½ år)
- Minimum 70 % fellingsprosent av årlig tildeling og 80 % for perioden.
- Kjønnsbalansert av fordeling mellom hanndyr og hodyr i uttaket, dvs. forhold mellom bukk og kolle kan justerast på valdnivå i uttaket etter data frå hjorteviltregisteret i bestandsplana. Kommunal målsetnad er 1,5 kolle per bukk.

- Innføring av skrapdyrkvote og krav om kontrollveging innan 48 timar etter felling, valda må ha internkontroll. Ved mykje skottrensking skal det leggst til vekt etter skjøn.
 - Vektgrense: 20 kg for kalv, for skrapdyr av kalv skal dyret rapporteras som kalv til kommunen, men belastas ikkje fellingsavgift og går ikkje på kvota.
 - 45 kg for 1 ½ år, rapporteras som skrapdyr og etter faktisk alder og kjønn, går ikkje på kvota.
 - 55 kg for 2 ½ år og eldre dyr og rapporteras som skrapdyr og etter faktisk alder og kjønn. Dyret går ikkje på kvota.
 - Vrakdyr etter avtale med kommune eller mattilsynet.
- Valda skal halde tilbake ein viss % -del av årleg kvote til fordeling mellom jaktfelt som har skutt full kvote/jaktfelt som har dyr til gode mot slutten av jakta.
- Etter Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal kommunen ved godkjenning av bestandsplan gjere vedtak om overføring av fellingsløyver mellom åra i planperioden. Miljødirektoratet gjer framlegg om 10% av fellingsløyva kan overførast. Ordninga må praktiserast likt for heile kommunen.
- Brot på retningslinjer av bestandsplanar kan seiast opp av kommunen. Etter §16 i nemnde forskrift kan ein bestandsplan seiast opp om der er grove brot på føresetnader for planen. Dette kan være manglande rapportering, vesentleg endringar i bestanden, eller vesentlege avvik frå godkjend plan i form av årleg felling, kjønn og alder. Frist for kommunen å trekke godkjend plan er 1.april.

Vedtekter for Kilsfjord Hjortevald

§ 1 Organisering

Kilsfjord hjortevald er samanslutning av jaktrettshavarane i noverande vald nr 6 Kile, nr 7 Straume-Mjeltevik, nr 8 Bjørneset, nr 32 Krumsvik-Mek og vald nr 47 Fylsvik- Botnen- Søvik. Dei tidlegare valda i dette området vert no definert som jaktfelt i Kilsfjord hjortevald.

§ 2 Målsetting

Valdet skal samle rettshavarane i dei tidlegare valda i området frå og med Krumsvik-Mek, Straume, Mjeltevik, Kile vidare Søvik, Fylsvik, Botnen og Bjørneset for å forvalte hjorteviltet på beste måte for jaktrettshavarane.

Gjennom samarbeid og planmessig hjorteforvaltning skal hjortestamma tilpassast på eit nivå som er i samsvar med beitegrunnlaget, samt gje størst mogleg jaktutbytte, samstundes som beiteskader på innmark og skog vert halde på eit rimeleg nivå.

§ 3 Medlemskap

Kvart av dei gamle valda melder seg inn i hjortevaldet som jaktfelt ved undertekning av innmeldingsfullmakt.

På årsmøtet har kvar rettshavar ei røyst.

§ 4 Deling av fellingskvoten

Tildeling etter gjeldande arealgrunnlag i 2002 til alle jaktfelte i valdet, dette er ei prøveordning i den første bestandsplanen. Denne skal gjelde i 1-3 år. Arealet som er teljande er all innmark, samt utmark opp til 600m.o.h.

§ 5 Jakta

Jakta i valdet skal føregå i samsvar med viltlova og forvaltningsplanen. Elles er jaktfelte einerådande i den praktiske utøvinga av jakta i sitt område. Jaktresultat med stadfesting av alder og kjønn skal rapporterast attende til styret seinast 3 dagar etter at jakta er slutt. Valdet er tilslutta ettersøksordning etter avtale med eigar av godkjend ettersøkshund. Kvart jaktfelt er ansvarlig for å tilkalle hund og til administrere ettersøk ved påskotne dyr. Avgifta til ettersøksordning må betalast til valdet v/kasserar seinast 25. august.

Hjorteteljning vert gjort av viltnemnda i kommunen.

Det vert halde kontroll av kalve hovud. Nærare detaljar vert informert etter kommunalt vedtak.

§ 6 Flytting av fellingsløyve mellom jaktfelt

Hjorten skal primært fellast i det jaktfeltet løyvet er tildelt. Er dette ikkje mogleg kan løyver flyttast mellom jaktfelte med felles grenser innan valdet dersom styra i båd jaktfelte er skriftleg samde om dette. Flytting av løyver mellom jaktfelt utan felles grenser skal avgjerast av styret. Samarbeid og samjakt skal meldast til styret ved leiar. Alt samarbeid og samjakt skal være skriftleg avtala mellom dei to jaktfelte ved jaktfeltleiarane.

Løyver som vert selde skal fellast på det jaktfeltet der dei er kjøpt.

§ 7 Feilskyting og skrapdyr

Feilskote dyr vert overført til jaktfelt som ikkje har fyllt si kvote. Skriftlig rapport om hendinga skal sendast til driftsplanstyret ved valdleiar, innan 24 timar etter fellinga fann stad. Feilskyting utover totalkvota for driftsplanområdet er staffbart etter viltlova §48 og skal rapporterast til viltnemnda. Ved feilskyting i eit felt skal heile dyret overførast. Det skal ikkje frådelast eventuell jegerpart.

Ein gjer oppmerksom på at eit vald som f.eks har fått tildelt totalt 12 voksne hann dyr for ei treårsperiode ikkje treng ta ut 4 voksne hann dyr pr år, men kan fordele antallet over heile perioden så lenge totaltalet ikkje overskrider total tildeling. Vert det i dette eksempelet derimot felt 13 voksne hanndyr skal det siste overførast som feilskyting.

Det er åpna for fri felling av skrapdyr. Disse er definert som årskalvar med slaktevekt under 17kg, fjorskalvar med slaktevekt under 36 kg.

Slik felling skal varslast så snart som råd og seinast innan same dag til styrets leiar. Skrott, skinn og hovud skal kontrollerast av viltnemnd eller ein av styremedlemmene i eit anna jaktfelt enn det jaktfeltet skrapdyret er skote i. Skrott, skinn og hovud skal oppbevarast i minimum 24 timar etter felling. Skrapdyr vert ikkje trekt frå tildelt kvote. Det skal haldast teljing med fellingsdato, vekt, kjønn og antal skrapdyr for dei enkelte jaktfelte.

§ 8 Årsmøte

Årsmøte skal haldast før 31. mars kvart år. Arbeidsår og regneskapsår skl fylgje klenderåret.

Grunneigar/jaktrettshavar kan være representert ved fullmakt. Ingen kan møte med fullmakter frå meir enn eit jaktfelt. Årsmøtet skal kallast inn av styret. Innkallinga skal være skriftleg og skal skje minst 2 veker før årsmøtet. Sakliste skal leggst ved Saker som grunneigar/jaktrettshavarar ynskjer å ta opp på årsmøtet må leverast skriftleg til styret seinast 28. februar. Saker om vedtektsendringar må stå på saklista ved årsmøteinnkallinga for å kunne handsamast på årsmøtet.

Årsmøtet kan vedta vedtektsendring med 2/3 fleirtal av dei frammøtte. Andre saker vert avgjorde med enkelt fleirtal.

Årsmøtet skal;

- Handsame årsmelding, arbeidsplan for komande år, regneskap og budsjett.
- Handsame styret sitt framlegg til forvaltningsplan og avskytingsavtale.
- Handsame innkomne saker
- Velje leiar, styremedlemmer, varmedlemmer og revisor.

Det skal skrivast referat frå årsmøtet.

§ 9 Ekstraordinært årsmøte

Dersom styret eller minst 1/3 av grunneigarane/jaktrettshavarane krev det, skal det kallast inn til ekstraordinært årsmøte. Innkallinga og sakshandsaminga skal skje som ved ordinært årsmøte. På ekstraordinært årsmøte skal berre dei sakene som har gjeve grunn til innkallinga, handsamast.

Slutningsmøte 13. mai kl. 10

§10 Styret

Valdet vert leia av eit styre som er sett saman av jaktfeltleiar for kvart av dei enkelte jaktfelta i tillegg til ein personleg vara som jaktfeltet sjølv vel. Styret skal konstituerast i leiar, nestleiar, kasserar, sekretær og styremedlem(er). Styret kan gjere vedtak når minst halvparten av styremedlemmene er tilstades. Avstemmingar i styret skjer ved vanleg fleirtal. Årsmøtet vel leiar, dei øvrige verva konstituerer styret sjølv.

Styret skal;

- Arrangere årsmøte
- Legge fram årsmelding og regneskap
- Kome med framlegg til arbeidsplan og budsjett.
- Arbeide for ei langsiktig og best mogleg forvaltning av hjrteviltet.
- Lage framlegg til forvaltningsplan for hjorteveltet i valdet
- Utarbeide framlegg til avskutningsavtale til årsmøtet
- Inngå avskytningsavtale med kommunen på grunnlag av årsmøtevedtak
- Gje god informasjon til medlemmene om faglege spørsmål.
- Gjennomføre dei vedtak som vert fatta av årsmøtet
- Gjennomføre kontroll av skotne skrapdyr

Leiar vert valt på årsmøtet kvart år. Styremedlemmer vert valde for 2 år. Varamedlemmer er på valg kvart år.

Det skal førast protokoll over styret sitt arbeide og vedtak.

§11 Økonomi

Valdet søker om tilskot frå det kommunale viltfondet til finansiering av hjortevaldet.

§12 Opplysing

Opplysing av valdet kan gjerast med 2/3 fleirtal på ordinært årsmøte dersom halvparten av røystepartane er tilstades. Dersom det møter færre partar kan laget oppløysast på nytt årsmøte med vanleg fleirtal mellom dei frammøtte. Før oppløysing må alle økonomiske tilhøve være ordna og laget sine eigendeler skal fordelsat på medlemmene etter partar.

§13 Tvist

Alle tvistar mellom valdet og jaktfeltet eller mellom jaktfelta innbyrdes om tolking og gjennomføring av vedtektene skal avgjerast med bindande verknad for alle partar av ei voldgiftsnemnd på tre medlemmer. Av desse vel partane eit medlem kvar og den siste skal oppnemnast av vilforvaltninga i Volda kommune. Den siste er nemnda sin leiar. Vedtak i nemnda skal grunngjevast. Det skal førast protokoll over alle tvistesaker.

Innmelding frå
Jaktfelt nr.....

Med min signatur melder eg meg med dette inn i Kilsfjord Storvald og tek del i dei rettar og plikter som det går fram av vedtektene til storvaldet.

Innmeldinga er bindande, men ka seiast opp innan 31.12. kvart år. Oppseiing gjeld frå og med påfølgjande år. Innmelding og medlemskap er gratis.

Eigar

Bruk nr

Dato

Signatur



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Peder Magnussen

Arkivsak nr.: 2017/1034

Arkivkode: K40

Utvalsaksnr **Utval**
51/18 Forvaltningsutvalet

Møtedato
12.06.2018

BESTANDSPLAN FOR HJORT 2018-2020 - FOLKESTAD JAKTFORVALTNING

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet godkjenner framlagd bestandsplan for hjort for Folkestad jaktforvaltning for perioden 2018 - 2020. Valdet får tildelt fellingsløyve på 147 frie dyr for denne 3-års perioden. Valdet kan overføre inntil 10 % av årleg kvote, dvs. 4 dyr, mellom åra i planperioden.

Vedleggsliste:

Målsetjing for hjorteforvaltning i Volda kommune.

Søknad om ny bestandsplan for Folkestad jaktforvaltning 2018-2020.

Avskytingsavtale mellom Folkestad jaktforvaltning og Volda kommune.

Saksopplysningar/fakta:

Folkestad jaktforvaltning har i søknad av 30.april fremma rullering av bestandsplan for åra 2018 – 2020, 3 år.

Valdet søker ei tildeling for perioden på 147 dyr, eller i snitt 49 dyr i året. Med eit teljande areal på 19 680 da vert dette 400 da pr. løyve. Kommunen gjer vedtak om ei rammetildeling for perioden på frie dyr, men valdet skal oppfylle den avskytingsavtale for perioden 2018 – 2020 som valdet sjølv legg opp til og som forvaltningsstyret godkjenner. I avskytingsavtalen er det lagt opp til denne fordelinga: Maks 25 (28) % kalv, maks 35 (36) % eldre kolle, 27 (27) % spissbukk og maks 18 (19) % eldre bukk, resultatet frå 2015 – 2017 i parentes.

Storvaldet/bestandsplanområde deler sjølv årleg ut tal på dyr etter kategori til det enkelte jaktfelt. At storvaldet administrerer jaktfelta med tildeling og rapportering sparer kommunen for arbeid, noko som vert godtgjort med redusert fellingsavgift. Bestandsplanområda i Volda har 40 % reduksjon i årleg fellingsavgift til viltfondet.

Tildeling til Folkestad jaktforvaltning var i perioden 2015 – 2017 på 120 dyr. Av desse vart det i perioden felt 96 dyr, eller knapt 80 %. Frå 2008 er fellingsprosenten i snitt på 77 %.

Det samla fellingsresultatet for heile kommunen har vore slik siste åra:

År	Tildelt totalt	Felt kalv	Felt spissb.	Felt kolle	Felt voksen b.	Felt totalt	Fellings%
2008	542	123	86	182	96	487	90
2009	544	125	82	166	89	462	85
2010	563	132	82	180	84	478	85
2011	581	123	80	186	81	470	81
2012	586	92	91	140	56	379	65
2013	605	122	84	175	79	460	76
2014	596	93	61	157	72	383	64
2015	576	105	84	133	54	376	65
2016	549	123	94	160	81	458	83
2017	548	137	105	170	96	508	93
Snitt	569	118	85	165	79	439	79

I 2017 utgjorde det telleande arealet 577 da/ felte dyr i Volda.

Volda kommune har vedteke kommunale mål for hjorteforvaltninga i kommunen i 2016. Hovudmåla er ei bærekraftig stamme med dei beste avlsdyra kor kjønns- og aldersfordelinga er stabilt fordelt.

Vurdering og konklusjon:

Kommunen skal vurdere forvaltningsplanen utifrå forskrift M-478\2016 om forvaltning av hjortevilt. I samband med godkjenning av bestandsplan er det § 15, 16 og 18 som gjeld, ev. § 7 om fråvik av minsteareal. Utdrag av paragrafane fylgjer under:

§ 7 Fravik fra minstearealet

Kommunen kan ved tildeling av fellingstillatelser fravike minstearealet for elg, hjort og rådyr med inntil 50 prosent. Fravik kan gjøres på bakgrunn av ulikheter i artens levevilkår i kommunen, bestandens størrelse og utvikling, den skade viltet volder eller andre ekstraordinære forhold.

Fravik fra minstearealet er et enkeltvedtak som gjøres for særskilte vald og for et begrenset tidsrom.

§ 15 Krav til bestandsplan for elg og hjort

Vald eller bestandsplanområder som disponerer et tellende areal på minimum 20 ganger minstearealet kan søke kommunen om godkjenning av en flerårig, maksimalt femårig, bestandsplan for elg og/eller hjort.

Bestandsplanen skal inneholde mål for bestandsutviklingen, i samsvar med kommunens mål.

Bestandsplanen skal også inneholde en plan for den årlige avskytingen i antall dyr, som et minimum fordelt på kategoriene kalv, voksne hunndyr og voksne hanndyr, samt spissbukk for hjort.

Frist for å søke kommunen om godkjenning eller endring av bestandsplan er 1. mai.

Søknaden skal underskrives av bestandsplanområdets representant.

§ 16 Godkjenning og endring av bestandsplan for elg og hjort

Kommunen skal behandle søknad om godkjenning av ny bestandsplan eller endring i eksisterende bestandsplan innen 15. juni.

En godkjenning fastsetter fellingstillatelser for hele bestandsplanperioden, og skal inneholde

informasjon om muligheten for overføring av et begrenset antall fellingstillatelser mellom år i perioden.

Kommunen kan trekke godkjenningen tilbake og tildele nye fellingstillatelser dersom arealkravet i § 15 ikke lenger er oppfylt, ved manglende rapportering, ved vesentlig uforutsette endringer i bestanden i området eller ved vesentlige avvik fra godkjent bestandsplan, herunder avvik i forhold til årlig planlagt avskyting i antall, kjønn eller alder. Frist for kommunen til å trekke godkjenningen tilbake er 1. april.

§ 18 Fellingstillatelse for elg og hjort

Kommunen tildeler årlig fellingstillatelser for elg og hjort til godkjente vald med et tellende areal som minimum tilsvarer minstearealet. Fellingstillatelsen gjelder innenfor det godkjente valdet.

For vald eller bestandsplanområder med godkjent bestandsplan skal fellingstillatelsene vise antall dyr uten spesifikasjon på alder og kjønn, og avskytingen skal utføres i samsvar med alder og kjønn i godkjent bestandsplan. For bestandsplanområder tildeles fellingstillatelsene hvert enkelt vald.

Kommunen skal sende fellingstillatelsen til valdansvarlig representant innen 15. juni.

I 2017 vart det felt 508 hjort i Volda, ein oppgang på 10 % frå 2016. 35 dyr eller ca. 7 % av dei skutte dyra i Volda 2017 vart felt av Folkestad jaktforvaltning. Kvoten vert gitt som frie dyr, men med ei klar målsetting/krav til avskytingsavtale, kva kategori dyr etter kjønn og alder som skal fellast i perioden.

Eg stussar litt på avskytingsavtalen valdet legg opp til med maks uttak av kalv på 25 %. I målsetjingene til kommunen står det at i bestandsplaner bør vere minimum 25 % uttak av kalv. Om valdet er redd for lite og seinfødde kalvar, bør ein sørge for å ha rikeleg med store bukkar som stimulera kollene til tidleg brunst. Valdet bør derfor ha eit uttak på over 60 % med kalvar og ungdyr for få ein sunn stamme med fleire vaksne dyr som igjen gir fleire fødte kalvar.

Eg har derfor endra avskytingsavtalen etter munneleg samtale med valdsleiar Asbjørn Aasebø.

Grunna rekordavskyting, mange trafikkdrepte dyr og store skader på innmark og ungskog vart minsteareal i kommunen endra i mars 2018 slik at ein kan tildele fleire løyver og dermed redusere den store hjortebestanden. Minstearealet er nå 400 da for heile kommunen.

Kommunen skal etter § 16 gi informasjon om moglegheita for å overføre eit avgrensa tal fellingsløyve mellom år i perioden. Det er tilrådd at inntil 10 % av fellingsløyva kan overførast mellom år i perioden, og det vert tilrådd at Volda kommune legg seg på denne %-satsen, dvs. at dette valdet kan overføre inntil 4 dyr frå eitt år til eit anna i planperioden.

I 2017 vart valda og jegerane i Volda oppmoda til å nytte settogskutt.no for registreringane av sett hjort. Viltansvarleg fekk mange positive tilbakemeldingar på dette, og håpar og forventar at storvaldet nyttar elektronisk registrering, samt legger inn slaktevektar frå 2018.

Ein viser til saksutgreiinga og framlagd bestandsplan for Folkestad jaktforvaltning for 2018 - 2020, og tilrår at forvaltningsutvalet godkjenner planen. Ein føreset at valdet oppnår målsettinga i avskytingsprofilen slik det går fram av bestandsplanen.

Liv Bente Viddal
Seksjonsleiar

Peder Magnussen
Fagansvarleg skogbruk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Landbrukskontoret i Ørsta og Volda

Klageinstans:

Fylkesmannen

Målsetjing for hjorteforvaltning i Volda kommune.

m/ rettleiing for bestandsplanane

Målsetjingar for hjorteforvaltninga og rettleiing for bestandsplanane i Volda kommune:

I §3 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt M-478 2016 heiter det:

«Kommunen skal vedta mål for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e). Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.»

1. Gjennomføre ei bestandsretta hjorteforvaltning

Hjortebestanden skal i størst mogleg grad forvaltast innan sitt årsleveområde. Dette er ei stor utfordring, med vår topografi og vår historisk, nederva valdsstruktur.

Ein vil legge vekt på lokal og berekraftig forvaltning av hjortestamma, at hjorteviltressursane er til nytte både nærings- og rekreasjonsmessig.

Viltforvaltninga skal søkje å ha eit uttak som er viltfagleg rett. Stamma skal ha så god kjønns- og aldersfordeling som råd, dyra skal ha god kondisjon/vekt etter alder og kjønn. Beitetrykk skal være berekraftig over tid, beiteskadar på nyttevekstar, innmark, og skog skal ikkje føre til store verditap for grunneigaren.

God bestandsretta hjorteforvaltning skal ha som resultat hjortestamme som over tid har god kjønnsbalanse og aldersfordeling, god kondisjon/gode vektorer etter alder og kjønn.

2. God beitekvalitet i utmark

Ein skal gjennomføre ei hjorteforvaltning som søker oppretthalde beitekvaliteten i vinterbeiteområda og byggje opp att beitekvaliteten i sterkt nedbeita områder ved større uttak . At vinterbeita har god nok kvalitet er avgjerande for hjorten, og det er viktig at viltforvaltninga overvakar denne..

I Volda gjennomførde Bioforsk Tingvoll, (no NIBIO) i 2008 ei gransking av kvaliteten på viktige vinterbeiteområde . Konklusjonen var at beitetrykket på den vegetasjon som er viktig for vinterbeite, m.a. blåbærlyngen, var moderat beita i store deler av kommunen, men dels sterkt nedbeita i Mork-området.

3. Redusere skadar på innmark og skog

Viltforvaltninga i kommunen tek høgde for å unngå stor skadebeiting, både på jord- og skog.

Hjortestamma må tilpassast slik at beitetrykket og skadane av den ikkje vert for stort på uønska areal, men dette er ikkje ein enkel oppgåve med den store stamme som ein har i dag. Både valda og drivar av jord- og skog må søke å ta ut skadedyr så snart desse er lokalisert, ofte er det få/færre dyr som gjer stor skade.

Valda/jaktfelt som over tid har store beiteskadar på innmark og skog, bør få ei større tildeling enn det som areal åleine tilseier .

Tiltak mot skadebeiting må setjast inn før avlingskader/skogskader vert eit vesentleg tap for grunneigaren.

Biologisk mangfald:

Det er sentralt i hjorteviltforvaltninga at stamma er godt tilpassa beitegrunnlaget.

Særleg i snørike vintrar kan hjorten gjere ikkje så lite skade på skog, både barskog og særleg edellauvskog kan verte skada, i verste fall kan dei døy.

Naturmangfaldslova:

Kommunen kan på kort varsel gi løyver på uttak av hjort utanfor jakttida for dyr som gjer skade på skog, nyttevekstar og innmark, eller som er til fare for trafikken og allmenta heimla i naturmangfaldslova.

4. Oppnå ein sunnare hjortestamme

I dette ligg både ei gunstig kjønnsfordeling, aldersfordeling, høgare slaktevektar, med sunne og friske dyr i godt hald. Best måler ein dette gjennom slaktevekt for kalvar og 1 1/2 årringar.

Volda har diverre ikkje godt nok grunnlag når det gjeld registrering av slaktevekter på hjort, det meste skriv seg frå innhenta data frå enkeltvald.

Systematisk innhenting av vekter vert eit viktig arbeid etter desse retningslinene.

Utan at ein har god nok dokumentasjon synes det ut frå dei innhenta data som slaktevektene for alle kategoriar dyr har gått ned i seinare år.

Ei målsetting for hjortestamma i Volda må være at ein gjennomsnittlige slaktevekter skal aukast med 10% i høve til 2012 nivå, der ein har ein del data.

Snittvekt Volda 2012:

Hokalv: 26 kg, hannkalv 28 kg, kolle 1.5 år 47 kg, spissbukk 51 kg.

Snittvekt Volda 2013:

Hokalv: 26 kg Hannkalv: 27 kg Hodyr 1,5 år: 42 kg Hanndyr 1,5 år: 48 kg

Snittvekt 1992 i Møre og Romsdal:

Hokalv: 28 kg Hannkalv: 30 kg Hodyr 1,5 år: 51 kg Hanndyr 1,5 år: 58 kg

Det bør ikkje være nokon god grunn for at Volda skal ligge så mykje under snittet for fylket, sjølv om data er usikre.

Virkemiddel er innføring av strengare vektgrensar for skrapdyr og større redusering av hjortestamma i pressområde.

5. Viltpåkøyrslar.

Viltpåkøyrslar er ein stor kostnad for samfunnet og representere både fare for folk tryggleik, store økonomiske skadar og dyras liding.

Volda kommune har fallviltavtale med Volda og Ørsta Ettersøksring. Viltfondet dekker kostnadene som går med til ettersøk, avliving og fjerning av fallvilt.

Målsetjinga er å halde hjorteviltstamma på eit nivå slik at påkøyrslar kan på eit lågast mogleg nivå, m.a. ved tiltak som å unngå lagring av rundballar langs trafikkert veg, og god sikt langs vegane.

6. Fellingsavgift

Inntil nytt vedtak vert gjort er fellingsavgifta for kalv kr. 180,- og 300,- for vaksne dyr.

- Dokumenterte skrapdyr skal ikkje svare fellingsavgift.

For vald **med** fleirårig bestandsplan, tildeling etter § 18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt, vert det gitt 40% rabatt.

For vald **utan** godkjend bestandsplan, også tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt vert det ikkje gjeve rabatt.

Krav for å oppnå rabatt:

- Valdet/bestandsplanområdet skal utføre vårteljning kvart år.
- Det skal rapporterast frå jakta på www.settogskutt.no eller på Setthjort skjema etter fastsett tidsfrist, 14 dg frå jaktslutt.

7. Interkommunalt samarbeid.

Kommunane på søre Sunnmøre samarbeider i hjorteforvaltninga, m.a. felles teljedatoar for vårteljning av hjort. Ein har samarbeidd om både merke- og vinterbeiteprosjekt tidlegare. Ein vil halde fram dialog om forvaltning, og samarbeide om framtidige prosjekt. Vidare har Volda og Ørsta god dialog med samordning innan hjorteforvaltninga, m.a. er det være aktuelt med hortevald over kommunegrensa.

8. Rapport og kontroll.

Etter § 32 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt er det rapportplikt av fellingsresultat innan 14 dagar etter jaktslutt.

Alle felte kalvar skal rapporterast straks etter felling, kommunen bør/kan utføre stikkprøvekontrollar av felt kalv.

9. Målsetting til bestandsplanane:

- Minimum 25 % kalv
- Minimum 25 % ungdyr (1 ½ år)
- Minimum 70 % fellingsprosent av årlig tildeling og 80 % for perioden.
- Kjønnsbalansert av fordeling mellom hanndyr og hodyr i uttaket, dvs. forhold mellom bukk og kolle kan justerast på valdnivå i uttaket etter data frå hjorteviltregisteret i bestandsplana. Kommunal målsetnad er 1,5 kolle per bukk.

- Innføring av skrapdyrkvote og krav om kontrollveging innan 48 timar etter felling, valda må ha internkontroll. Ved mykje skottrensking skal det leggst til vekt etter skjøn.
 - Vektgrense: 20 kg for kalv, for skrapdyr av kalv skal dyret rapporteras som kalv til kommunen, men belastas ikkje fellingsavgift og går ikkje på kvota.
 - 45 kg for 1 ½ år, rapporteras som skrapdyr og etter faktisk alder og kjønn, går ikkje på kvota.
 - 55 kg for 2 ½ år og eldre dyr og rapporteras som skrapdyr og etter faktisk alder og kjønn. Dyret går ikkje på kvota.
 - Vrakdyr etter avtale med kommune eller mattilsynet.
- Valda skal halde tilbake ein viss % -del av årleg kvote til fordeling mellom jaktfelt som har skutt full kvote/jaktfelt som har dyr til gode mot slutten av jakta.
- Etter Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal kommunen ved godkjenning av bestandsplan gjere vedtak om overføring av fellingsløyver mellom åra i planperioden. Miljødirektoratet gjer framlegg om 10% av fellingsløyva kan overførast. Ordninga må praktiserast likt for heile kommunen.
- Brot på retningslinjer av bestandsplanar kan seiast opp av kommunen. Etter §16 i nemnde forskrift kan ein bestandsplan seiast opp om der er grove brot på føresetnader for planen. Dette kan være manglande rapportering, vesentleg endringar i bestanden, eller vesentlege avvik frå godkjend plan i form av årleg felling, kjønn og alder. Frist for kommunen å trekke godkjend plan er 1.april.

BESTANDSPLAN

for


Folkestad Jaktforvaltning

INNHold

- 1. Beskrivelse av planområdet**
- 2. Planperiode**
- 3. Organisering og samarbeidsorgan**
- 4. Grunnlags- og bestandsdata for valdet**
 - 5. Målsetting**
 - 6. Verkemidler**
 - 7. Avskytingsplan**
- 8. Reaksjonsbestemmelsar**
- 9. Godkjenning**

1. Beskrivelse av planområdet (valdet)

- Valdet ligg i Møre og Romsdal Fylke, Valda kommune.
- Valdet sine grenser : Valdet ligg på halvøya mellom Dalsfjorden og Voldsfjorden, og grensar mot Krumsvik/Mek i aust, og Dalsbygd og Dale/Dalberg i syd. Kartutsnittet viser Folkestad Jaktforvaltning si inndeling i ulike jaktområda utan at grensene er nøyaktig trekte.



Grenser mellom jaktfelt (antydningssvis, ikkje neyaktig)

Trekkruiter inn i valdet

- Folkestad jaktforvaltning har 19680 da som teljande areal.
- Folkestad jaktforvaltning er samansett av
 - o Rossetvik jaktfelt
 - o Nautvik/Kornberg jaktfelt
 - o Rønnestad/Sollid/Løndal
 - o Folkestad Midtre jaktfelt

o Folkestad Indre Jaktfelt

Jaktfelta er inndelt etter dei gamle valdgrensene.

Folkestad jaktforvaltning har vore organisert som storvald med avskytingsavtale sidan 1994 med avtaleperiode for 3 år om gongen. Førsta periode fra 1994 – 1997 var også Krumsvik /Mek ein del av valdet. Fra 1997 -2005 gjekk Folkestad indre og Krumsvik/Meek ut av storvaldet. Fra 2008 er Folkestad Indre med i Folkestad jaktforvaltning på nytt.

2. Planperiode

Planperioda er frå og med 2018 til og med 2020

3. Organisering og samarbeidsorgan

Folkestad Jaktforvaltning har eit felles styre samansett av jaktleiarane fra dei enkelte jaktfelt.

Desse har fullmakter fra sine respektive jaktfelt til å fatte vedtak på vegne av jaktfeltet.

Styret for planperioda er samansett slik:

- Asbjørn Aasebø leiar
- Ove Rossetvik Rossetvik jaktfelt
- Knut Nautvik Nautvik jaktfelt
- Jostein Rønnestad Rønnestad / Sollid / Løndal
- Tone Aasebø Venås Folkestad Midtre jaktfelt
- Svein Kåre Flote Folkestad Indre jaktfelt

Tal fellingsløyver vert fordelt på dei ulike jaktfelta etter teljande areal.

Dei ulike jaktlag opererer innanfor sine jaktfeltgenser. Eigne vedtekter regulerer tilhøvet mellom jaktfelta i storvaldet.

4. Grunnlags- og bestandsdata for valdet

- Hjortestamma si utbreiing og trekktilhøve.

Det er grunn til å tru at hjortestamma i området har eit trekkområde som strekk seg utover Folkestad jaktforvaltning sitt område. Truleg vandrar dyra mellom Folkestad, Bjørkedal, Kile, Dalsbygd og Dale/Dalberg. Merkeprosjektet viser også at hjorten har eit mykje større vandringsområde enn ein tidlegare rekna med, då merka dyr fra nabofylket i sør er observert i vår kommune. Trekkrutene inn i valdet er i hovedsak fra Straumshamn over Sandåna inst i Folkestaddalen, og fra Dalsbygda over Lisje-Blåfjellet til Kyrshovudet og vidare fordeling til

alle jaktfelt i området.

Vi observerer klare årsvariasjonar, då dei sydvende lidene mot Dalsfjorden i større grad er tilhaldsstad i vinter og vårhalvåret, medan dyretettleiken er størst rundt dei store dyrkingsfelta på Folkestad om sommaren og hausten. Dette er observasjonar, og kan ikkje dokumenterast med faktatal.

- Beiteskader på skog/innmark

Det er ikkje meldt beiteskade til Folkestad jaktforvaltning, og vi kan såleis ikkje dokumentere at omfang. Beitetrykket kan vere betydeleg på innmark om varen på jakfelta Nautvik/Komberg og Rossetvik, og gnagskade på frukttre, bær- og prydbuskar er observert.

Dyrkingsfelta og utmarksnær innmark på Folkestad har dei største plagene om sommaren og hausten. I snørike vintrar har vi observert gnagskade på granskog.

- Irregulær avgang,

Trafikkskade er skjeldan, til tross for mykje dyr som kryssar fylkesvegen. I vintrar med mykje snø og frost utover våren har vi observert dyr som bukkar under. Vi kan ikkje talfeste desse funna.

- Sett Hjort-data.

Vi vil fokusere på "sett-hjort"-registrering i bestandsplanperioda for å få betre dokumentasjon i framtidig planarbeid.

- Andre bestandsregistreringer

Det vert gjort dyretelling i valdet kvart år som leik i kommunen sitt kartleggingsarbeid. Første teljing no i 2018 var rekord med 77 dyr på storvaldet. Dette indikerer ein liten auke i høve til tidlegare års teljingar.

5. Målsettingar

- Hovedmål.

- Valdet sitt føremål er å bidra til ei langsiktig forvaltning av viltet med best mulig produksjon og avkastning i forhold til leveområdet si bereevne og med minst mogeleg skade på jord- og skogbruk.
- Valdet sitt føremål er å samle jaktfelta for i fellesskap å forvalte hjorten som ein del av landbruksæringa sitt ressursgrunnlag.

- Delmål.

- Vi skal forvalte dyreuttak slik at hjortestamma blir om lag på dagens nivå.

6. Virkemidler

- **Avskyting.** Kvoten for planperioden skal fordelast slik at årleg avskyting blir jamnast mogleg, både med omsyn til antall, alder og kjønn. Vi observerer og skyt færre kalvar enn tidlegare, og tilsynelatande blir kalvane fødde seinare på våren. Vi vil derfor behalde kalveuttak på maksimalt 25% totaluttak.
- **Innsamling av data.** Fellingsrapporter med slaktevekt, og sett-hjort skjema skal samlast inn av kontaktperson til årlig vurdering av status for å fylgje utviklinga frå år til år. Frist for rapportering til kommunen er maksimalt 10 dagar etter jaktslutt. Det er viktig at både valdansvarlig, kommune og fylkesmann får data innan dei fastsette fristane.

7. **Avskytingsplan** - fordeling av kvote på antall, alder og kjønn per år for gjeldende planperiode.

1. Den årlege fellingskvota vert tildelt Folkstad jaktforvaltning (*FJF*) samla som berre valgfrie dyr med heimel i Viltlovens forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever § 14. Kvotestørrelsen vert fastsett av kommunen for heile planperioden etter samråd med *FJF* som forplikter seg til å arbeide for eit årleg uttak jevnt fordelt på antall, kjønn og alder, så sant ikkje anna vert avtalt med kommunen.
2. Ut frå føresetnadane i hjorteviltforskriftens § 14, og med visning til bestandsplanen, godtar kommunen at valdet sjølv fordeler tildelt kvote slik at fordelinga av felte dyr ved planperioda sin slutt blir:

Alternativ 1	2018	2019	2020
a) Kalv	Max. 25%	Max. 25 %	Max. 25 %
b) Voksne hodyr	Maks. 35%	Maks. 35 %	Maks. 35 %
c) Voksen bukk	Maks. 45 %	Maks. 45%	Maks. 45%

3. *FJF* er forplikta til å forsøke å oppnå ein prosentvis fordeling av felt hjort innanfor avtaleperioden som fastsatt i pkt. 2. *FJF* står fritt til å ta ut ein større andel kalv/ungdyr og/eller en lavere andel voksne koller/bukkar enn nevnt i pkt. 2. Alle prosenttal vert regna av det totale antall felte dyr over 3- års perioden som avtalen gjeld.
4. Ved vesentlige avvik fra godkjent bestandsplan, eller vesentlige uforutsette endringar i bestanden i området i løpet av planperioden, kan kommunen vedta å trekke godkjenningen tilbake og dele ut ny fellingstillatelse.
5. *FJF* vil rette seg etter dei krav som Volda Kommune til ei kvar tid stiller for kontroll av felt vilt.

8. Reaksjonsbestemmelser

• Reglar for valdet.

- Vert kalv og kolle observert saman skal kalv skytast før kolle
- Eigne vedtekter regulerer tilhøvet mellom jaktfelta i storvaldet.
- Feilskyting skal løysast i prioritert rekkefølge:

Felt dyr skal bydast til andre jaktfelt som står til rest med den dyretypa. Dersom det ikkje er ledig løyve på felt dyr i storvaldet, kan dyret overførast til neste års kvote.

Feilskyting i siste avtaleår utan mogelegheit for plassering innanfor totalkvota i bestandsplanperioda skal overlatast til Volda viltnemnd.

9. Godkjenning

Avtalen er inngått: Volda/ Folkestad mai 2018

.....
Asbjørn J. Aasebø

valdansvarlig for Folkestad jaktforvaltning

.....
for Volda kommune



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Peder Magnussen

Arkivsak nr.: 2017/1034

Arkivkode: K40

Utvalsaksnr **Utval**
52/18 Forvaltningsutvalet

Møtedato
12.06.2018

BESTANDSPLAN FOR HJORT 2018-2020. DALSBYGD HJORTEVALD

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet godkjenner framlagd bestandsplan for hjort for Dalsbygd hjortevald for perioden 2018 - 2020. Valdet får tildelt fellingsløyve på 204 frie dyr for denne 3-års perioden. Valdet kan overføre inntil 10 % av årleg kvote, dvs. 6 dyr, mellom åra i planperioden

Det vert gjort fråvik frå minstearealet i kommunen etter § 7 i forskrifta, for planperioden. Grunngeving er hjortestamma sin storleik i området og kommunen.

Vedleggsliste:

Målsetjing for hjorteforvaltning i Volda kommune.

Søknader om ny bestandsplan for Dalsbygd hjortevald 2018-2020.

Saksopplysningar/fakta:

Dalsbygd hjortevald har i søknad av 30.april fremma rullering av bestandsplan for åra 2018 – 2020, 3 år.

Valdet søker ei tildeling for perioden på 204 dyr, eller i snitt 68 dyr i året. Med eit teljande areal på 13 600 da vert dette 200 da pr. løyve. Kommunen gjer vedtak om ei rammetildeling for perioden på frie dyr, men valdet skal oppfylle den avskytingsprofil for perioden 2018 – 2020 som valdet sjølv legg opp til og som forvaltningsstyret godkjenner. I avskytingsprofilen er det lagt opp til denne fordelinga: Minimum 25 (26) % kalv, minimum 17 (13) % 1,5 års kolle, minimum 20 (21) % eldre kolle, minimum 18 (25) % spissbukk og maks 20 (15) % eldre bukk, resultatet frå 2015 – 2017 i parentes.

Storvaldet/bestandsplanområde deler sjølv årleg ut tal på dyr etter kategori til det enkelte jaktfelt. At storvaldet administrerer jaktfeltene med tildeling og rapportering sparer kommunen for arbeid, noko som vert godtgjort med redusert fellingsavgift. Bestandsplanområda i Volda har 40 % reduksjon i årleg fellingsavgift til viltfondet.

Tildeling til Dalsbygd hjortevald var i perioden 2015 – 2017 på 138 dyr. Av desse vart det i

perioden felt 115 dyr, eller knapt 83 %. Frå 2008 er fellingsprosenten i snitt på 89 %.

Det samla fellingsresultatet for heile kommunen har vore slik siste åra:

År	Tildelt totalt	Felt kalv	Felt spissb.	Felt kolle	Felt voksen b.	Felt totalt	Fellings%
2008	542	123	86	182	96	487	90
2009	544	125	82	166	89	462	85
2010	563	132	82	180	84	478	85
2011	581	123	80	186	81	470	81
2012	586	92	91	140	56	379	65
2013	605	122	84	175	79	460	76
2014	596	93	61	157	72	383	64
2015	576	105	84	133	54	376	65
2016	549	123	94	160	81	458	83
2017	548	137	105	170	96	508	93
Snitt	569	118	85	165	79	439	79

I 2017 utgjorde det telleande arealet 577 da/ felte dyr i Volda.

Volda kommune har vedteke kommunale mål for hjorteforvaltninga i kommunen i 2016. Hovudmåla er ei bærekraftig stamme med dei beste avlsdyra kor kjønns- og aldersfordelinga er stabilt fordelt.

Vurdering og konklusjon:

Kommunen skal vurdere forvaltningsplanen utifrå forskrift M-478\2016 om forvaltning av hjortevilt. I samband med godkjenning av bestandsplan er det § 15, 16 og 18 som gjeld, ev. § 7 om fråvik av minsteareal. Utdrag av paragrafane fylgjer under:

§ 7 Fravik fra minstearealet

Kommunen kan ved tildeling av fellingstillatelser fravike minstearealet for elg, hjort og rådyr med inntil 50 prosent. Fravik kan gjøres på bakgrunn av ulikheter i artens levevilkår i kommunen, bestandens størrelse og utvikling, den skade viltet volder eller andre ekstraordinære forhold.

Fravik fra minstearealet er et enkeltvedtak som gjøres for særskilte vald og for et begrenset tidsrom.

§ 15 Krav til bestandsplan for elg og hjort

Vald eller bestandsplanområder som disponerer et tellende areal på minimum 20 ganger minstearealet kan søke kommunen om godkjenning av en flerårig, maksimalt femårig, bestandsplan for elg og/eller hjort.

Bestandsplanen skal inneholde mål for bestandsutviklingen, i samsvar med kommunens mål.

Bestandsplanen skal også inneholde en plan for den årlige avskytingen i antall dyr, som et minimum fordelt på kategoriene kalv, voksne hunndyr og voksne hanndyr, samt spissbukk for hjort.

Frist for å søke kommunen om godkjenning eller endring av bestandsplan er 1. mai.

Søknaden skal underskrives av bestandsplanområdets representant.

§ 16 Godkjenning og endring av bestandsplan for elg og hjort

Kommunen skal behandle søknad om godkjenning av ny bestandsplan eller endring i

eksisterende bestandsplan innen 15. juni.

En godkjenning fastsetter fellingstillatelser for hele bestandsplanperioden, og skal inneholde informasjon om muligheten for overføring av et begrenset antall fellingstillatelser mellom år i perioden.

Kommunen kan trekke godkjenningen tilbake og tildele nye fellingstillatelser dersom arealkravet i § 15 ikke lenger er oppfylt, ved manglende rapportering, ved vesentlig uforutsette endringer i bestanden i området eller ved vesentlige avvik fra godkjent bestandsplan, herunder avvik i forhold til årlig planlagt avskyting i antall, kjønn eller alder. Frist for kommunen til å trekke godkjenningen tilbake er 1. april.

§ 18 Fellingstillatelse for elg og hjort

Kommunen tildeler årlig fellingstillatelser for elg og hjort til godkjente vald med et tellende areal som minimum tilsvarer minstearealet. Fellingstillatelsen gjelder innenfor det godkjente valdet.

For vald eller bestandsplanområder med godkjent bestandsplan skal fellingstillatelsene vise antall dyr uten spesifisering på alder og kjønn, og avskytingen skal utføres i samsvar med alder og kjønn i godkjent bestandsplan. For bestandsplanområder tildeles fellingstillatelsene hvert enkelt vald.

Kommunen skal sende fellingstillatelsen til valdansvarlig representant innen 15. juni.

I 2017 vart det felt 508 hjort i Volda, ein oppgang på 10 % frå 2016. 35 dyr eller ca. 7 % av dei skutte dyra i Volda 2017 vart felt av Dalsbygd hjortevald. Kvoten vert gitt som frie dyr, men med ei klar målsetting/krav til avskytingsprofil, kva kategori dyr etter kjønn og alder som skal fellast i perioden.

Grunna rekordavskyting, mange trafikkdrepte dyr og store skader på innmark og ungskog vart minsteareal i kommunen endra i mars 2018 slik at ein kan tildele fleire løyver og dermed redusere den store hjortebestanden. Minstearealet er nå 400 da for heile kommunen.

Etter § 7 i forskrifta kan kommunen fråvike minstearealet med inntil 50 %, dette må i så fall grunngjevast. Valdet søkjer om 200 da/løvye og det må dermed gjerast fråvik frå minstearealet etter § 7 i forskrifta grunna hjortestamma sin storleik i området. Dalsbygda er eit av områdene i Volda som er størst plaga med hjorten da dei har eit typisk vinterområdet og velhalden dyrka jord. Valdet skriv i bestandsplanen at det er eit stort press på dyrka areal i området som gir reduserte avlingar på jordbruksareala. Det vart også funne fleire døde hjortar i Dalsbygda i vinter, noko som tydar på ein for stor hjortebestand i området. Det er derfor nødvendig at valdet tek grep for å få ned hjortebestanden i området. Skulle det vise seg at tildelinga vart for høg og stamma stabilisera seg kan dei endre planen og tildelinga etter søknad til kommunen.

Kommunen skal etter § 16 gi informasjon om moglegheita for å overføre eit avgrensa tal fellingsløyve mellom år i perioden. Det er tilrådd at inntil 10 % av fellingsløyva kan overførast mellom år i perioden, og det vert tilrådd at Volda kommune legg seg på denne %-satsen, dvs. at dette valdet kan overføre inntil 6 dyr frå eitt år til eit anna i planperioden.

Storvaldet har skrapdyrordning for å stimulere til uttak av små og svake dyr. Dette er svært positivt. Storvaldet har definert skrapdyr som kalv under 18 kg, fjorsdyr under 36 kg og bukk under 38 kg.

I 2017 vart valda og jegerane i Volda oppmoda til å nytte settogskutt.no for registreringane av sett hjort. Viltansvarleg fekk mange positive tilbakemeldingar på dette, og håpar og forventar at storvaldet nyttar elektronisk registrering, samt legger inn slaktevektar frå 2018.

Ein viser til saksutgreiinga og framlagd bestandsplan for Dalsbygd hjortevald for 2018 -

2020, og tilrår at forvaltningsutvalet godkjenner planen. Ein føreset at valdet oppnår målsettinga i avskytingsprofilen slik det går fram av bestandsplanen.

Liv Bente Viddal
Seksjonsleiar

Peder Magnussen
Fagansvarleg skogbruk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:
Landbrukskontoret i Ørsta og Volda

Klageinstans:
Fylkesmannen

Målsetjing for hjorteforvaltning i Volda kommune.

m/ rettleiing for bestandsplanane

Målsetjingar for hjorteforvaltninga og rettleiing for bestandsplanane i Volda kommune:

I §3 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt M-478 2016 heiter det:

«Kommunen skal vedta mål for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e). Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.»

1. Gjennomføre ei bestandsretta hjorteforvaltning

Hjortebestanden skal i størst mogleg grad forvaltast innan sitt årsleveområde. Dette er ei stor utfordring, med vår topografi og vår historisk, nederva valdsstruktur.

Ein vil legge vekt på lokal og berekraftig forvaltning av hjortestamma, at hjorteviltressursane er til nytte både nærings- og rekreasjonsmessig.

Viltforvaltninga skal søkje å ha eit uttak som er viltfagleg rett. Stamma skal ha så god kjønns- og aldersfordeling som råd, dyra skal ha god kondisjon/vekt etter alder og kjønn. Beitetrykk skal være berekraftig over tid, beiteskadar på nyttevekstar, innmark, og skog skal ikkje føre til store verditap for grunneigaren.

God bestandsretta hjorteforvaltning skal ha som resultat hjortestamme som over tid har god kjønnsbalanse og aldersfordeling, god kondisjon/gode vektorer etter alder og kjønn.

2. God beitekvalitet i utmark

Ein skal gjennomføre ei hjorteforvaltning som søker oppretthalde beitekvaliteten i vinterbeiteområda og byggje opp att beitekvaliteten i sterkt nedbeita områder ved større uttak . At vinterbeita har god nok kvalitet er avgjerande for hjorten, og det er viktig at viltforvaltninga overvakar denne..

I Volda gjennomførte Bioforsk Tingvoll, (no NIBIO) i 2008 ei gransking av kvaliteten på viktige vinterbeiteområde . Konklusjonen var at beitetrykket på den vegetasjon som er viktig for vinterbeite, m.a. blåbærlyngen, var moderat beita i store deler av kommunen, men dels sterkt nedbeita i Mork-området.

3. Redusere skadar på innmark og skog

Viltforvaltninga i kommunen tek høgde for å unngå stor skadebeiting, både på jord- og skog.

Hjortestamma må tilpassast slik at beitetrykket og skadane av den ikkje vert for stort på uønska areal, men dette er ikkje ein enkel oppgåve med den store stamme som ein har i dag. Både valda og drivar av jord- og skog må søke å ta ut skadedyr så snart desse er lokalisert, ofte er det få/færre dyr som gjer stor skade.

Valda/jaktfelt som over tid har store beiteskadar på innmark og skog, bør få ei større tildeling enn det som areal åleine tilseier .

Tiltak mot skadebeiting må setjast inn før avlingskader/skogskader vert eit vesentleg tap for grunneigaren.

Biologisk mangfald:

Det er sentralt i hjorteviltforvaltninga at stamma er godt tilpassa beitegrunnlaget.

Særleg i snørike vintrar kan hjorten gjere ikkje så lite skade på skog, både barskog og særleg edellauvskog kan verte skada, i verste fall kan dei døy.

Naturmangfaldslova:

Kommunen kan på kort varsel gi løyver på uttak av hjort utanfor jakttida for dyr som gjer skade på skog, nyttevekstar og innmark, eller som er til fare for trafikken og allmenta heimla i naturmangfaldslova.

4. Oppnå ein sunnare hjortestamme

I dette ligg både ei gunstig kjønnsfordeling, aldersfordeling, høgare slaktevektar, med sunne og friske dyr i godt hald. Best måler ein dette gjennom slaktevekt for kalvar og 1 1/2 årringar.

Volda har diverre ikkje godt nok grunnlag når det gjeld registrering av slaktevekter på hjort, det meste skriv seg frå innhenta data frå enkeltvald.

Systematisk innhenting av vekter vert eit viktig arbeid etter desse retningslinene.

Utan at ein har god nok dokumentasjon synes det ut frå dei innhenta data som slaktevektene for alle kategoriar dyr har gått ned i seinare år.

Ei målsetting for hjortestamma i Volda må være at ein gjennomsnittlige slaktevekter skal aukast med 10% i høve til 2012 nivå, der ein har ein del data.

Snittvekt Volda 2012:

Hokalv: 26 kg, hannkalv 28 kg, kolle 1.5 år 47 kg, spissbukk 51 kg.

Snittvekt Volda 2013:

Hokalv: 26 kg Hannkalv: 27 kg Hodyr 1,5 år: 42 kg Hanndyr 1,5 år: 48 kg

Snittvekt 1992 i Møre og Romsdal:

Hokalv: 28 kg Hannkalv: 30 kg Hodyr 1,5 år: 51 kg Hanndyr 1,5 år: 58 kg

Det bør ikkje være nokon god grunn for at Volda skal ligge så mykje under snittet for fylket, sjølv om data er usikre.

Virkemiddel er innføring av strengare vektgrensar for skrapdyr og større redusering av hjortestamma i pressområde.

5. Viltpåkøyrslar.

Viltpåkøyrslar er ein stor kostnad for samfunnet og representere både fare for folk tryggleik, store økonomiske skadar og dyras liding.

Volda kommune har fallviltavtale med Volda og Ørsta Ettersøksring. Viltfondet dekker kostnadene som går med til ettersøk, avliving og fjerning av fallvilt.

Målsetjinga er å halde hjorteviltstamma på eit nivå slik at påkøyrslar kan på eit lågast mogleg nivå, m.a. ved tiltak som å unngå lagring av rundballar langs trafikkert veg, og god sikt langs vegane.

6. Fellingsavgift

Inntil nytt vedtak vert gjort er fellingsavgifta for kalv kr. 180,- og 300,- for vaksne dyr.

- Dokumenterte skrapdyr skal ikkje svare fellingsavgift.

For vald **med** fleirårig bestandsplan, tildeling etter § 18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt, vert det gitt 40% rabatt.

For vald **utan** godkjend bestandsplan, også tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt vert det ikkje gjeve rabatt.

Krav for å oppnå rabatt:

- Valdet/bestandsplanområdet skal utføre vårteljing kvart år.
- Det skal rapporterast frå jakta på www.settogskutt.no eller på Setthjort skjema etter fastsett tidsfrist, 14 dg frå jaktslutt.

7. Interkommunalt samarbeid.

Kommunane på søre Sunnmøre samarbeider i hjorteforvaltninga, m.a. felles teljedatoar for vårteljing av hjort. Ein har samarbeidd om både merke- og vinterbeiteprosjekt tidlegare. Ein vil halde fram dialog om forvaltning, og samarbeide om framtidige prosjekt. Vidare har Volda og Ørsta god dialog med samordning innan hjorteforvaltninga, m.a. er det være aktuelt med hjortevald over kommunegrensa.

8. Rapport og kontroll.

Etter § 32 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt er det rapportplikt av fellingsresultat innan 14 dagar etter jaktslutt.

Alle felte kalvar skal rapporterast straks etter felling, kommunen bør/kan utføre stikkprøvekontrollar av felt kalv.

9. Målsetting til bestandsplanane:

- Minimum 25 % kalv
- Minimum 25 % ungdyr (1 ½ år)
- Minimum 70 % fellingsprosent av årlig tildeling og 80 % for perioden.
- Kjønnnsbalansert av fordeling mellom hanndyr og hodyr i uttaket, dvs. forhold mellom bukk og kolle kan justerast på valdnivå i uttaket etter data frå hjorteviltregisteret i bestandsplana. Kommunal målsetnad er 1,5 kolle per bukk.

- Innføring av skrapdyrkvote og krav om kontrollveging innan 48 timar etter felling, valda må ha internkontroll. Ved mykje skottrensking skal det leggst til vekt etter skjøn.
 - Vektgrense: 20 kg for kalv, for skrapdyr av kalv skal dyret rapporteras som kalv til kommunen, men belastas ikkje fellingsavgift og går ikkje på kvota.
 - 45 kg for 1 ½ år, rapporteras som skrapdyr og etter faktisk alder og kjønn, går ikkje på kvota.
 - 55 kg for 2 ½ år og eldre dyr og rapporteras som skrapdyr og etter faktisk alder og kjønn. Dyret går ikkje på kvota.
 - Vrakdyr etter avtale med kommune eller mattilsynet.
- Valda skal halde tilbake ein viss % -del av årleg kvote til fordeling mellom jaktfelt som har skutt full kvote/jaktfelt som har dyr til gode mot slutten av jakta.
- Etter Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal kommunen ved godkjenning av bestandsplan gjere vedtak om overføring av fellingsløyver mellom åra i planperioden. Miljødirektoratet gjer framlegg om 10% av fellingsløyva kan overførast. Ordninga må praktiserast likt for heile kommunen.
- Brot på retningslinjer av bestandsplanar kan seiast opp av kommunen. Etter §16 i nemnde forskrift kan ein bestandsplan seiast opp om der er grove brot på føresetnader for planen. Dette kan være manglande rapportering, vesentleg endringar i bestanden, eller vesentlege avvik frå godkjend plan i form av årleg felling, kjønn og alder. Frist for kommunen å trekke godkjend plan er 1.april.

Bestandsplan

HJORT 2018 - 2020

Dalsbygd Hjortevald

INNHALDSLISTE

1.0 INNLEIING

- 1.1 Planområde
- 1.2 Planperiode
- 1.3 Hovudmål og delmål

2.0 STATUS OG VURDERINGAR

- 2.1 Hjorteviltstamma si utbreiing og trekkforhold
- 2.2 Beiteskadar
- 2.3 Statistikk
- 2.4 Fellingstal
- 2.5 Telling av hjort
- 2.6 Sett hjort
- 2.7 Måloppnåing siste bestandsplan

3.0 HANDLINGSDEL

- 3.1 Avskyting
- 3.2 Felling av skadedyr
- 3.3 Sett hjort og vårtelling

4.0 DRIFT

- 4.1 Utgifter
- 4.2 Ettersøksavtale
- 4.3 Rapportering

5.0 AVSKYTINGSPLAN

1.1 Planområde

Dalsbygd Hjortevald består av 5 jaktfelt:

Jaktfelt nr.	Jaktfeltnamn	Areal i dekar
36	Rangsæter - Hesteflot	2550
44	Ytre Dale - Dalberg	2150
45	Hjelle - Brune	4000
46	Lillebø	1400
60	Indre Dale - Eidset	3500

Totalt areal for valdet er 13600 dekar.

1.2 Planperiode

Denne bestandsplanen er for 3 år. Dette er jaktåra 2018-2019-2020. Planen skal reviderast etter jaktåret 2020 og før ny bestandsplan vert utarbeid.

1.3 Hovudmål og delmål

Dalsbygd Hjortevald har som overordna mål å forvalte hjortestamma på ein slik måte at ein sikrar optimal, vedvarande produksjon og avkastning i høve naturgrunnlaget.

Valdet skal arbeide for:

1. Redusere antall dyr i høve til området sitt bæreevne.
2. At skadar på jordbruk, skogbruk og hagar skal vere på eit akseptabelt nivå.
3. Vern om ei høveleg hjortestamme med rett alders –og kjønnsamansetting.
4. Ei human, rasjonell, effektiv og lønsam hjortejakt.
5. Sikre god dokumentasjon av sett hjort av dei som jaktar, for å sikre bedre beslutningsgrunnlag for forvaltning av stamma.

2.0 STATUS OG VURDERINGAR

2.1 Hjorteviltstamma si utbreiing og trekkforhold

Dalsbygd hjortevald er eit variert geografisk område som har heile høgdegradienten frå fjorden og opp til snauffjellet. Storvaldet har derfor ein del variasjon i korleis hjorten nyttar dei ulike områda i ulike årstider. Det er likevel på det rene at store deler av storvaldet er typiske vinterområder.

2.2 Beiteskadar

Det er ingen tvil om at antal hjort er for stort til arealet i Dalsbygda. Dette viser det er stort press på dyrka areal. Dette gir reduserte avlingar på jordbruksareala.

I tillegg er det skadar på skog og hagar dei fleste plassar i bygda.

2.3 Statistikk

Det er ulike typar statistikk som vert nytta i bestandsplanarbeidet. I denne planen skal vi basere oss på fellingstal, vårtelling, sett hjort og den siste bestandsplanen.

2.4 Fellingstal

Fellingstala er oversikt over kva dyr som er skote og dermed kva dyr som er teke ut av bestanden.

Tabell over avskyting siste 4 år.

År	2014	2015	2016	2017
Tildelte dyr	45	45	45	38
Felt Hannkalv	4	3	7	4
Felt hokalv	3	3	6	7
Felt hanndyr 1,5 år	6	11	7	10
Felt hodyr 1,5 år	8	7	5	3
Felt hanndyr eldre	7	4	10	4
Felt hodyr eldre	6	7	10	7
Felt totalt	33	35	45	35
Fellingsprosent	73,3	77,8	100	92,1

2.5 Vårtelling

Dei 2 tellingane vi gjennomfører på våren viser mykje dyr. Tellingane frå 2015 og fram til i dag viser antal dyr frå 122 til over 200 dyr på vårt telleareal.

2.6 Sett hjort

Vi vil skjerpe dette inn i denne perioda, slik vi kan bruke dette også som eit grunnlag vidare.

2.7 Måloppnåing siste bestandsplan

Tabell over fellingsprosent pr. kategori pr. år.

Kategori	Fellings% 2014	Fellings%2015	Fellings%2016	Fellings%2017
Kalv	21	17	29	31
Ungdyr	42	51	27	37
Eldre kolle	15	20	22	20
Eldre bukk	21	11	22	11

3.0 HANDLINGSDEL

3.1 Avskyting

Dalsbygd hjortevald legg til grunn at bestanden har vore veksande siste åra. Dalsbygd hjortevald ønsker å redusere bestanden på eit bærekraftig nivå.

Vi legg opptil ei avskyting på 68 dyr pr. år. i ei 3 –års periode.
Dette vil verte over 3 år 204 dyr.

Vi meiner det er naudsynt med so høg avskyting på valdet. Etter 3 års perioda må vi ta ei evaluering om dette var rett. Dette med omsyn til telling av hjort, avskyting, beiteskadar.

Målet er å få ei bærekraftig hjortestamme som gir sunne og friske dyr. Likeleis å få opp slaktevektene på dyra.

Inkludert i antal dyr vil det vere ca. 10 % (7 dyr) som vert skrapdyrkvote.

Det vil framover vere eit mål å ta ut produksjonsdyr med tanke på å kunne redusere bestanden. Derfor må avskytinga på vaksne koller vere på min. 20%.

Fordelinga av løyva bør gjerast etter følgande alders –og kjønnsfordeling:

- Minimum 25 % kalv
- Minimum 35 % ungdyr av begge kjønn
- Minimum 20 % eldre kolle
- Maksimum 20 % eldre bukk

Skrapdyrordninga skal vidareførast for å stimulere til uttak av små dyr. Skrapdyrvektene vert og vidareførte, og er som følger:

- Kalv 18 kg
- Fjorkolle 35 kg
- Bukk 38 kg

Koller skal ikkje skytast frå kalven, jaktleiaren i kvart jaktfelt har ansvaret for jakta i dei einskilde jaktfelta. Jakfeltsleiaren innrapporterar felte dyr til valdleiaren straks etter jaktslutt.

3.2 Felling av skadedyr

Felling av skadedyr handsamast av dei einskilde jaktfelt, eventuelt i samarbeid med storvaldet. Dyr som vert skote som skadeløyve skal i hovudsak takast på det aktuelle jaktfelt si kvote.

Dersom det skulle oppstå auka problem med beiteskadar bør det aktuelle jaktfelt, storvaldet og kommuna i samråd finne løysningar eller få sett i verk tiltak som kan hindre eller redusere skaden.

Felling av skadedyr utanom ordinær jakttid må det søkast til kommuna om.

4.0 DRIFT

4.1 Utgifter

Utgifter til drift av laget dekkast av alle grunneigarane, storvaldet sender faktura på fellingsavgift og ettersøkshund til jaktleiarane.

4.2 Ettersøksavtalar

Det vert inngått avtale på ettersøk felles i storvaldet.

4.3 Rapportering

Alle jaktfelt i valdet skal årleg levere rapport om felte dyr i høve til tal dyr og fordeling på kjønn og alder, samt slaktevektar til styret i valdet straks etter kvar jakt sesong. Oversikt over felte dyr skal leverast leiar av valdet innan 5 dagar etter jakt slutt. Det er og viktig at jakt felte leverar sett hjort skjema til vald ansvarleg umiddelbart etter jakt slutt. Dette fordrar at skjema vert fylt ut fortløpande og at jaktleiar sender inn samleskjema for jakt felte til vald ansvarleg. Det er viktig at alle jegarar eller ein i kvar jakt felt registrerar avskyting og sett hjort i hjorteviltregisteret.

Jaktleiar i kvart jakt felt er ansvarleg for at den enkelte jeger rapporterar som bestemt.

5.0 AVSKYTINGSPLAN

Dalsbygd hjortevald inngår følgende bindande avtale med Volda kommune om avskyting av hjort for perioden 2018 – 2020:

- Dalsbygd hjortevald får tildelt 204 dyr for heile planperioden på 3 år. Dette gir ei fordeling på i gjennomsnitt 68 dyr pr. år.
- Dette kan fråvikast enkeltår med + / - 10%
- Fellingsresultatet for dei 3 avtaleåra skal etter jaktseasonen vere slik:
 - Minimum 25 % kalv
 - Minimum 35 % ungdyr av begge kjønn
 - Minimum 20 % eldre kolle
 - Maksimum 20 % eldre bukk

Alle løyva vert tildelt storvaldet frå Volda kommune som frie dyr.

Ellers gjelder dei same plikter om jakt og rapportering som viltlova med forskrifter stiller krav om.

Valdansvarleg for laget



For Volda kommune



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Peder Magnussen	Arkivsak nr.:	2017/1034
		Arkivkode:	K40

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
53/18	Forvaltningsutvalet	12.06.2018

REVIDERING AV BESTANDSPLAN FOR YTRE DALSFJORD UTMARKSLAG OG NØRE BJØRKEDAL

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet godkjenner dei reviderte bestandsplanane for hjort for Ytre Dalsfjord Utmarkslag og Nøre Bjørkedal.

Ytre Dalsfjord utmarkslag får ei årleg tildeling på 113 dyr og totalt 339 dyr i perioden 2018-2020. Valdet kan overføre inntil 10 % av årleg kvote, dvs. 11 dyr, mellom åra i planperioden. Nøre Bjørkedal får ei årleg tildeling på 20 dyr og totalt 40 dyr i perioden 2018-2019. Valdet kan overføre inntil 10 % av årleg kvote, dvs. 2 dyr, mellom åra i planperioden.

Vedleggsliste:

Søknad om revidering av bestandsplan for Ytre Dalsfjord Utmarkslag.
Søknad om revidering av bestandsplan for Nøre Bjørkedal.

Saksopplysningar/fakta:

Grunna rekordavskyting, mange trafikkdrepte dyr og store skader på innmark og ungskog vart minsteareal i kommunen endra i mars 2018 slik at ein kan tildele fleire løyver og dermed redusere den store hjortebestanden. Minstearealet er nå 400 da for heile kommunen. Valda har derfor søkt om å endre bestandsplanane dei er i gong med for å ta ut fleire dyr.

Vurdering og konklusjon:

Frå hjorteviltforskrifta § 16. Godkjenning og endring av bestandsplan for elg og hjort
Kommunen skal behandle søknad om godkjenning av ny bestandsplan eller endring i eksisterende bestandsplan innen 15. juni.

En godkjenning fastsetter fellingstillatelser for hele bestandsplanperioden, og skal inneholde informasjon om muligheten for overføring av et begrenset antall fellingstillatelser mellom år i perioden.

Kommunen kan trekke godkjenningen tilbake og tildele nye fellingstillatelser dersom arealkravet i § 15 ikke lenger er oppfylt, ved manglende rapportering, ved vesentlig

uforutsette endringer i bestanden i området eller ved vesentlige avvik fra godkjent bestandsplan, herunder avvik i forhold til årlig planlagt avskyting i antall, kjønn eller alder. Frist for kommunen til å trekke godkjenningen tilbake er 1. april.

Ytre Dalsfjord Utmarkslag fekk ny bestandsplan i 2016 med 503 da/løyve. Valdet melder om ei stor hjortestamme med behov for fleire løyver. Dei søkjer no ein årleg kvote på 113 dyr med 400 da i minsteareal.

Nøre Bjørkedal søkjer om å auke årleg kvote frå 17 til 20 dyr. Det gir 400 da/løyve som er det nye minstearealet.

Ein viser til saksutgreiinga og søknad om revidering av bestandsplanane for Ytre Dalsfjord Utmarkslag og Nøre Bjørkedal og tilrår at forvaltningsutvalet godkjenner dei reviderte planane.

Liv Bente Viddal
Seksjonsleiar

Peder Magnussen
Fagansvarleg skogbruk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Landbrukskontoret i Ørsta og Volda

Klageinstans:

Fylkesmannen

Fra: Hans Martin Klokk[hmklokk@gmail.com] Sendt: 16.04.2018 09:05:02 Til: Peder Magnussen Tittel: Revidering av bestandsplan for Ytre Dalsfjord Utmarkslag

Hei

Det er no gjort vedtak om reduksjon av minsteareal for hjort i Volda Kommune til 400 dekar. Det virkar og som om det er stor 0einigheit i at hjortestamma i området no er alt for stor og det er derfor ynskje om å redusere denne noko i Ytre Dalsfjord Utmarkslag og.

Ytre Dalsfjord Utmarkslag fekk ny bestandsplan i 2016 og denne skulle gjelde for fem år. Denne planen var for totalt 450 dyr (dvs 90 dyr pr år). I 2016 felte valdet 93 dyr og i 2017 99 dyr. Dette var då innanfor 10% regelen for overføring av løyver mellom år. På tross av gode fellingar ser det ut som det ikkje er nok og at stamma er aukande. Mei er difor nøydde til å gjere noko, men me har pr i dag ikkje nok løyve til å kunne redusere stamma.

Søker derfor med dette om auke på planen slik at denne då vert på totalt 531 dyr for år 2016 - 2020. Sidan det allereie er felt 192 dyr av totalen vil då stå i rest 339 dyr. Dette tilseier då årlig kvote på 113 dyr. Då det telljande arealet vårt er på 45300 dekar kjem dette akkurat ut med 400 dekar på løyve slik at kravet til minsteareal er oppfylt.

Avskyttingsprofilen som me har lagt oss på er lik den som Erling Meisingset foreslår dvs at rundt 65 - 70 % av felte dyr er kalv, fjordskolle eller spissbuk. I år er me nok nøydde til å legge ekstra press på folk for å få tatt ut fleire vaksne koller og difor også då kalven. Tenkjer at andel vaksen bukk bør være på maks 15 %.

Ta kontakt på mail eller telefon (95758221) om det skulle være noko.

For Ytre Dalsfjord Utmarkslag

Hans Martin Klokk, Leiar

Fra: Jan Roger Bjørkedal[jan.roger.bjorkedal@orsta.kommune.no]

Sendt: 17.04.2018 10:08:54

Til: Peder Magnussen

Tittel: Utvida kvote hjortejakta 2018.

Hei!

Nøre Bjørkedal Valdnr. 1519 V 0012 søker om 3 ekstra dyr til hjortejakta 2018.

Då vil vi kunne ta ut 21 dyr i år.

Helsing

Jan Roger Bjørkedal

Arbeidsleiar / Formann

Eigedom

Mobil 95920437

E-post jan.roger.bjorkedal@orsta.kommune.no

Web www.orsta.kommune.no

□



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Peder Magnussen

Arkivsak nr.: 2018/1118

Arkivkode: K46

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

54/18

Forvaltningsutvalet

12.06.2018

MERKEPROSJEKTET - MERKING AV HJORT VOLDA KOMMUNE

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet løyver 280 000 kroner av viltfondet i Volda til merkeprosjektet.

Vedleggsliste:

Prosjektbeskriving, «Vesthjort» 18.04.18

Merkeprosjekt for hjort på Søre Sunnmøre/Nordfjord,

Mail frå initiativtakar, Robert Welsvik 20.04.18

Saksopplysningar/fakta:

Eldsjeler frå sørsida av Voldafjorden tok i 2016 initiativ til eit merkeprosjekt på hjort. Påvising av skrantesjuke (CWD) i Nordfjella gjorde at prosjektet vart lagt på is da Meisingset måtte prioritere dette arbeidet. 11.april 2018 hadde grunneigarar på Lauvstad, Meisingset og viltansvarleg i Volda eit lite møte på Aasen-tunet i Ørsta angående prosjektet. Etter møtet laga Meisingset ein prosjektbeskriving som danner grunnlag for merkeprosjektet. Prosjektet skal ledest av forskar Erling Meisingset hos Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) på Tingvoll.

«Målet er å inkludere interesserte kommunar frå området for å kunne gje eit relevant omfang på prosjektet og vidare er målet å kunne starte opp prosjektet frå januar 2019. 2018 er eit «forprosjekttår» kor kommunane må ta stilling til deltaking i prosjektet, både i økonomisk og i omfang.»

«Studieområdet dekker ca. 2100 km² teljande hjortearreal og omfattar kommunane Ørsta, Volda og Vanylven i Møre og Romsdal og Selje, Eid, Gloppen og Hornindal i Sogn og Fjordane. Ein har hatt merkeprosjekt i Sunnfjord og Sunnmøre (Sykkylven, Norddal og Stranda), men det manglar gode data frå kommunane på Søre Sunnmøre og Nordfjord, som er ein viktig hjorteregion med 3700 felte hjort i 2017.

«Prosjektet er initiert av kommunane i region og vil vere eit samarbeid mellom NIBIO, kommunane og Fylkeskommunen i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Prosjektperioden er planlagt til å vere 2019-2022.»

Vurdering og konklusjon:

I prosjektbeskrivinga står det «Det er behov for auka kunnskap om hjortens arealbruk og integrering av slik kunnskap i forvaltninga på både lokalt og regionalt hald, fordi det ligger til grunn i hjorteforvaltning at man skal ha ei bestandsretta forvaltning, dvs. at man skal forsøke å forvalte ein avgrensa bestand som ein heilhet.» I dag veit vi svært lite om hjortens arealbruk i Volda kommune. Dette er derfor eit veldig spennande og høgst nødvendig prosjekt som vil gje oss ny informasjon om hjortens arealbruk som er svært viktig og essensielt i hjorteforvaltninga.

Målsetjingane for hjorteforvaltning i Volda er blant anna at hjortebestanden skal i størst mogleg grad forvaltast innan sitt årsleveområdet. For å klare dette er vi heilt avhengig av ny kunnskap som kan sei meir om kor stort årsleveområdet til hjorten i Volda er, og kva slags areal hjorten nyttar. Kanskje ein må begynne å sjå på moglegheitene for å danne felles bestandsplanområder med nabokommunar som Vanylven, Eid, Hornindal og Ørsta. Teljande hjorteareal i Volda utgjer ca. 295 000 da. Vi har heile 21 vald i heile kommunen, noko som er altfor mykje. Viltansvarleg vil arbeide med å få redusert dette talet, slik at ein får større vald som forvaltar hjorten i ein større skala. Kunnskap frå merkeprosjektet vil vere svært viktig i arbeidet med å få færre vald.

Finansieringa av prosjektet vil i hovudsak vere gjennom kommunale viltfondsmidler. Frå forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort står det følgjande:

a. Fondet kan brukes til:

-

Tilskudd til tiltak for å fremme viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommuner gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, enkeltpersoner eller kommunen selv.

- Å dekke kommunens utgifter til ettersøk og håndtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen.

- Tiltak for å forebygge skader på landbruksnæring voldt av hjortevilt.

I dag vart viltfondet i Volda primært nytta til å dekke kommunens utgifter til ettersøk og håndtering av skadd vilt og fallvilt. Men som det står i forskrifta kan også viltfondet nyttast til å fremme viltforvaltning og styrke kunnskapen om viltet, merkeprosjektet kommer innanfor denne kategorien. Inntektene til viltfondet i Volda er offentleg fellingsavgift for hjort, satsane er 300 kr/vaksne dyr og 180 kr/kalv. Dette er mindre ein makssatsane som er 411 kr/vaksne dyr og 249 kr/kalv. Satsane har ikkje vore endra på mange år. Per i dag står det ca. 400 000,- på viltfondet i Volda.

Merkeprosjektet vil bruke svært mykje av midlane ein har ståande på viltfondet, men dette er eit svært viktig prosjekt som vil kunne bidra med ny kunnskap og data som vil vere svært viktig i hjorteforvaltninga. Prosjektet vil vere noko grunneigarar, offentleg forvaltning og andre med interesse for jakt og forvaltning av hjort har stor nytte og glede av.

På bakgrunn av saksutgreiinga vil landbrukskontoret tilrå forvaltningsutvalet at dei løyver 280 000 kroner av viltfondet i Volda til merkeprosjektet.



VOLDA KOMMUNE

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar

Peder Magnus Magnussen
fagansvarleg skogbruk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Landbrukskontoret i Ørsta v/ Peder Magnus Magnussen

Klageinstans:

Fylkesmannen

Prosjektbeskrivelse

«VestHjort» - Et merkeprosjekt for hjort på Søre Sunnmøre og i Nordfjord

Oppdatert 18.04.2018

Om prosjektbeskrivelsen

Denne prosjektbeskrivelsen inneholder en beskrivelse av et merkeprosjekt for hjort i flere kommuner på Søre-Sunnmøre og i Nordfjord region. Initiativet til prosjektet kommer fra ildsjeler fra sørsida av Voldafjorden. Målet er å inkludere interesserte kommuner fra området for å kunne gi et relevant omfang på prosjektet og videre er målet å kunne starte opp prosjektet fra januar 2019. 2018 er et «forprosjektår» hvor deltakere (ulike kommuner) vil måtte ta stilling til sin deltakelse i prosjektet og økonomiske bidra, samt at organisering, omfang og finansiering blir avklart i størst mulig grad.

Bakgrunn for prosjektet

I løpet av de siste 30 årene har vi opplevd en flerdobling av hjortebestanden i Norge, og den samme utviklingen har vi sett på Søre-Sunnmøre og Nordfjord. I takt med dette har vi økt kunnskapen om hjorten på mange områder, men samtidig er det fortsatt mange uløste spørsmål og det har dukket opp nye problemstillinger med økt bestandstetthet. Dagens bestandstettheter av hjort og krav om mer presis forvaltning har skapt nye kunnskapsbehov, ikke minst på lokalt og regionalt nivå. Strategi for forvaltning av hjortevilt, DN-rapport 8-2009, trekker opp viktige linjer for hjorteviltforvaltningen, og beskriver aktører som er sentrale i arbeidet med forvaltningen. Strategien fokuserer på tre hovedgrep: 1. Den gode samfunnsdialogen, 2. De dyktige aktørene og 3. Styrket økonomi og forutsigbarhet og det oppfordres til prosjekter som bidrar til å fylle denne strategien lokalt.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt (hjorteviltforskriften) gir kommunene mulighet til å være en synlig og aktiv aktør i forvaltningen av elg, hjort og rådyr i sitt område. De har en viktig rolle i samfunnsdialogen, eksempelvis gjennom utarbeidelse av kommunale mål. Jaktrettshaverne har ansvaret for organisering og tilrettelegging av jaktutøvelsen. De har også et betydelig ansvar for bestandsplanleggingen gjennom utarbeidelse og gjennomføring av avskytingsplaner, og ikke minst koordinering med tilgrensende vald. De seinere års forskning på hjortevilt har bidratt til økt kunnskap, spesielt om hjorteviltets arealbruk. Dette gir et godt grunnlag for bestandsplanlegging og organisering av jaktområder. Dyras bruk av store arealer krever i mange tilfeller samarbeid over kommune- og eiendomsgrenser for å oppnå en vellykket hjorteviltforvaltning. I tillegg er det viktig med en god dialog med andre samfunnsaktører.

Med flere oppgaver og utvidet myndighet i forvaltningen lokalt, har interessen og etterspørselen av mer detaljert kunnskap om lokale og regionale hjortebestander økt. I første rekke gjelder dette kunnskap omkring hjortens trekk og vandring, men i økende grad også på problemstillinger som har en mer generell interesse. Dette kan være spørsmål om hjortens habitat og arealbruk, bestandsutvikling og utvikling i hjortens næringsgrunnlag. Fylkeskommunen, har i samme forskrift fått en viktig rolle som tilrettelegger, faglig rådgiver og koordinator for å bygge opp den faglige kompetansen på lokalt og regionalt nivå. Dette betyr at den regionale leddet også har et stort behov for mer detaljert, nyansert og konkret kunnskap om lokale og regionale hjortebestander.

Det er behov for økt kunnskap om hjortens trekk og arealbruk og integrering av slik kunnskap i forvaltningen på både lokalt og regionalt hold, fordi det ligger til grunn i hjorteviltforvaltningen at man skal ha ei bestandsretta forvaltning, dvs. at man skal forsøke å forvalte en "avgrensa" bestand som en helhet. Dette skal som hovedregel skje en forvaltning basert på planer som utarbeides lokalt og som legger både kunnskap om hjortens biologi og levesett og lokale forhold og premisser til grunn. Variasjon og endringer naturforholdene og at forholdene for hjorten endres med dette aktualiserer økt kunnskap om hjortens arealbruk.

En økende hjortebestand fører også til flere samfunnsmessige konsekvenser knytta til blant annet trafikkpåkjørslar og beiteskader på skog og innmark. Disse spørsmålene utgjør en utfordring for viltforvaltningen, men også andre aktører som lokale- og regionale vegmyndigheter og landbruk/skogbrukssektoren.

Dette prosjektet ønsker å kunne besvare flere viktige spørsmål om hjortens arealbruk, som ansees som viktig kunnskap for den lokale hjorteforvaltningen i åra framover. Som et viktig ledd i for å skaffe denne kunnskapen ønsker vi å radiomerke hjort med GPS halsbånd. Kunnskapen om hjortens arealbruk har økt betydelig i løpet av de ti siste årene gjennom flere merkeprosjekter, blant anna gjennom Hjortmerk - prosjektet (som kommunene på Nordmøre og noen i Romsdal var involvert i), Sunnhjort - prosjektet (Sykkylven, Stranda og Norddal kommuner) og merkeprosjektet i Sogn og Sunnfjord. Det mangler imidlertid gode data og kunnskap fra kommunene på Søre Sunnmøre og Nordfjord. Denne regionen er en viktig hjorteregion og det ble i 2017 felt omlag 3700 hjort. Dette prosjektet vil være viktig for å øke kunnskapen i denne regionen.

Prosjektet er initiert av kommunene i regionen og vil være et i samarbeid med NIBIO, kommunene og Fylkeskommunen i Møre og Romsdal og i Sogn & Fjordane. NIBIO vil stå for prosjektledelsen og vil være prosjekteier, men vil bli utført i nært samarbeid med kommunene (se lengre ned for organisering av prosjektet). Dette vil sikre en faglig innflytelse på utforming og gjennomføring av prosjektet, samtidig sikrer man mer bruk av materialet som innsamles. Grunneiere, vald og lokale resurspersoner vil også være viktige for prosjektet i forhold til praktisk tilrettelegging og registreringer på forskjellig vis og de vil bli viktige brukere av kunnskap fra prosjektet.

Prosjektperiode er planlagt til å være 2019-2022.

Mål og problemstillinger

Prosjektets formål er å:

Utvikle kunnskap om hjortens arealbruk på Søre Sunnmøre og i Nordfjord som grunnlag for forvaltningen i regionen.

Formålet har sitt utgangspunkt i behov og ønske om økt kunnskap om hjortens arealbruk og dette søkes å oppnå gjennom et felles merkeprosjekt for flere kommuner på Søre Sunnmøre og i Nordfjord. Denne kunnskapen vil kunne danne grunnlag for ei målretta hjorteforvaltning, og ei bærekraftig utnytting av hjorten som ressurs i framtida. Gjennom merking av dyr med GPS halsbånd vil man være i stand til å kunne svare på mange spørsmål om til hjortens arealbruk i løpet av året.

Formålet vil kunne fylles gjennom de ulike delmålene som er beskrevet nedenfor.

Delmål for prosjektet:

1. Hjortens trekkstrategi

I de fleste hjorteviltbestander finner man individer som trekker mellom et eller flere leveområder i løpet av året. Men i de samme bestandene finner man også stasjonære dyr som mer eller mindre holder i samme område hele året. Denne «miksen» av trekkdyr og stasjonære dyr som har vinteropphold i de samme områdene, er en utfordring for forvaltningen ikke minst på lokalt hold. Gjennom prosjektet ønsker man derfor å:

- Utvikle kunnskap om fordelingen mellom trekkdyr og stasjonære dyr for begge kjønn i regionen, og
- Finne hvilke faktorer som eventuelt påvirker denne fordelingen.

2. Hjortens trekkruiter og sesongtrekk

Både i forhold til forvaltningen av hjorten og de arealene den benytter, er kunnskap om trekkveier og trekkmønster viktig for ei langsiktig og bærekraftig forvaltning av arealene i framtida. Likedan er kunnskap om avstanden mellom vinter- og sommerleveområder viktig informasjon. Tidligere merkeprosjekter i andre deler av landet har avslørt en betydelig variasjon i trekkdistanser og at det er forskjeller mellom kjønn. Tidspunktet når trekket skjer, spesielt om høsten er også viktig kunnskap for forvaltningen. Tidspunkt for høsttrekket og dermed fordelingen av hjorten i jakttida kan gi viktig informasjon for både jaktutøvelse, eventuell skadebelastning og fordeling av kvoter innad i valdene og mellom valda. Kunnskapen vil også være relevant for trafikkpåkørsler og særlig viktige trekkveier for hjorten og tiltak i den forbindelse. Prosjektet har som mål å:

- Kartlegge viktige trekkveier i regionen,
- Finne fordeling av trekkdistanser dvs. avstanden mellom vinter- og sommerområder for begge kjønn i bestanden.
- Finne tidspunkt og fordeling av tidspunkt for vår- og høsttrekket.

3. Hjortens leveområder

Hjortens arealbruk i løpet av året påvirkes sannsynligvis av mange forskjellige faktorer. Innenfor studieområdet er det stor variasjon i vegetasjonssammensetning, topografi og tilgjengelighet av ulike naturtyper (som innbefatter både fjell, skogs- og innmarksarealer) og klimaforhold. Størrelsen på leveområdene er selvsagt avhengig av trekkstrategi, men også en rekke andre faktorer som topografi og bestandstetthet. Prosjektet har som mål å:

- Finne størrelsen av leveområdene for begge kjønn på årsbasis og gjennom de ulike sesongene (vinter, sommer og høst), og fordelingen av størrelsen mellom individene.
- Analysere hjortens bruk av ulike arealkategorier i løpet av året.

4. Lokal forvaltning og hjortens arealbruk

Det ligger til grunn i hjorteforvaltningen at man skal ha ei bestandsretta forvaltning, dvs. at man skal forsøke å forvalte en "avgrensa" bestand som en helhet. Et viktig spørsmål er om dagens forvaltning er tilpassa hjortens arealbruk. Gjennom analyser av hjortens arealbruk vil man kunne avdekke bestandsmessige arronderinger i regionen, og hvilke faktorer som påvirker hjortebestandenes fordeling i landskapet. Dette vil kunne ha betydning for arrondering av vald og bestandsplanområder både innad og på tvers av kommunene. Prosjektet har som mål å:

- Utarbeide et grunnlag for ei bestandsretta forvaltning av hjort i regionen.

- b. Synliggjøre hvor store områder man bør se i sammenheng for å kunne forvalte bestander som en helhet.

Studieområde

Studieområdet dekker ca. 2100 km² tellende hjorteareal og omfatter kommunene Ørsta, Volda og Vanylven i Møre og Romsdal og Selje, Eid, Gloppen og Hornindal i Sogn og Fjordane.

Materiale og metoder

Hovedsatsningen blir merking av hjort med GPS halsbånd ved utvalgte lokaliteter i deltaker-kommunene.

Merking av dyr

Merking vil skje med moderne GPS halsbånd med VHF frekvenser i tillegg som festes som halsbånd til dyra. GPS halsbåndene er utstyrt med GSM teknologi eller satellittkommunikasjon for registrering av posisjoner til dyra. Man har da mulighet til en kontinuerlig oppfølging av dyra hele året og sikring av data underveis i prosjektet.

Hjort av begge kjønn vil bli merka og vil bli fulgt opp kontinuerlig etter merking gjennom at disse sender fra seg posisjonsdata via sms inn til NIBIO's serversystem. I tillegg vil det bli lagt opp til oppfølging av dyra for eksempel sjekking av kalvestatus for voksne hunndyr. Registreringene vil bli lagt inn i en database, som både er viktig både pedagogisk (man har muligheter til rask tilbakemelding og publisering) og faglig (fordi datamateriale sikres underveis). Data fra felte GPS dyr (blant annet GPS halsbånd, kjeve og slaktevekt) vil bli innsamla i samarbeid med rettighetshaverne og kommunene.

Merking av hjort vil foregå i alle kommunene som er involvert i prosjektet, på aktuelle steder hvor hjorten har vintertilhold. Innfanging og merking av dyr skjer ved immobilisering i løpet av vintersesongen (jan-apr). NIBIO vil sørge for de nødvendige tillatelsene som kreves fra Miljødirektoratet, Mattilsynet og Post- og teletilsynet og ha ansvaret opp mot myndighetene.

I løpet av prosjektet er målet å kunne merke til sammen 60 hjort. Merking vil i all hovedsak måtte skje på foringsplasser. Dette må det søkes dispensasjon til fra Mattilsynet på grunn av det innførte foringsforbudet (regulert gjennom den såkalte «CWD forskriften»), i tillegg til de ordinære tillatelsene fra Mattilsynet om bruk av forsøksdyr og Miljødirektoratet vedrørende innfanging av vilt. På merkeplassene vil det være nødvendig med fôring og tilvenning av dyra slik at merking kan gjennomføres på best mulig måte. Dette vil skje i samarbeid med grunneiere og kommunene i prosjektet.

Andre typer datainnsamling

I forbindelse med merking av dyr registreres det blant annet kroppsvekt, størrelse og alder på dyra. Det tas også prøver til mulighet for genetiske analyser og for parasittundersøkelser. Det vil også bli tatt blodprøver av alle dyr for undersøkelser av helsetilstand og ulike sykdommer for hjorten. Blodprøvene blir tatt vare på av Veterinærinstituttet gjennom Helseovervåkningsprosjektet for hjortevilt (HOP), hvor prøvene vil ligge tilgjengelig for videre analyser og undersøkelser. Det vil også bli registrert og innsamlet data og materiale hvis merka dyr blir felt i forbindelse med jakt eller at de dør av andre årsaker.

Organisering av prosjektet

Prosjektansvarlig organisasjon og prosjektledelse ligger hos NIBIO Tingvoll, med forsker Erling L. Meisingset som prosjektleder. I prosjektet vil det bli etablert ei styringsgruppe sammensatt av representanter for kommunene/fylkeskommunene i prosjektet. Styringsgruppa vil få det overordnede ansvaret for prosjektet og skal sørge for nødvendig finansiering og overordnede prioriteringer. Styringsdokumentet er prosjektbeskrivelsen.

Kommunene som er involvert i prosjektet har også et lokalt ansvar for ulike sider av prosjektet bl.a. på den praktiske siden. Ved starten av prosjektet er følgende kommuner involvert: xxxx.

Det er også viktig å understreke at en rekke rettighetshavere vil være direkte involvert i prosjektet på ulike nivå, bl.a. innsamling av datamateriale, overvåkning av forings- og merkeplasser og annet praktisk arbeid knytta til prosjektet. Kommunene er også viktige partnere i forhold tilrettelegging, kommunikasjon og organisering av ulike typer arbeid i prosjektet.

Resultat og anvendelse i den lokale forvaltningen

Prosjektet vil kunne bidra med ny kunnskap og data som vil være viktig for flere aktører i norsk hjorteviltforvaltning, både på lokalt-, regionalt- og mer generelt på nasjonalt nivå. Konkrete resultat vil være til nytte i den lokale regionen, direkte til utvikling av hjorten som næringsgrunnlag for grunneiere og de mer generelle trekkene ved resultatene også for andre regioner i Norge.

Målgrupper (brukere) av resultatene er:

1. Lokale, regionale og nasjonale forvaltningsaktører.
2. Lokale vald og bestandsplanområder, og andre organisasjoner for rettighetshavere.
3. Rådgivere og andre kunnskapsformidlere knytta til hjorteforvaltningen.
4. Etater og institusjoner som kan være brukere av ulike deler av kunnskapen fra prosjektet.

Strategier i prosjektet

For at prosjektet skal bli mest mulig vellykket og man skal få mest mulig ut av innsatsen som legges ned i prosjektet, så vil følgende bærende strategier legges til grunn i prosjektet:

- Kombinere faglige problemstillinger med forvaltningsmessige aspekter.
- Kommunene som deltar i prosjektet skal ha utbytte som står i stil med innsatsen.
- Samarbeid med rettighetshavere og lokale vald/bestandsplanområder.
- Samarbeid med andre fagmiljøer.
- Åpenhet og informasjon.

Vi ser det som viktig at faglige og forvaltningsmessige problemstillinger kan gå "hånd i hånd" og at prosjektet på denne måten utnytter både ressursene og forsøksdyra i prosjektet på den beste og mest effektive måten. I tillegg bør kommunenes og rettighetshavernes innsats inn i prosjektet også gi fornuftig og relevant uttelling for den enkelte kommune, noe som er viktig for den lokale forankringen i prosjektet og den frivillige innsatsen som blir utført rundt om i kommunene. De lokale miljøene er viktige samarbeidspartner på den praktiske siden av prosjektet. De er videre viktige partnere for å utvikle relevant kunnskap for den lokale forvaltningen og for å gjøre kunnskapen tilgjengelig for en bærekraftig ressursutnytting av hjorten.

Det er viktig å understreke at prosjektet og NIBIO vil samarbeide med andre relevante fagmiljø og med andre prosjekter (eks relevante forskningsprosjekter som NIBIO og andre fagmiljø gjennomfører) i Norge både gjennom erfaringsutveksling og resultatutvikling.

Publisering og markedsføring av prosjektet

En annen vektlagt strategi i prosjektet er formidling og informasjon til alle brukere av informasjon og kunnskap fra prosjektet. Aktuelt stoff vil kontinuerlig oppdateres og være tilgjengelig for både involverte kommuner, rettighetshavere og andre interesserte gjennom nettsiden www.hjortmerk.no og på facebook (Hjort og hjortemerking NIBIO). På nettsidene er det tilrettelagt en egen kartmodul med som viser GPS dyras posisjonsdata og bevegelser til terrenget ("Hjortegis" - webgis.no/hjortegis), slik at «alle» kan følge dyra og at dette kartet blir oppdatert daglig med nye posisjoner. Man legger vekt på en god informasjon om aktuelt stoff og resultater som kommer fra prosjektet. Det er viktig å understreke at datamateriale som prosjektet skaffer til veie vil være tilgjengelig for de aktuelle kommunene.

En sluttrapport vil bli utarbeidet når prosjektet avsluttes.

Finansiering og budsjett (Foreløpig)

Finansieringen i prosjektet er lagt opp etter et mål å merke 60 dyr med GPS halsbånd i løpet av 3 felt/merkesesonger. Beregna kostnader er satt opp til 2,51 mill. over 5 år. Kostnadsbudsjettet varierer fra kr 415 000,- til kr 580 000,- pr år (se også detaljert oversikt over beregna inntekter og utgifter).

I hovedsak vil prosjektet finansieres av kommunale midler (viltfondsmidler) fra de deltagende kommunene. I tillegg vil det bli sendt årlige søknader til Møre og Romsdal og Sogn & Fjordane fylkeskommune hvert år. I samarbeid med kommunene vil prosjektet søke midler fra Statens Vegvesen for eksempel å kunne å analysere risikoområder for påkjørsler basert på GPS data fra prosjektet og påkjørsels statistikk i kommunene (disse eventuelle inntektene er ikke budsjettet pr dato). Det er satt opp en inntektsplan som også er på kr 2,51 mill, og som varierer fra kr 610 000,- til kr 475 000,- pr år. Bevilgningen fra hver enkelt kommune er beregnet og fordelt etter antall felte hjort på kommunenivå (beregnet etter antall felte hjort de fire siste åra).

I tillegg til dette budsjettet vil det være en betydelig egeninnsats både fra kommunene og grunneiere/andre ressurspersoner. Dette gjelder blant anna oppfølging av merkeplasser, foring og for, og anna praktisk tilrettelegging og arbeid. Verdien av dette arbeidet og de innsatsmidlene (silofor, etc) er ikke beregna i budsjettet, men er estimert til om lag kr 100 000,- pr år.

Det er også viktig å merke seg at ubrukte midler ett år i sin helhet blir overført til prosjektet neste år.

Ved reduserte bevilgninger ift oppsatt finansieringsplan vil aktiviteten måtte justeres. Disse tilpasningene og prioriteringene gjøres av kommunene i samarbeid med NIBIO.

Forslag til finansieringsplan for hele prosjektperioden.

INNTEKTER:

Hvem	2018	2019	2020	2021	2022	Sum
Volda kommune	80 000	50 000	50 000	50 000	50 000	280 000
Ørsta kommune	180 000	90 000	90 000	90 000	90 000	540 000
Vanylven kommune	80 000	50 000	50 000	50 000	50 000	280 000
Selje kommune	20 000	15 000	15 000	15 000	15 000	80 000
Eid kommune	95 000	55 000	55 000	55 000	55 000	315 000
Gloppen kommune	110 000	70 000	70 000	70 000	70 000	390 000
Hornindal kommune	45 000	20 000	20 000	20 000	20 000	125 000
Viltfondet Møre og Romsdal Fylke	0	75 000	75 000	75 000	75 000	300 000
Viltfondet Sogn og Fjordane Fylke	0	50 000	50 000	50 000	50 000	200 000
Andre						0
Sum Inntekter	610 000	475 000	475 000	475 000	475 000	2 510 000

Budsjetterte utgifter fordelt etter poster og år for hele prosjektperioden.

UTGIFTER

Hva	2014	2015	2016	2017	2018	Sum
Lønnsmidler inkl alle utgifter	50 000	360 000	360 000	360 000	370 000	1 500 000
Reisekostnader	5 000	30 000	30 000	30 000	20 000	115 000
Utstyrskostnader	500 000	50 000	100 000	50 000	0	700 000
Driftskostnader	25 000	55 000	55 000	35 000	25 000	195 000
Sum Utgifter	580 000	495 000	545 000	475 000	415 000	2 510 000
Resultat	30 000	-20 000	-70 000	0	60 000	0
Akkumulert resultat		10 000	-60 000	-60 000	0	



Merkeprosjekt for hjort på Søre Sunnmøre/Nordfjord

Erling L. Meisingset
NIBIO




NIBIO og hjortemerkeprosjekter

- Hjortmerk
- Hordahjort
- Sunnfjord og Ytre Sogn
- Hallingdal
- SørHjort
- Sunnhjort
- Østhjort




Sesongtrekk – trekkende bukk




Klassifisering av arealbruk


Koller




Bukker



Er dagens forvaltning tilpassa hjortens arealbruk?





Kor blir du skutt?



Hvorfor et GPS merkeprosjekt for hjort?

- Kunnskapsbasert forvaltning - Behov for kunnskap, kunnskap andre regioner er nødvendigvis ikke direkte overbar
- Kunnskap om hjortens arealbruk – viktig bærebjelke i framtidig forvaltning av bestanden - Bestandsretta forvaltning
- Konflikter og samfunnsmessige utfordringer
- Nye «trusler» – sykdommer (CWD), økt behov for en enda mer aktiv og nøyaktig forvaltning av hjorten.



Utvikling av prosjektet

– Prosjektbeskrivelse

- Mål og hensikt
- Kommuner/studieområde
- Omfang
- Tidsperiode
- Økonomi
- Organisering
- Evt samarbeidspartnere
- Formidling (www.hjortmerk.no)

– Formaliteter

- Tillatelser fra Forsøksdyrutvalget/Mattilsynet og fra Miljødirektoratet.
- Tillatelser fra Post og teletilsynet
- Tillatelser fra grunneiere (foringsplasser)
- Kompetansekrav

Hovedmål

- Utvikle kunnskap om hjortens arealbruk på Søre Sunnmøre og Nordfjord som grunnlag for forvaltningen i regionen.
- Utgangpunkt:
- Behov og ønske om økt kunnskap om hjortens arealbruk
- Gjennom merking av dyr med GPS halsbånd vil man være i stand til å kunne besvare mange spørsmål knytta til hjortens arealbruk.
- Hovedmålet vil kunne fylles gjennom de ulike delmålene

Mål i prosjektet (eks):


Utvikle kunnskap om hjortens områdebruk i regionen

- Hjortens trekkstrategier
 - Fordelingen mellom trekkdyr og stasjonære dyr (totalt og for begge kjønn)
- Hjortens sesongtrekk
 - Kartlegge trekkveier
 - Trekkdistanser – avstander mellom vinter- og sommerområder (totalt og for begge kjønn)
 - Tidspunkt for trekk – når skjer trekket om vår og om høsten

Mål i prosjektet (eks):

Utvikle kunnskap om hjortens områdebruk i regionen

- Hjortens leveområder
 - Størrelsen på leveområdene (år – sesong)
 - Hjortens bruk av innmarka
- Forvaltning og hjortens områdebruk
 - Er forvaltningen tilpassa hjortens arealbruk
 - Krysninger av vald og kommunegrenser
 - Bestandsretta forvaltning



Litt om kostnader

- Innkjøp av GPS halsbånd (evt resirkulering)
- Drift av GPS halsbånd
 - Gjenbruk – batteri og oppgradering
- Merking og feltkostnader
 - Personell og reise
- Andre kostnader
 - Serverdrift, kartfunksjon, sms, bedøvelsesmidler, annet utstyr
- Drifts- og utviklingsarbeid
 - Personell og reise
 - Formidling
 - Rapportering

Kostnader (Sunnhjort)

UTGIFTER

Hva	2014	2015	2016	2017	2018	Sum
Lønnsmidler inkl alle utgifter	115 110	190 740	262 514	235 000	250 000	1 053 364
Reisekostnader	13 328	25 129	27 969	27 000	13 000	106 426
Utstyrskostnader	74 188	0	90 994	110 000	0	275 182
Driftkostnader	37 265	44 550	0	56 690	17 810	156 315
Sum Utgifter	239 890	260 419	381 478	428 690	280 810	1 591 288

Antall merka dyr:	8	15	15	12		50
-------------------	---	----	----	----	--	----

Merk: Innkjøp av halsbånd er ikke belastet disse kostnadene

Inntekter (Sunnhjord)

INNTEKTER:						
Hvem	2014	2015	2016	2017	2018	Sum
Nordal kommune	50 000	50 000	50 000	50 000	50 000	250 000
Stranda kommune	200 000	50 000	50 000	25 000	25 000	350 000
Sykkylven kommune	50 000	50 000	50 000	50 000	50 000	250 000
Viltfondet Møre og Romsdal Fylke	70 000	70 000	70 000	70 000	70 000	350 000
NIBIO	20 000	33 000	33 000	33 000	33 000	152 000
Statens Vegvesen			200 000			200 000
Sum Inntekter	390 000	253 000	453 000	228 000	228 000	1 552 000

Egeninnsats

- Finne merkeplasser
- Tilrettelegging av merkeplasser (lys, etc.)
- For og foring
- Kontakt med grunneiere og andre lokalt
- Tillatelser fra grunneiere
- Innsamling av data fra felte dyr og halsbånd
- Formidling lokalt

Takk for oppmerksomheten!



Tingvoll Bukk hvit 58
Merka: 6/2-09, Storset, Vågbø
Skutt: 13/9-09, Holtavatnet, Tingvoll
Slaktevekt: 136 kg

Fra: Liv Bente Viddal[liv-bente.viddal@orsta.kommune.no] Sendt: 23.04.2018 09:04:00 Til: Ørsta postmottak Tittel: VS: Prosjektbeskriving hjortemerking VestHjort
Registrer epost og vedlegg som sak på Peder Magnussen.

Helsing

Liv Bente Viddal
Seksjonsleiar
Kultur og landbruk

Direkte 70049614

E-post liv-bente.viddal@orsta.kommune.no
Web www.orsta.kommune.no



ØRSTA KOMMUNE

Fra: Robert Welsvik <welsvik@online.no>

Sendt: 20. april 2018 13:42

Til: Peder Magnussen <peder.magnussen@orsta.kommune.no>; trine.alme@gloppen.kommune.no; Terje Kolstad <terje.kolstad@vanylven.kommune.no>; Liv Bente Viddal <liv-bente.viddal@orsta.kommune.no>; 'Lindis Vinje Bergland' <Lindis.Vinje.Bergland@gloppen.kommune.no>; le@nordplan.no; gry.otneim.leikanger@selje.kommune.no; jan.endre.nesdal@hornindal.kommune.no; Anne Kathrine Løberg <anne.kathrine.loberg@heroy.kommune.no>; Kristin Wadsten <kristin.wadsten@sande-mr.kommune.no>

Kopi: hmklokk@gmail.com; 'Kjell-Arne Myrvoll' <kjmyrv@hotmail.no>; aarskogjohn@gmail.com; erling.meisingset@nibio.no

Emne: Prosjektbeskriving hjortemerking VestHjort

Ref til diverse møter og tidlegare korrespondanse og telefonar angående GPS merking av hjort.

Sjå vedlagde prosjektbeskriving utarbeidt av NIBIO ved Erling Meisingset. Denne bør no danne grunnlag for formell sakshandsaming og godkjenning i kvar einskild kommune. Det er sendt invitasjon også til kommunane Sande, Herøy, Ulsteinvik og Hareid, desse vil gje tilbakemelding om nokre veker om dei blir med eller ei.

Merk at kommunane Selje og Hornindal står oppført som deltakarar i prosjektbeskrivinga, dette er ynskjeleg – men dog noko prematurt å stadfeste. Grunna den planlagde kommunesamanslåinga med Nordfjord/Selje og Volda/Hornindal er det naturleg at Selje og Hornindal vert inviterte, men det må påpeikast at desse ikkje på individuell basis har handsama eller på nokon måte vedteke prosjektet enno. Representantar frå desse to kommunane er kopierte inn, slik at dei kan ta kontakt for meir informasjon, eventuelt diskutere saka med respektive ansvarlege i Eid og Volda, og deretter fremje prosjektet for godkjenning (vonaleg) i Selje og Hornindal.

Me vonar med dette at alle adresserte kommunar vel å være med i dette særst viktige prosjektet, som ikkje berre skal gje eit betre grunnlag for forvaltning av hjortedyra, men også under «føre var prinsippet»; for å lære mest mogleg om hjortens vandringar med tanke på smittsame sjukdomar og eventuelle spreingsmønster.

Spm kan rettast til NIBIO ved Erling Meisingset tlf: 40480203
Eller til Robert Welsvik i Ytre Dalsfjord Utmarkslag tlf 91374813

Mvh
Robert Welsvik



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Jørgen Vestgarden

Arkivsak nr.: 2018/1119

Arkivkode: 205

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

55/18

Forvaltningsutvalet

12.06.2018

BOM OG BOMPENGEAVGIFT PÅ ULVESTADVEGEN

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet viser til saksutgreiinga, og godkjenner oppsetting av bom og dei satsar som går fram av søknaden med heimel i Veglova sin § 56.

Vedleggsliste:

Søknad om auka bom og bompengavgift, 14.05.18

E-post frå Martin Klockk

Veginfo

Saksopplysningar/fakta:

Ulvestadvegen ved Erling Ulvestad søkjar 14.mai 2018 om oppsetting av bom og bompengavgift. Satsane er 50 kr for eingongsbruk, 300 kr for årskort og 500 kroner for familie kort (alle kjøretøy ei familie disponerer). Vegen er ein skogsbilveg i klasse 3 bygd i 1989. Vegen er 2.817 meter lang og vart ikkje brøytta, men trakka opp med trekkemaskin og snøskuter.

Veglova § 56 lyder:

Med samtykke frå kommunen kan det krevjast bompengar for ferdsel på privat veg.

Kommunen skal òg fastsette storleiken på avgifta og kan sette vilkår om bestemt bruk av avgiftsmidlane.

Kommunen kan òg fastsette at det kan krevjast tilleggsavgift av eigaren til køyretøyet ved unnlatt betaling av bompengar og fastsette storleiken på tilleggsavgifta.

Vurdering og konklusjon:

Vegvedlikehald av ein veg på 2.817 meter krev innsats i timar og kroner. Grunneigarane som tok ut skog i 2016 rusta opp vegen for over 150 000 kr i etterkant av skogsdrifta. Det er derfor på sin plass at det vart innført bompengavgift slik at dei som nyttar vegen er med på dekke kostnader til vegvedlikehald.

Ved å sette opp bom kan styret i veglaget stenge vegen i teleløysing og ved spesielle værforhold som gjer at vegen er ekstra sårbar.

På bakgrunn av saksutgreiinga vil landbrukskontoret tilrå at forvaltningsutvalet godkjenner

oppsetting av bom og dei satsar som går fram av søknaden til Ulvestadvegen med heimel i Veglova sin § 56.

Satsane vert godkjent frå den dato vedtak vert gjort.

Med helsing

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar

Peder Magnus Magnussen
fagansvarleg skogbruk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Ulvestad/Haugen Grunneigarlag v/ Erling Ulvestad

Kopi: Landbrukskontoret i Ørsta og Volda

Klageinstans:

Fylkesmannen

Ulvestad/Haugen Grunneigarlag SA
C/O Erling Ulvestad
Ulvestadvegen 21
6133 LAUVSTAD

Volda Kommune
v/ Peder Magnussen
Dalevegen 6
6153 ØRSTA

Søknad om oppføring av bom på skogsveg 1519 - 1/1 (Ulvestadvegen)

Ulvestad/Haugen Grunneigarlag SA (organisasjonsnummer 918 331 190) har ifrå den 09.12.2016 tatt over det formelle ansvaret for drift og vedlikehald på veg 1519 – 1/1 Ulvestadvegen. Etter hogsten sommar/haust 2016 tok grunneigarane kostnaden med å ruste opp denne vegen for mykje meir en 150 000,-.

Pengane for å koste dette vart henta inn ved at alle som tok ut av skogen sit sette av ein viss andel av dette til vegføremaal.

Etter at denne kostnaden vart teken sit me no att med ein veg som er betre enn den nokon gong har vore, dette ynskjer me sjølv sagt at skal være slik også framover.

For å prøve å halde denne vegen so god som den er no også framover ynskjer me difor å setje opp ein bom samt å krevje inn bompengar for brukarar av vegen. På mottatt sida av dalen har det vore bomveg i mange år allereie og det fører faktisk til det at vegen vår vert meir og meir nytta då denne pr. i dag er gratis å nytte samt denne no sjølv sagt er i mykje betre stand.

Ved å setje opp bom kan me få inn nokre pengar til å halde vegen vedlike og det dermed vert alle brukarar av vegen som er med på å ta kostnaden på vegvedlikehaldet, i staden for at det berre er eigarane av vegen som må ta den. Dette tykkjer me er ei fornuftig og rettferdig løysing.

I teleløysinga eller andre periodar med vær forhold som kan føre til at vegen kan ta skade om den vert kjørt på vil vegen verte stengt med bommen. Styret har fullmakt til å stenge vegen når dei finn det naudsynt.

Tanken er å setje opp bommen slik bilete på neste side viser, dette er litt lenger fram imot dalen er der det bur fastbuande. Ynskjer der å også setje opp ei postkassa med innbetalingsblankettar der eingongsbillett eller årskort kan vert innbetalt.

Prisane me ser for oss er kroner 50,- for eingongsbruk og kroner 300,- for årskort. Eit familiekort på kroner 500,- for alle kjøretøy som ei familie disponerer ser me ogso som ei god løysing.

Sjølv om denne vegen ein skogsbilveg i klasse 3 har me valt å ikkje brøyte vekk snøen dei siste åra. Har då heller valt å trække med trakkemaskin og/eller snøskuter. Dermed har vegen vorte nytta til rekreasjonsføremaal av dei som går på ski heile vinteren so lenge det har vore snø og kulde. Dette er og med på å forlenge levetida til vegen etter vårt skjøn.



For styret i Ulvestad/Haugen Grunneigarlag

Erling Ulvestad

Fra: Hans Martin Klokk[hmklokk@gmail.com] Sendt: 13.05.2018 23:56:03 Til: Peder Magnussen Kopi: Erling Ulvestad Tittel: Søknad om bom på veg 1519 - 1/1 Ulvestadvegen
Hei

Eg fekk vite med Erling Ulvestad at de har hatt litt dialog om oppsetjing av vegbom på veg 1519 - 1/1 Ulvestadvegen. Erling er leiar i Ulvestad/Haugen Grunneigarlag mens eg er nestleiar.

Eg har fått i oppdrag av styret om å skrive ein søknad på vegne av laget og denne ligg vedlagt denne mailen. Kan du kike på søknaden og gi oss ei tilbakemeldig om denne ser ok ut før me eventuelt sender denne i meir offisielt med Erling sin signatur? Eller er det so kjem godt nok for eventuelt å få den behandla politisk?

Veit ikkje heilt kor mykje info du har om Ulvestad/Haugen Grunneigarlag SA men dette laget skipa me som eit samvirkeforetak i forbindelse med hogsten. Dette for å ha eit lag registrert i brønnønsundregisteret som kunne håndtere dei litt større pengeoverføringane som måtte til for å ruste opp vegen på skikkelig vis. Dette laget "tok" då over det formelle ansvaret for dei ulike vegane på Ulvestad. Det ligg ulike jordskiftesaker til grunn for korleis kostnadar med eventuelt vedlikehald skal fordelast, dette vil me nytte ved et "vanlig" vedlikehald av vegen. I staden for å ha mange ulike styre på dei ulike vegane samt styret for hjortejakta so valde me å slå alt isaman og at styret for Ulvestad/Haugen Grunneigarlag. Dette gjer det praktisk mykje lettare for oss å halde orden på dei ulike vedtaka.

På førehand takk for svar

Hans Martin Klokk

Kommune:	1519 - VOLDA	Konto:	S1519
Vei/Parsell:	1/1	Kontakt:	
Navn:	Ulvestadvegen	Telefon:	
Veiklasse:	3 - HELÅRS LANDBRUKSVE	Epost:	
Byggeår:	1989	ORGNR veiforening:	
Lengde:	2817	Adressenavn:	Haugevegen
Tilkomstvei:	☐	LBVKlasse:	



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide

Arkivsak nr.: 2018/800

Arkivkode: 42 /3

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

56/18

Forvaltningsutvalet

12.06.2018

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ 100-METERSBELTET, GBR. 42/3, ÅRSETØYA, VOLDA KOMMUNE

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2, gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå plan- og bygningslova sin § 1-8 (forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag, 100-meters beltet) og kystsoneplanen (planID 2003001) sitt LNF-område (på øya) og NFFF-område (i sjø). Dispensasjonen gjeld for utlegging av betongbrygge ved Årsetøya.

Vedlegg:


1. Søknad om dispensasjon, datert 20.4.2018.
2. Situasjonsskart.
3. Forankringsplan, registrert 23.4.2018.
4. Merknad frå Stiftelsen Bergens sjøfartsmuseum, datert 16.6.2018.
5. Merknad frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 30.05.2018.
6. Merknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 31.5.2018.

Saksopplysningar/fakta:

Helge Arne Ryste (på vegne av Beate Kristin Ryste) har søkt om dispensasjon frå 100-meters beltet, for utlegging av betongbrygge ved Årsetøya (gnr. 42, bnr. 3) i Austefjorden.

Lokalisering

Årsetøya ligg i Austefjorden, 5 minutt med båt frå Aurstad camping.



Lokalisering av Årsetøya

Planstatus

Årsetøya med tilgrensande sjøareal er ikkje regulert. Øya er i kystsoneplanen (planID 2003001) lagt ut til LNF-område (landbruks-, natur- og friluftsområde). Sjøarealet kring øya er lagt ut til NFFF-område (natur-, ferdsel-, fiske- og friluftsliv). Tiltaket ligg innanfor 100-meters beltet langs sjøen.



Årsetøya sett frå sjøsida



Dagens tilkomst til øya

Skildring av tiltaket

Helge Arne Ryste ønskjer å leggje ut betongbrygge på sørsida av Årsetøya. Betongbrygga har ein storleik på 22 x 2,7 x 0,9 m. Tilhøyrande landgong er 8 x 1 m.

Det er lagt fram forankringsplan for brygga.



Situasjonskart som viser plassering og forankring av betongbrygga

Søklar si grunngjeving

Sitat frå søknad:

«I forbindelse med et godt samarbeid gjennom Austeffjord museums lag så har det vorte et auka behov for transport til og fra Årsetøya. Det arrangeres stemner og omvisninger slik at besøkende også kan sjå kor museumet hadde sin opprinnelse. I den forbindelse er vi nøydde til å ha ein sikrare ankomst til øya samt at vi kan ta i mot litt større båter som f.eks. Nordlys. I dag har vi flytebrygger på øya som må settes på land på grunn av is om vinteren. Dette medfører en del arbeid for oss med heising og vedlikehold. Vi vil derfor no investere i ei betongbrygge som kan ligge ute heile året uavhengig av is. (Ønsket plassering finnes i vedlagt kart).

Vi ynskjer derfor å søke om dispensasjon frå det generelle byggje- og deleforbodet slik at vi kan sikre tilkomsten til øya, legge til rette for større båtar samt at vi kan tilbytransport til/frå øya i samband med stemner og omvisningar også i regi av Austeffjord Museuslag. Tiltaket skal ligge i sjøen og festast med landgang på Årsetøya. Som eine-eigarar har vi heller ingen naboar som må varslast om tiltak».

Nabovarsel

Det er ikkje levert inn nabovarsel. Tiltaket råkar ikkje andre eigedommar.

Høyring

Søknad om dispensasjon har vore ute på høyring. Frist for å kome med uttale var sett til 29.5.2018.

Innan fristen kom det inn følgjande merknader:

Stiftelsen Bergens sjøfartsmuseum, melder at dei ikkje kjenner til kulturminne som kan bli direkte råka ved Årsetøya. Museet gir uttrykk for at det likevel er mogleg at det ligg kulturminne i området. Museet minne om at tiltakshavar pliktar å melde frå, dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast.

Kommentar

Ingen kommentar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM), meiner tiltaket vil medføre eit stort inngrep på ei side av øya som er lite berørt frå før. FM meiner brygga bør etablerast på austsida av øya, der det allereie er gjort tiltak. Ei slik plassering vil samle inngrepa og ein kan ta vare på den skjerma vika.

Fylkesmannen peikar på at dersom ein legg brygga som omsøkt, vil ein i etterkant få behov for tilkomst vidare inn på øya, gjerne universelt utforma, noko som kan krevje eit større inngrep. Dei viser til at det allereie er etablert veg på austsida

Fylkesmannen rår avslutningsvis til at ein vurderer å etablere brygga langs land i staden for rett ut frå land.

Kommentar

Sakshandsamar, representant frå Ørsta Volda landbrukskontor og to representantar frå fylkeskommunen si kulturavdelinga var på synfaring på Årsetøya 30.5.2018. Under synfaringa fekk ein meir informasjon om tiltaket, og sett nærare på vika og terrenget/landskapet.

Søkjar ønskjer å leggje ut flytebrygga i den vesle vika, med bakgrunn i at den er skjerma frå framherskande straumar i sjøen og vind. Dei som budde på øya, nytta vika som ankringsplass for ei rekkje båtar tidlegare. Ein ser spor i fjellet etter boltar og fundament.

Det er kort veg frå planlagt ilandstigning og traktorveg opp til tunet. Det vil ikkje bli store inngrep i terrenget. Tilkomsten vil føye seg fint inn i dagens terreng. Forholda ligg ikkje til rette for at ein kan legge brygga langs land, slik fylkesmannen rår til.

Møre og Romsdal fylkeskommune (FK), viser innleiingsvis til synfaring 30.5.2018.

Kulturavdelinga informerer om at det er gjort ein del arkeologiske funn på øya. Funna er ikkje presist kartfesta, men er mest truleg på ein annan del av øya. Det er sannsynleg at det kan vere funn andre stader også. FK ber om at ev. funn i samband med etablering av ny veg/sti vert meldt inn til kulturavdelinga med ein gong.

FK gir uttrykk for at dei i utgangspunktet (før synfaringa) var skeptiske til plasseringa av flytebrygga. Under synfaringa fekk dei utfyllande informasjon om tiltaket og god kjennskap til terrenget. Stien/vegen frå brygga og opp til tunet vert tilpassa terrenget på ein skånsam måte. Fylkeskommunen konkluderer med at dei ikkje har merknader til tiltaket.

Kommentar

Ingen kommentar.

Vurdering og konklusjon:

Jamfør plan- og bygningslova § 19-2, kan det bli gitt dispensasjon dersom ikkje omsynet bak bestemmelsen det vert dispensert i frå vert vesentleg sett til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Kommunen har ikkje høve til å gi dispensasjon dersom desse vilkåra ikkje er oppfylt.

Vesentleg sett til side:

Omsøkte tiltak ligg innanfor 100-meters beltet langs sjøen. Øya er i kystsoneplanen (planID 2003001) lagt ut til LNF-område (landbruks-, natur- og friluftsområde). Sjøarealet kring øya er lagt ut til NFFF-område (natur-, ferdsel-, fiske- og friluftsliv).

100-meters beltet

Når det gjeld byggjeforbodet i 100-metersbeltet, er det hensyn til natur, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser som ligg bak.

LNF-område

Omsynet bak utlegging til LNF-føremål, er å ivareta omsyn til landbruk, natur- og friluftsliv.

NFFF-område

Omsynet bak utlegging til NFFF-område, er å ivareta interesser knytt til natur-, ferdsel-, fiske- og friluftsliv.

Ettersom omsyna bak byggjeforbodet og arealformåla i hovudsak er samanfallande, vert det ei samla vurdering av om vilkåra for dispensasjon er oppfylt.

Sjøelve flytebrygga vil i liten grad bli synleg frå sjøsida. Flytebrygga sin landgong, landfeste, samt tilkomst frå brygga og opp til tunet, vil medføre inngrep på øya. Etter kommunen si vurdering er inngrepa små. Tiltaket vil ikkje virke privatiserande for omgjevnadene og eller vere avgrensande for fri ferdsel.

Kulturlandskapet på øya har status som kulturmiljø av regional verdi. Det er 10 SEFRAK-registrerte bygningar frå siste halvdel av 1800-talet på øya. Det er registrert fleire funn frå steinalderen på øya. Eigarane av øya og Austefjord museum, Årsetøysamlinga, ønskjer å gjere øya meir tilgjengeleg for ålmenta.

Interessene knytt til natur, friluftsliv, landskap og allmenne interesser (ferdsel) vil ikkje bli vesentleg sett til side.

Etter ei samla vurdering meiner kommunen at omsynet bak bestemmelsane det vert dispensert frå ikkje vert vesentleg sett til side.

Overvekt av fordelar:

Det vert vist til momenta under overskrifta ovanfor (vesentleg sett til side).

Fordelar – det vil bli enklare og tryggare for eigarane, samt besøkjande å vitje Årsetøya.

Ulemper – ulempene for ålmenta er etter kommunen si vurdering marginale, både når det gjeld interesser knytt til natur, friluftsliv, landskap og allmenne interesser.

Etter ei samla vurdering meiner utviklingssjefen at fordelane ved ein dispensasjon i denne saka er større enn ulempene.

Konklusjon:

Etter ei samla vurdering meiner kommunen at omsynet bak bestemmelsane det vert dispensert frå ikkje vert vesentleg sett til side. Fordelane ved å gi dispensasjon er større enn ulempene.

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

- Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 Molde
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde
- Helge Arne Ryste, Voldavegen 217, 6160 Hovdebygda
- Beate Kristin Ryste, Hundvåg Ring 26, 4085 Hundvåg

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Volda, 20.04.2018

Søknad om flytebrygge på Årsetøya – dispensasjon fra det generelle byggje- og deleforbudet i 100 meters beltet langs sjøen.

Juridisk eier:	Beate Kristin Ryste
Tiltakshaver:	Helge Arne Ryste (far til Beate Kristin Ryste)
Eiendom:	Gnr. 42, bnr. 3
Bryggestørrelse:	22 meter * 2,7 meter * 0,9 meter med landgang på 8 meter * 1 meter.
Tidsaspekt:	Juni/Juli 2018
Nabovarsel:	Det er ingen naboer til tiltaket.


I forbindelse med et godt samarbeid gjennom Austefjord museums lag så har det vorte et auka behov for transport til og fra Årsetøya. Det arrangeres stemner og omvisninger slik at besøkande også kan sjå kor museumet hadde sin opprinnelse. I den forbindelse er vi nøydd til å ha ein sikrare ankomst til øya samt at vi kan ta i mot litt større båter som f.eks. Nordlys. I dag har vi flytebrygger på øya som må settes på land på grunn av is om vinteren. Dette medfører en del arbeid for oss med heising og vedlikehold. Vi vil derfor no investere i ei betongbrygge som kan ligge ute heile året uavhengig av is. (Ønsket plassering finnes i vedlagt kart).

Vi ynskjer derfor å søke om dispensasjon frå det generelle byggje- og deleforbudet slik at vi kan sikre tilkomsten til øya, legge til rette for større båtar samt at vi kan tilbytransport til/frå øya i samband med stemner og omvisningar også i regi av Austefjord Museuslag. Tiltaket skal ligge i sjøen og festast med landgang på Årsetøya. Som eine-eigarar har vi heller ingen naboar som må varslast om tiltak.

Ser fram til ein positiv og rask sakshandsaming på vår søknad.

Med vennlig helsing

Helge Arne Ryste
(På vegne av eigar Beate Kristin Ryste)



RevNo	Revision note	Date	Signature	Checked
-------	---------------	------	-----------	---------


Pos. nr.:	Antall :	Navn, Type, Beskrivelse, Dimensjoner :	Materiale/ Tegn. nr.:	Kg/stk :	Anm., Referanser :
-----------	----------	--	--------------------------	----------	--------------------

Denne tegning er Marina Solutions AS sin eiendom og må ikke kopieres eller overlates til tredjeperson uten skriftlig tillatelse fra Marina Solutions AS.
This drawing remains the property of Marina Solutions AS. Utilization, copying or handling it to third parties is not permitted without written consent.

Itemref	Quantity	Title/Name, designation, material, dimension etc			Article No./Reference	
Designed by Jan Erik Hovden		Checked by	Approved by – date	File name 3-000X	Date 16.04.2018	Scale 1:250
MARINA SOLUTIONS AS			Årsetøya			
			3-000X			Edition 0



European
standard.



RevNo	Revision note	Date	Signature	Checked
-------	---------------	------	-----------	---------

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr: 18/800	Avd: OTV
Løpnr:	Shs: Berthe
23 APR 2018	
Arkivdel: Bygg	
Klassering P:	
Klassering S:	

Pos. nr.:	Antall :	Navn, Type, Beskrivelse, Dimensjoner :	Materiale/ Tegn. nr.:	Kg/stk :	Anm., Referanser :
-----------	----------	--	--------------------------	----------	--------------------

Denne tegning er Marina Solutions AS sin eiendom og må ikke kopieres eller overlates til tredjeperson uten skriftlig tillatelse fra Marina Solutions AS.
This drawing remains the property of Marina Solutions AS. Utilization, copying or handling it to third parties is not permitted without written consent.

Itemref	Quantity	Title/Name, designation, material, dimension etc	Article No./Reference
Designed by Jan Erik Hovden	Checked by	Approved by - date	File name 3-000X
		Date 19-04-2018	Scale 1:500

MARINA SOLUTIONS AS	Arsetøya	
	Forankringsplan	Edition 0 Sheet A3

Fra: Synnøve Valle[synnove.valle@mrfylke.no]

Sendt: 16.05.2018 11:07:56

Til: Postmottak Volda

Tittel: Volda kommune - oppføring av betongbrygge gbnr 42/3 - dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

Vi viser til uttalen vår i saka om oppføring av betongbrygge. Uttalen frå Bergens sjøfartsmuseum kom etter at vi sendte ut brevet. Sjå under.

Helsing

Synnøve Valle

Rådgivar

Plan- og analyseavdelinga

Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf. 71 28 02 39 / 91 18 38 66

synnove.valle@mrfylke.no

Vev: mrfylke.no



Vedr. Volda kommune - oppføring av betongbrygge gbnr 42/3 - dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til e-post motteke 26.04.2018.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Årsetøya, gbnr. 42/3 i Volda kommune som kan bli direkte råka av tiltaket.

Museet har ingen andre merknader til tiltaket.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Venleg helsing

for STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Thomas Bjørkeland

Marinarkeolog

55549611

E-postadresse: marinarkeologi@bsj.uib.no



VOLDA KOMMUNE
Stormyra 2
6100 VOLDA

Volda kommune

Utlegging av betongbrygge ved Årsetøya i Austefjorden - gnr42 bnr3 Dispensasjon frå kommuneplan og pbl § 1-8

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Bakgrunn

Det er søkt om utlegging av betongbrygge på 22 meters lengd i tillegg til landgong på 8 meter på sørsida av Årsetøya. Søknaden er grunngjeven med auka behov for transport til og frå Årsetøya i samband med stemner og omvisningar i samarbeid med Austefjord museumslag. Tiltaket vil gi enklare og tryggare tilkomst til øya og gjere tilkomst enklare også for større båtar.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Natur, miljøvern og strandsone

Tiltaket vil medføre eit stort inngrep på ei side av øya som er lite berørt frå før. Heller enn å blokkere denne vesle vika med ei lang brygge som sperrer av store deler av vika, bør ein etablere brygga på austsida av øya der det allereie er gjort ulike tiltak. Slik får ein samla inngrepa og ein kan bevare den skjerma vika, også som ein veleigna ankringsplass for småbåtar.

Legg ein brygga der den er omsøkt, vil ein i etterkant få behov for tilkomst vidare inn på land, gjerne universelt utforma, noko som kan krevje større inngrep. På austsida av øya er der allereie veg. Plasserast brygga i vika opnar ein også opp øya for auka ferdsel langs strandsona der det i dag er lite ferdsel. Dette er uheldig med omsyn til dyrelivet.

Vi rår også til at ein vurderer å etablere brygga langs land i staden for rett ut frå land, då det gir mindre uheldig landskapsverknad.

Konklusjon

Vi viser til våre merknader og ber om at desse takast med i den vidare saka.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi

Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund
Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		64874/2018/DISPENSASJON/1519	Toril Moltubakk, 71 28 03 37	31.05.2018

Volda kommune - ny uttale til oppføring av betongbrygge gbnr 42/3 etter synfaring.

Kulturminne, automatisk freda og frå nyare tid

Viser til veldig flott synfaring i går 30.5.2018 på ei fin øy med godt ivaretekne bygg med innhald og kulturlandskap. Det er ingen tvil om at eigar legg ned stor innsats og har stor respekt for livsverket til dei tidlegare bebruarane på øya.

På tilsendte teikningar i saka såg vi at tilkomst vart flytta til ein heilt annan plass på øya, der det var innteikna ei stor betongbrygge på tvers av vågen. Vi var difor skeptiske til omfanget av inngrep på land, og korleis det vil påverke opplevinga.

Etter synfaring er vi visse på at «råsa opp frå kaia vil medføre fjerning av ein stor stein med litt meir, men at det elles er planlagt nokre steintrinn og lett opparbeiding av den slake bakken opp mot hovudhuset på øya.

Det er gjort ein god del arkeologiske funn på øya. Desse er ikkje presist kartfesta, men er mest sannsynleg på ein annan del av øya. Det er likevel sannsynleg at der kan vere meir andre stader. Vi ber difor om at det i arbeidet med ny veg/sti vert meldt frå med ein gong dersom det skulle dukke opp ting som kan vere arkeologiske kulturminne.

Ut over eit ynskje om skånsam innpassing i terrenget og å få melding om arkeologiske funn umiddelbart har vi ikkje merknader til tiltaket, og ynskjer lykke til.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Toril Moltubakk
rådgivar kulturvern

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Toril Moltubakk, tlf. 71 28 03 37
Kulturminne frå nyare tid: Arve Nytun, tlf. 71 28 03 25



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide

Arkivsak nr.: 2018/283

Arkivkode: 35/ 14

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

57/18

Forvaltningsutvalet

12.06.2018

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEDELPLAN, GBR. 35/14 I ALDALEN

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2, gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå kommunedelplan for Hjartåbygda/Aldalen, for tilbygg til hytte og oppføring av naust.

Det vert sett følgjande vilkår for dispensasjonen:

- Tiltaket skal halde seg innanfor rammene i søknaden (storleik tilbygg og naust, grense/avstand til vatnet).
- Det skal ikkje gjerast unødvendige fysiske inngrep og hogst i samband med tiltaket.
- Det er ikkje høve til å leggje inn vatn i hytta.
- Det er ikkje høve til å etablere utslepp frå hytta.
- Det er ikkje høve til å føre fram veg til hytta.

Vedlegg:

1. Søknad om dispensasjon, datert 3.3.2018.
2. Nabovarsel, datert 16.2.2018.
3. Merknad til nabovarsel frå nabo Eva Bente Rønning, ikkje datert.
4. Svar på merknad frå nabo, datert 2.3.2018.
5. Situasjonsskart, sist datert 4.4.2018.
6. Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 7.5.2018.
7. Sak på høyring, brev datert 7.4.2018.
8. Kommentar frå ansvarleg søkjar til høyring, e-post 09.04.2018

Vedlegg, uprenta:


1. Merknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 25.4.2018.

Saksopplysningar/fakta:

Arkitekt Anders Moen Vaaland har på vegne av gnr. 35, bnr. 14 søkt om dispensasjon frå kommunedelplan for tilbygg til eksisterande hytte (20 m²) og oppføring av naust (10 m²).

Lokalisering av tomta

Gnr. 35, bnr. 14 ligg ved Aldalsvatnet i Aldalen.




Planstatus:

Gnr. 35, bnr. 14 er ikkje regulert. Eigedommen ligg innanfor LNF-område, sone A i kommunedelplan for Hjartåbygda/Aldalen (planID 1996003). Omsøkte tiltak ligg innanfor 100-meters beltet langs Aldalsvatnet.

Skildring av tiltaket

Det står ei lita hytte (tømmerkoie) på eigedommen, som vart sett opp på 1950-talet. Tiltakshavar ønskjer no å bygge på hytta med 20 m², samt å føre opp eit lite naust på 10 m². Det skal ikkje leggjast inn straum eller vatn i hytta.



Utsnitt frå situasjonskart

Hytta ligg om lag 7 meter frå strandlinja. Naustet er tenkt oppført 5 meter frå strandlinja.

Søknad om dispensasjon:

Etter Plan- og bygningslova (2008), § 19-1 krev dispensasjon grunngjeven søknad. Før vedtak vert fatta, skal naboar varslast. Regionale og statlege mynde, skal få høve til å uttale seg før det vert gitt dispensasjonar frå planar, plankrav og forbodet i Plan- og bygningslova § 1-8.

Etter plan- og bygningslova § 19-2, kan kommunen gi varig eller mellombels dispensasjon frå føresegner fastsett i eller i medhald av Plan- og bygningslova. Det kan setjast vilkår for dispensasjonen. Ein kan ikkje gi dispensasjon, dersom omsynet bak bestemmelsen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sin formålsbestemmelse vert vesentleg sett til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Søklar sine argument:

Søklar sine argument for dispensasjon, sitat:

«Tiltakshaver, Hildegunn Nilsdotter Vålnes har en hytte som ligger langs Aldalsvatnet. Hytta er en gammel «tømmer-koie» som ble hentet og fraktet dit og satt opp igjen av hennes far, Nils Vålnes. Dette ble gjort i begynnelsen av 1950-årene.

I forbindelse med tilbygget, søkes det også om å sette opp et lite naust som vist på situasjonskartet. I dag blir båten (Pioner 8 fot) trukket på land ligger ved siden av hytta. Hildegunn ønsker å kunne trekke båten inn i et naust, hvor årer og fiskeutstyr kan lagres trygt.

Vi ser på hele tiltaket som en god forbedring i området. For turgåere langs Aldalsvatnet vil tiltaket oppleves som både med tiltalende og ryddig. Uteområdet rundt hytta vil for Hildegunn oppleves mer etter hennes egne ønsker som praktisk, brukervennlig og ordentlig. Det vil også være mulig til å ta i mot overnattingsbesøk etter at tiltaket står ferdig.»

Nabovarsel – merknader frå naboar:

Tiltakshavar har sendt ut nabovarsel. Innan fristen kom det inn ein merknad. Gnr. 37, bnr. 1 har ingen merknad til hyttebygget. Når det gjeld oppføring av naust, meiner gnr. 37, bnr. 1 at det er viktig at det vert teke særskilt omsyn til gangssona rundt vatnet. Det må vere slik at ein kan gå rundt vatnet utan å måtte trakke nede i fjøresteinane. Gnr. 37, bnr. 1 gir klar uttrykk for at ein må kunne gå på land rundt Aldalsvatnet.

Arkitekt Anders Moen Vaaland kommenterte merknaden frå gnr. 37, bnr. 1 i e-post datert 2. mars 2018. Vaaland beklagar at kartet som låg ved nabovarselet var vanskelig å forstå. Vaaland presiserer at det vil vere 5 meter mellom naustet og Aldalsvatnet. Tiltakshavar ønskjer ikkje å stenge for gåande langs vatnet.

Høyring:

Søknad om dispensasjon har vore ute på høyring. Frist for å kome med uttale var sett til 7.5.2018.

Innan fristen kom det inn følgjande merknader:

Møre og Romsdal fylkeskommune har ikkje merknader til søknaden.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal meiner det ikkje bør oppførast nye hytter langs Aldalsvatnet. Omsøkte tiltak er etter fylkesmannen si vurdering så lite at han ikkje kan sjå at tilbygg og oppføring av naust vil true natur- og miljøvernomsyn. Det er under føresetnad av

at tiltaket held seg innanfor dei vilkår som går fram av søknaden i høve til storleik, plassering, avgrensing mot vatnet, sikring av frisone mellom hytta/naustet og vatnet. Ein må unngå unødige fysiske inngrep og hogst. Det må setjast vilkår om at det ikkje er høve til innlegging av vatn eller etablering av utslepp og at det ikkje er høve til å føre fram veg til hytta.

Vurdering:

Jamfør plan- og bygningslova § 19-2, kan det bli gitt dispensasjon dersom ikkje omsynet bak bestemmelsen det vert dispensert i frå vert vesentleg sett til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Kommunen har ikkje høve til å gi dispensasjon dersom desse vilkåra ikkje er oppfylt.

Vesentleg sett til side:

Tiltakshavar ønskjer å bygge på eksisterande hytte og føre opp eit lite naust, i eit område som er lagt ut til LNF-område, sone A i kommunedelplan. Omsøkte tiltak ligg innanfor 100-metersbeltet langs Aldalsvatnet.

Omsynet bak utlegging som LNF-føremål, er å ivareta omsyn til landbruk, natur- og friluftsliv. Når det gjeld byggjeforbodet i 100-metersbeltet, er det hensyn til natur, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser som ligg bak.

Ettersom omsyna bak arealformålet og byggeforbodet i denne saka i hovudsak er samanfallande, vert det ei samla vurdering av om vilkåra for dispensasjon er oppfylt.

Tiltaket inneber ein auke i bygningsmasse i området. Tilbygget ligg på nordsida av hytta, og vil i liten grad bli synleg frå vatnet. Tilbygget underordnar seg eksisterande hytte. Det er ein del skog i området. Naustet er plassert slik at det er rom for ei 5 meter brei gangsone mellom vatnet og naustet. Oppføring av naust vil difor ikkje få innverknad på ålmenta sin ferdsel i området. Naustet vil bli synleg frå vatnet. Tilbygget og naustet vil ikkje bli til sjenanse for andre hytter langs vatnet.

Interessene knytt til natur, friluftsliv, landskap og allmenne interesser (ferdsel) vil ikkje bli vesentleg sett til side.

Etter ei samla vurdering meiner kommunen at omsynet bak bestemmelsane det vert dispensert frå ikkje vert vesentleg sett til side.

Overvekt av fordelar:

Dei fordelane som oppstår av tiltaket er i all hovudsak knytt til private interesser, som ønsket om å auke kapasiteten til hytta. Eksisterande hytte er liten, og det er ikkje vanskeleg å forstå ønsket om å utvide den. Etter kommunen si vurdering er ulempene for ålmenta i denne saka marginale, både når det gjeld interesser knytt til natur, friluftsliv, landskap og allmenne interesser.

Fylkesmannen har kome med slik uttale, sitat:

«Det bør ikkje oppførast nye hytter i området. Når det gjeld omsøkte tiltak er dette så beskjedent at vi ikkje kan sjå at dei truar dei omsyna som er viktige her. Dette er under føresetnad av at tiltaket held seg innanfor dei vilkår som går fram av søknaden med storleik og plassering, og også med vilkår om avgrensing mot vatnet, sikring av frisone mellom hytta/naustet og vatnet, at ein unngår unødige fysiske inngrep og hogst og at det ikkje blir høve til innlegging av vatn eller etablering av utslepp. Det vil heller ikkje kunne førast fram veg til hytta

Etter ei samla vurdering meiner utviklingssjefen at fordelane ved ein dispensasjon i denne saka er større enn ulempene.

Vilkåra som fylkesmannen skisserer er å teke inn i administrasjonen si tilråding til vedtak.

Konklusjon:

Etter ei samla vurdering meiner kommunen at omsynet bak bestemmelsane det vert dispensert frå ikkje vert vesentleg sett til side. Fordelane ved å gi dispensasjon er større enn ulempene.

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde
- Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 Molde
- Anders Moen Vaaland, Worregadå 4, 4280 Skudeneshavn
- Eva Bente Rønning, Reitane 30, 6160 Volda
- Jarle Ervik, Hjartåbygda 176, 6106 Volda

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Arkitekt Anders Moen Vaaland
Worregadå 4
4280 Skudeneshavn

Dato: 03.03.2018

Volda kommune
Byggesak
Stormyra 2
6100 Volda

SØKNAD OM DISPENSASJON

Det søkes herved om dispensasjon for tiltak på gnr.35 bnr.14 i Aldalen.
Området er bebygd med sprett hyttebebyggelse i eldre og nyere tid og i forskjellige størrelser.
Tilbygget det søkes om her, er på ca 20,0m2 og naustet på ca 10,5m2.
Tiltaket ligger i nærområdet til Aldalsvatnet og innenfor 100m belte.
Ullandsfeltet er registrert med naturtypeområde «kalkskog» i kommuneplanen.

Tiltakshaver, Hildegunn Nilsdotter Vålnes har en hytte som ligger langs Aldalsvatnet. Hytta er en gammel «tømmer-koie» som ble hentet og fraktet dit og satt opp igjen av hennes far, Nils Vålnes. Dette ble gjort i begynnelsen av 1950-årene.

I forbindelse med tilbygget, søkes det også om å sette opp et lite naust som vist på situasjonskartet. I dag blir båten (Pioner 8 fot) trukket på land ligger ved siden av hytta. Hildegunn ønsker å kunne trekke båten inn i et naust, hvor også årer og fiskeutstyr kan lagres trygt.

Vi ser på hele tiltaket som en god forbedring i området.
For turgåere langs Aldalsvatnet vil tiltaket oppleves som både mer tiltalende og ryddig.
Uteområdet rundt hytta vil for Hildegunn oppleves mer etter hennes egne ønsker som praktisk, brukervennlig og ordentlig.
Det vil også være mulig til å ta imot overnattingsbesøk etter at tiltaket står ferdig.

Det skal ikke innlegges vann eller strøm

Med Vennlig hilsen



Anders Moen Vaaland
Arkitekt/ansvarlig søker

Gjenpart av nabovarsel

plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 § 21-3

Tiltak på eiendommen:			
Gnr. 35	Bnr. 14	Festenr.	Seksjonsnr.
Eiendommens adresse ALDALEN			
Postnr. 6100	Poststed VOLDA		
Kommune VOLDA			
Eier/fester HILDEGUNN NILSDOTTER VÅLVES			

Det varsles herved om				
Søknad om tiltak som krever tillatelse etter plan- og bygningsloven § 20-1				
☒ Nybygg	☐ Anlegg	☐ Endring av fasade	☐ Riving	☐ Annet
☐ Skilt	☐ Eiendomsdeling eller bortfeste	☐ Innhegning mot veg	☐ Bruksendring	
Søknad om tiltak etter plan- og bygningsloven § 20-2				
☐ Driftsbygning i landbruket med samlet bruksareal (BRA) mindre enn 1000 kvm SAK10 § 3-2		☐ Midlertidig bygning, konstruksjon eller anlegg		
Mindre tiltak til bebygd eiendom				
☒ Tilbygg < 50 m ²	☐ Antennesystem	☐ Skilt/reklame	☐ Annet pbl § 20-2 bokstav d	
☒ Frittliggende bygning (ikke boligformål) < 70 m ²	☐ Bruksendring (fra tilleggsdel til hoveddel og motsatt)			
Dispensasjon etter plan- og bygningsloven kapittel 19				
☒ Dispensasjon DET SØKES OM TILTAK INNENFOR 100M-BELTET TIL ALDALS VATNET				

Beskriv nærmere hva nabovarslet gjelder
SØKNAD OM DISPENSASJON. TILBYGG TIL EKSISTERENDE HYTTE. FRAMTIDIG DELING AV HYTTETØMT MED NY HYTTE PÅ ØVRE NY TOMTE-DEL. DET SØKES OGSÅ OM OPPFØRING AV ET LITE NALST.

Spørsmål og merknader vedrørende nabovarsel			
Eventuelle merknader må være kommet til ansvarlig søker/tiltakhaver innen 2 uker etter at dette varsel er sendt.			
Ansvarlig søker/tiltakhaver		Kontaktperson	
Navn HILDEGUNN NILSDOTTER VÅLVES		Navn HILDEGUNN	
Besøksadresse WØRREGADÅ 4		E-post hnilsdotter@gmail.com	
Postadresse WØRREGADÅ 4		Telefon	Mobil 90786766/91707623
Postnr. 4280 Poststed SKUDENESHAVN			
Søknaden kan ses på hjemmeside: WWW.			
Merknader sendes:	Navn HILDEGUNN N. VÅLVES	Postadresse WØRREGADÅ 4	
	Postnr. 4280 Poststed SKUDENESHAVN	E-post hnilsdotter@gmail.com	

Vedlegg			
Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra – til	Ikke relevant
Kopi av søknad om tillatelse til tiltak			☒
Dispensasjonssøknad (begrunnelse/vedtak) (pbl kap. 19)	B		☒
Situasjonsplan, avkjøringsplan	D	01 - 01	☐
Tegninger (snitt og fasade)	E	01 - 06	☐
Andre vedlegg	Q		☒

Underskrift		
Sted Skudeneshaun	Dato 16.02.2018	Underskrift ansvarlig søker eller tiltakhaver Hildegunn Nilsson Vålves
		Gjentas med blokkbokstaver HILDEGUNN NILSDOTTER VÅLVES

Vedt. C-2b

Kopi: "postmottak@volda.kommune.no" <postmottak@volda.kommune.no>, Tonje Bakkebø
<tonjekb@live.com>

Emne: Merknad til nabovarsel

**Viser til nabovarsel motteke fredag 16.02.18, frå ansvarleg tiltakshavar Hildegunn
Nilsdotter Vålnes.**

Har ingen merknad til hyttebygg.

Tenker vidare i forhold til løyve om framtidig naust at det er viktig at det vert teke særskilt omsyn til gangsona rundt vatnet. Det må vere slik at ein kan gå rundt vatnet utan å måtte trakke ned i fjøresanden. Slik naustet er teikna inn no, i forhold til hytta, må ein anten gå nede i sandkanten eller midt gjennom "hyttetunet". Ein må kunne gå på land rundt Aldalsvatnet.

Mvh

Eva Bente Rønning

Gard nr 37/1

Sendt fra [Outlook](#)

Fra: Anders Moen Vaaland <andersmoenvaaland@gmail.com>
Sendt: fredag 2. mars 2018 11.09
Til: tonjekb@live.com
Kopi: 'Hildegunn'; postmottak@volda.kommune.no
Emne: Svar på merknad - SV: Merknad til nabovarsel
Vedlegg: 020318 Detaljert kart etter merknader.pdf

TIL
Eva Bente Rønning

På vegne av Hildegunn Nilsdotter Vålnes, er jeg blitt bedt om å svare på merknaden, da jeg er ansvarlig søker og arkitekt på tiltaket.

Vi beklager om opptegnet kart har vært noe vanskelig å forstå og har med det gjort kartet mer tydelig, ved å markere gangsonen (bredde 5,0m) som ligger mellom hytte-eiendommen og Aldalsvatnet.

Gangsonen er skravert og gitt en grønn farge.

Strandlinjen til Aldalsvatnet er markert med en blå farge.

Som kartet viser, vil ikke det framtidige naustet berøre gangsonen. Den vil ligge mot grensen av gangsonen på Hildegunn sin eiendom.

Til orientering ligger den eksisterende hytta 2,0m fra grensen mot gangsonen.

Hildegunn ønsker på ingen måte å stenge gangsonen, men har i senere tid kuttet greiner som henger ned fra trær for at gangsonen skal være mer framkommelig.

Turgåere som har passert er også et hyggelig innslag. Det blir gjerne en prat og gode smil.

Vi oppfatter det slik at merknaden må være sendt på grunn av vedlagt kart ikke har gitt den helt tydelige løsningen på tiltaket.

Kopi av svar på merknad er også oversendt til Volda kommune

Med vennlig hilsen
Anders Moen Vaaland
Arkitekt/ansvarlig søker
M: +47 917 07 623

Fra: Hildegunn Nilsdotter Abrahamsen [mailto:hnilsdotter@gmail.com]
Sendt: onsdag 28. februar 2018 23.08
Til: Anders <andersmoenvaaland@gmail.com>
Emne: Fwd: Merknad til nabovarsel


Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

Fra: Tonje Bakkebø <tonjekb@live.com>
Dato: 28. februar 2018 kl. 16:46:04 CET
Til: "hnilsdotter@gmail.com" <hnilsdotter@gmail.com>

NABO: JARLE ERVIK
GUR.35 BNR. 2

Vedl. D-1



 EKSISTERENDE
 NYTT

SITUASJONS KART	DATA: 16.01.18
	REV: 16.02.18
HILDEGUNN NILSDOTTER VÅLNES	REV: 04.04.18
GUR.35 BNR.14 - ALDALEN	REV:
VOLDA KOMMUNE	MÅL 1:200
ARKITEKT ANDERS MOEN VAALAND	



VOLDA KOMMUNE
Stormyra 2
6100 VOLDA

Volda kommune

Tilbygg til hytte og oppføring av naust på gnr35 bnr14 ved Aldalsvatnet Dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Bakgrunn

Det er søkt om dispensasjon frå kommunedelplanen for tilbygg (20 m²) til eksisterande hytte og oppføring av naust (10 m²). Eksisterande hytte var ført opp på 1950-talet, og det skal ikkje leggjast inn straum eller vatn i hytta. Tilbygget skal oppførast bak hytta, altså ikkje mot vatnet, og naustet er tenkt oppført med ein avstand på 5 meter frå strandlinja. Hytta ligg om lag 7 meter frå strandlinja.

Eigedomen ligg innanfor LNF-område, sone A i kommunedelplan for Hjartåbygda/Aldalen. Omsøkte tiltak ligg innanfor 100-metersbeltet langs Aldalsvatnet.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Natur- og miljøvern

Eigedomen ligg innanfor Ullalandsfeltet, som er registrert med naturtypen kalkskog av svært viktig verdi. Ifølgje naturbase er lokaliteten velutvikla og artsrik, og tilhøyrer ein sterkt truga naturtype. Ein reknar med at potensialet for funn av fleire raudlista soppartar i lokaliteten er til stades. Det er fleire hytter langs vatnet.

Det bør ikkje oppførast nye hytter i området. Når det gjeld omsøkte tiltak er dette så beskjedent at vi ikkje kan sjå at dei truar dei omsyna som er viktige her. Dette er under føresetnad av at tiltaket held seg innanfor dei vilkår som går fram av søknaden med storleik og plassering, og også med vilkår om avgrensing mot vatnet, sikring av frisone mellom hytta/naustet og vatnet, at ein unngår unødige fysiske inngrep og hogst og at det ikkje blir høve til innlegging av vatn eller etablering av utslepp. Det vil heller ikkje kunne førast fram veg til hytta.

Konklusjon

Dersom kommunen innfrir søknaden, må det vere under føresetnad av at det setjast slike vilkår som går fram i teksten ovanfor.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi

Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde



VOLDA KOMMUNE

Utvikling

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POST» «POSTSTED»

»

Arkivsak nr.
2018/283

Løpenr.
4775/2018

Arkivkode
35/ 14

Avd/Sakshandsamar
UTV/ BERSKE



Dato
07.04.2018

SAK PÅ HØYRING. SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEDELPLAN, GBR. 35/14, VOLDA KOMMUNE

Arkitekt Anders Moen Vaaland har på vegne av gnr. 35, bnr. 14 søkt om dispensasjon frå kommunedelplan for tilbygg til eksisterande hytte (20 m²) og oppføring av naust (10 m²).

Lokalisering

Gnr. 35, bnr. 14 ligg ved Aldalsvatnet i Aldalen.



Planstatus

Gnr. 35, bnr. 14 er ikkje regulert. Eigedommen ligg innanfor LNF-område, sone A i kommunedelplan for Hjartåbygda/Aldalen (planID 1996003). Omsøkte tiltak ligg innanfor 100-meters beltet langs Aldalsvatnet.


Skildring av tiltaket

Det står ei lita hytte (tømmerkoie) på eigedommen, som vart sett opp på 1950-talet. Tiltakshavar ønskjer no å bygge på hytta med 20 m², samt å føre opp eit lite naust på 10 m². Det skal ikkje leggjast inn straum eller vatn i hytta.

Postadresse:

postmottak@volda.kommune.no
Telefon:
47669370

www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727



Utsnitt frå situasjonskart

Hytta ligg om lag 7 meter frå strandlinja. Naustet er tenkt oppført 5 meter frå strandlinja.

Tiltakshavar har sendt ut nabovarsel. Innan fristen kom det inn ein merknad. Gnr. 37, bnr. 1 har ingen merknad til hyttebygget. Når det gjeld oppføring av naust, meiner gnr. 37, bnr. 1 at det er viktig at det vert teke særskilt omsyn til gangsona rundt vatnet. Det må vere slik at ein kan gå rundt vatnet utan å måtte trakke ned i fjøresanden. Gnr. 37, bnr. 1 gir klart uttrykk for at ein må kunne gå på land rundt Aldalsvatnet.

Kommunen si førebelse vurdering

Forvaltningsutvalet gav i møte 16.2.2016, sak 17/16, dispensasjon frå kommunedelplan for Hjartåbygda/Aldalen for frådeling av festa hyttetomt 35/2/2. Dispensasjonen vart gitt på følgjande vilkår, sitat frå sak 17/16:

- a) *I samband med frådelinga skal tomta avgrensast mot vatnet slik at det vert sikra ei frisione mellom hyttetomta og vatnet som sikrar at ikkje strandsona vert stengt for fri ferdsel.*
- b) *Forvaltningsstyret minner elles om at tomta vil bli liggande innanfor ein registrert naturtype av svært viktig verdi; kalkskog Ullalandsfeltet. Ein bør unngå unødige fysiske inngrep og hogst for å sjå til at naturverdiane blir best tatt vare på.*
- c) *Avtale om vegrett til tomta og rett til parkering ved hovudvegen må vere tinglyst.*
- d) *Det vil ikkje vere høve til innlegging av vatn eller etablering av utslepp frå hytte på eigedomen, då tilhøva ikkje ligg til rette for det. Det vil heller ikkje vere høve til etablering av køyreveg fram til eigedomen.*

I samband med søknad om dispensasjon for frådeling, kom Fylkesmannen og landbrukskontoret med fråsegn til saka. Fylkesmannen viste til at hytta berre ligg 7 m frå vatnet og at strandsona i stor grad er privatisert, og at ein ikkje burde la tomtegrensa gå heilt ned til vatnet. Fylkesmannen minna elles om at tomta vil bli liggjande innanfor kalkskog, ein naturtype av svært viktig verdi. Fylkesmannen gav også uttrykk for at ein generelt bør unngå fysiske inngrep, så som hogst og treslagsskifte.

Landbrukskontoret konkluderte med at deling av gnr. 35, bnr. 2 ikkje ville svekkje landbrukseigedommen vesentleg eller vere til hinder for landbruksdrift, og tilrødde dispensasjon.

Det var ikkje lagt fram planar om tilbygg og oppføring av naust i samband med frådelinga. Tomta vart frådelt i 2016. Tomta er ikkje trekt heilt ned til vatnet. Det er om lag 5 meter mellom tomtegrensa og strandlinja.

Kommunen har gjennomført plansjekk og risikosjekk (www.gislink.no). Tomta ligg innanfor Ullalandsfeltet, som er registrert naturtype kalkskog. I følgje www.naturbase.no er dette området av svært viktig verdi. Kalkskogen er velutvikla og artsrik, og tilhøyrer ein sterkt truga naturtype.

Ein liten del av tomta ligg innanfor utløpsområde for snøskred.

Omsøkte tiltak er i strid med plan- og bygningslova § 1-8 «Forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag», og § 11-6 «Rettsvirkninger av kommuneplanen sin arealdel, jf. LNF-område.

Jamfør plan- og bygningslova § 19-2, kan det bli gitt dispensasjon dersom ikkje omsynet bak bestemmelsen det vert dispensert i frå vert vesentleg sett til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Desse momenta vil bli nærare vurdert etter at saka har vore på høyring.

Høyring

Søknad om dispensasjon frå kommunedelplan for Hjartåbygda/Aldalen, vert med dette sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune og landbrukskontoret Ørsta Volda til uttale.

Frist for å kome med uttale er sett til **7.5.2018.**

Med helsing

Berit Sandvik Skeide

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

- Søknad om dispensasjon, datert 3.3.2018.
- Situasjonsskart, sist datert 4.4.2018.
- Sak til Forvaltningsutvalet, sak 17/16.

Kopi til:

- Arkitekt Anders Moen Vaaland, Worregadå 4, 4280 Skudeneshavn.
- Eva Bente Rønning, Reitane 30, 6106 Volda.
- Jarle Ervik, Hjartåbygdvegen 176, 6106 Volda.

Fra: Anders Moen Vaaland[andersmoenvaaland@gmail.com]
Sendt: 09.04.2018 15:32:02
Til: Postmottak Volda
Kopi: 'Hildegunn'
Tittel: Arkivsak nr: 2018/283 - Tiltak på gnr.35 bnr.14, Aldalen Volda kommune

Berit Sandvik Skeide
Avdeling byggesaker
Volda kommune

Sak på høring, vedrørende søknad om dispensasjon for tiltak på gnr.35 bnr.14 i Aldalen er mottatt og gjennomlest. Vi registrerer at saken er lagt ut på høring og sendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal for uttalelse.

Tiltakshaver håper ikke at en tilbakemelding fra Fylkesmannen vil ta for lang tid, da det er ønske om å starte opp med arbeidene så snart som mulig.

Det nevnes i sammendraget at det kom inn en merknad til nabovarslingen på tiltaket.

Det nevnes ikke i sammendraget at merknaden er besvart.

Her kommer det fram at nabo som har kommentert utbyggingen ikke har studert plasseringen av naustet på kartet nøye nok.

Merknaden til nabo stemmer derfor ikke overens med oversendt kart og vist tiltak. Framtidig naust bryter ikke grensen mot den offentlige gangsone (bredde på 5,0m) som går langs Aldalsvatnet.

Det må også nevnes at det ikke var planer om et tilbygg til eksisterende hytte da det ble søkt om fradeling av hyttetomt.

Ideen kom etter at fradeling var godkjent.

Tiltakshaver fikk etter at fradelingen ble godkjent, et større ønske om å kunne benytte hytta i framtiden, enn det er gjort til i dag.

Tiltakshavers ønske om et nytt soverom tilknyttet hytta, i stedet for å benytte den smale køy-senga på kjøkken, ses på som en kvalitets-forbedring ved bruk av hytta.

Det henvises til plan- og bygningsloven § 19-2 hvor det blant annet står at fordelene ved søknad om dispensasjon, må være større enn ulempen etter en samlet vurdering.

Med vennlig hilsen

Anders Moen Vaaland
Arkitekt/ansvarlig søker
M: +47 917 07 623

PS 58/18 Orienteringssaker

Orienteringssaker

OS 15/18 Vannscooter – hvilke muligheter har kommunene til å regulere/diskriminere

Til kommunen ved

- ordfører
- rådmann
- ansvarlig for natur og friluftsliv

Oslo, 28. mai 2018

Vannscooter – hvilke muligheter har kommunene til å regulere/diskriminere

Vannscootere ble likestilt med fritidsbåter i mai 2017, og vil derfor i utgangspunktet kunne brukes på lik linje med disse hvis ikke annet er bestemt av kommune eller stat. Norsk Friluftsliv sendte 2. juni 2017 et brev til alle kommunene der vi skisserte hvilke muligheter kommunene har til å regulere bruken av vannscooter. Innholdet i dette brevet står i hovedsak ved lag, men det er skapt en del usikkerhet rundt dette, blant annet fra Kystverket og Vannscooterforbundet.

Med bakgrunn i denne usikkerheten, ba Norsk Friluftsliv om et møte med Samferdselsdepartementet for å avklare hvilke regler som gjelder. I møtet, som ble avholdt 11. mai 2018, var departementet tydelige på følgende:

- At opphevelsen av vannscooterforskriften i utgangspunktet likestiller vannscooter med andre fritidsbåter, men at det samtidig var regjeringen og Stortingets intensjon å gi kommunene full myndighet til å regulere vannscootertrafikken i sitt sjøområde, ut ifra lokale forhold og behov.
- At dagens regelverk gir kommunene muligheter til å regulere bruken av vannscooter eksklusivt, både når det gjelder fart og forbud, men at dette må begrunnes saklig, som et hvert annet offentlig vedtak.

På møtet med departementet ble det diskutert saklige argumenter som kan brukes som begrunnelse for å behandle vannscooter særskilt. Ved endring/innføring av en lokal ordensforskrift må kommunen foreta en avveining av hvilke hensyn og interesser som skal ivaretas, gjennom eventuelle begrensninger i den tillatte bruken av farvann og havner.

Kommunen har myndighet til å vurdere verdien av blant annet følgende interesser høyere enn for eksempel bruk av vannskuter, hvis kommunen finner det formålstjenlig etter en konkret vurdering:

- Hensyn til sikkerhet og støy
- Hensyn til friluftsliv og rekreasjon
- Hensynet til dyre- og fuglelivet

Hva bør og kan kommunene gjøre:

I behandlingen av stortingsmeldingen om friluftsliv er regjeringen og Stortinget tydelige på at bruk av vannscooter kan medføre ulemper for blant annet naturmangfold og friluftsliv. I meldingen påpekes det også at vannscooterkjøring utgjør en sikkerhetsrisiko for de som padler, seiler, ror eller bader.

Det påhviler derfor kommunene et stort ansvar for å ivareta hensynet til sikkerhet, friluftsliv og rekreasjon og dyre- og fuglelivet. Kommunene kan og bør derfor regulere bruken av vannscooter ut fra lokale forhold og behov. Dette kan gjøres etter følgende bestemmelser:

1. Kommunen har hjemmel i **motorferdselloven** til å fastsette lokale forskrifter om bruk av vannscootere i vassdrag og innsjøer der det ikke allerede er forbudt. Kommunen kan forby vannscooter på hele eller deler av arealet og/eller sette fartsbegrensninger på hele eller deler av arealet.
2. Kommunen har i **den sentrale fartsforskriften** hjemmel til å gi lokale forskrifter med fartsgrenser. Fartsgrensen i den lokale forskriften vil gjelde alle typer fritidsfartøyer og kan ikke gjelde spesifikt for vannscooter.

Den sentrale fartsforskriften har også generelle krav om aktsomhet, sikkerhet og hensyn til badende. Fartsforskriften er hjemlet etter havne- og farvannsloven.

3. Kommunen har med hjemmel i **havne- og farvannsloven** mulighet til å begrense bruk av fartøy på sjøen, av hensyn til friluftsliv, miljø, fremkommelighet, trygg ferdsel og forsvarlig bruk.

Dette kan gjøres med en **ordensforskrift** som blant annet kan regulere bruk av vannscooter på hele eller deler av kommunes sjøområde, for å ivareta hensyn til trygg ferdsel, forsvarlig forvaltning av farvannet, miljø eller friluftsliv. Reguleringene kan gjelde både fart og forbud. Det er utarbeidet en forskriftsmal som kommunen må bruke.

I enkelte verneområder er bruk av vannscooter forbudt gjennom verneforskriftene. Disse reguleringene blir videreført.

Veileder:

Samferdselsdepartementet har utarbeidet en veileder for kommunene som vil utarbeide egne forskrifter. Denne finnes her:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/ff990b59c1384984bf6130517d6299a8/veiledning-til-kommunene-6.-juni-2017.pdf>

Kystverket har også sendt ut en «veileder» til Samferdselsdepartementets veileder. Den finnes her: <http://www.kystverket.no/Regelverk/Havne--og-farvannsloven/kommuners-adgang-til-a-regulere-bruk-av-vannscooter-gjennom-lokale-forskrifter-i-medhold-av-havne--og-farvannsloven/>

Hvis veilederene fra Samferdselsdepartementet og Kystverket oppleves forskjellige, er det Samferdselsdepartementets veileder som gjelder.

Kartlegging og verdsetting av kommunens friluftslivsområder:

For at kommunene skal kunne ivareta friluftslivsinteressene er det viktig at kommunene foretar kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder, også i kommunens sjøområder, jf Miljødirektoratets veileder M98-2013.

Ny havne- og farvannslov på høring:

Vi gjør oppmerksom på at Samferdselsdepartementet har sendt ut forslag til ny havne- og farvannslov på høring: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-av-nou-2018-4-sjoveien-videre--forslag-til-ny-havne--og-farvannslov/id2593300/>

Med vennlig hilsen
Norsk Friluftsliv



Hans Erik Lerkelund
Fagsjef naturforvaltning



Siri Meland
Fagsjef samfunnskontakt

Kopi:

- Samferdselsdepartementet
- Klima- og miljødepartementet
- Kystverket
- Fylkesmenn
- Fylkeskommuner
- Miljødirektoratet
- Forum for natur og friluftsliv



160